Journalpost	Innsendar	Dato	Samandrag av merknadar/motsegner	Tema	Siling 1	Siling 2	Siling 3	Konklusjon/løysing
400	STIFTELSEN MUSEUM VEST	28.01.2024	Viser til at dei er kulturminnemynde for marine kulturminner og at dei derfor skal høyrast i saker som angår sjøareal. Minner om at kulturminnelova §9 og gjeld marine minner og at §14 inneber at skip- og skipslast eldre enn 100 år er statleg eigedom.	Føresegn	Merknad til føresegner	Merknad til føresegner		Merknaden tas til orientering. Er ikkje omtlat spesifikt, men det er gjort nokre endringar i føresegnene mellom anne med tanke på undersøkingsplikt.
404	Statens vegvesen	20.02.2024	Føresegn 2.2.1 Rekkjefølgjekrav punkt 2: Påpeiker at trafikksikker tilkomst bør vera tilknytta oppstartsvarsel og ikkje ferdigattest, for å unngå konflikt mellom anleggstrafikk og andre trafikanter. Rår til at føresegna blir endra, evt. at retningslinja angir at dette skal vurderast i kvar enkel sak.	Føresegn	Merknad til føresegner	Merknad til føresegner		Føresegnene til rekkjefølgekrav er endra og gjort meir generelle.
404	Statens vegvesen	20.02.2024	Føresegn 2.4.7 Parkering: Anbefaler høgare minstekrav for sykkelparkering for bustad. I tillegg anbefaler dei at ein i rettninslinja tar med at behov for plass for lastesykkel skal vurderast i dei enkelte sakene.	Føresegn	Merknad til føresegner	Merknad til føresegner		Krav til sykkelparkering er økt. Lastesykkel er ikkje lagt inn.
404	Statens vegvesen	20.02.2024	Snarvegar (omtala i fleire føresegner): Føreslår å leggje inn krav til registrering av tråkk som er i bruk ved planlegging.	Føresegn	Merknad til føresegner	Merknad til føresegner		Der er lagt inn i føresegna at barne- og ungdomstråkk skal leggast til grunn i planleggjinga der det er aktuelt og at det skal takast omsyn til snarvegar og turstier med meir.
404	Statens vegvesen	20.02.2024	Viser til at planprogram for samfunnsdelen nyleg har vore på høyring og rår til at ein ser på om det er noko i KPS-arbeidet som bør takast med i denne rulleringa av arealdelen.	Vurderingstema/pl angrunnlag				KPS-arbeidet er ferdigstilt, og er gjennomgått for å få med aktuelle tema inn i revidert KPA
416	DIREKTORATET FOR SAMFUNNSSIKKERHET OG BEREDSKAP (DSB)	08.03.2024	Har sendt ei generell/automatisk tilbakemelding. Viser til at samfunnsikkerheit er delegert til Statsforvaltaren. DSB har sjølv ansvar for følgjande område: • Verksemder som handterer farlege stoff medrekna storulukkeverksemder • Transport av farleg gods • Branntryggleik medrekna tunellar og underjordiske anlegg • Tilfluktsrom (sivilforsvarsdistrikta)	Anna	Tas til orientering.			Tas til orientering.
438	Fiskeridirektoratet	09.04.2024	Plankart er ikkje konsistent med føresegnene når det gjeld AKV16 (akvakulturområde vest for **Store Brennøy**, utviding av AKV15). Utvidinga kjem i konflikt med fiskeriinteresser av nasjonal/vesentleg regional betyding. **Motsegn** om AKV16 ikkje tas ut av planen.	Areal - AK	Sjå eigen oversikt			Sjå motsegnsoversikten
461	NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)	19.04.2024	Føresegna til faresone stein- og snøskred (H310_1-1127) er noko streng i høve det som er naudsynt, då den gir krav til fagkyndig kartlegging, men det er fleire tilfeller der det er godt nok å gå gjennom ein prosedyre som ikkje krev fagkunnskap. Dei påpeiker at det i føresegna heller kan settes krav om at tryggleiken for tiltak innanfor omsynssona blir vurdert i samsvar med prosedyren, evt. ta prosedyren inn som ei føresegn. Døme på prosedyre er på s. 3 i fråsegna.	Føresegn	Merknad til føresegner	Merknad til føresegner		Føresegna er endra. Viser no til at karlegging skal skje i samsvar med NVE sin rettleiar
461	NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)	19.04.2024	Anbefaler å bruke beste kunnskapen om skredfare. Altså at aksemdområda blir erstatta med utarbeida faresoner (soner utarbeida av fagkunnig til dømes i samband med detaljreguleringsplanar) der desse er laga.	Areal - omsynssoner				Dette er ikkje gjort. Omtale av det er tatt inn i planomtalen.
461	NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)	19.04.2024	Føresegna til faresone flaumfare (H320) er noko streng i høve det som er naudsynt, då den gir krav til fagkyndig kartlegging, men det er ikkje alltid naudsynt med fagkynndig vurdering. Føresegna kan vise til NVE rettleiar 3/2022 "Sikkerhet mot flom", særskilt prosedyre 1 (tabell 4-1) og 2 (kapittel 6.3).	Føresegn	Merknad til føresegner	Merknad til føresegner		Føresegna er endra. Viser no til at karlegging skal skje i samsvar med NVE sin rettleiar
461	NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)	19.04.2024	Føresegna for vurdering av kvikkleire i under marin grense er noko streng i høve det som er naudsynt, då den gir krav til geoteknisk vurdering av fagkyndig, men dette er ikkje alltid naudsynt. Føresegna bør heller sette krav om at fare for områdeskred av kvikkleire a avklarast i samsvar med NVE rettleiar 1/2019 "Sikkerhet mot kvikkleireskred."	Føresegn	Merknad til føresegner	Merknad til føresegner		Føresegna er endra. Viser no til at karlegging skal skje i samsvar med NVE sin rettleiar
461	NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)	19.04.2024	Når til ei generell føresegn med krav om grunnundersøkingar og geoteknisk detaljprosjektering for å vurdere skredfare og stabilitet når det skal gjennomførast tiltak i sjøen.	Føresegn	Merknad til føresegner	Merknad til føresegner		Har lagt til føresegn angåande påvising av sikkerheit mot kvikkleireskred under marin grense for tiltak på land og i sjø
461	NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)	19.04.2024	Naturfare skal avklarast på siste plannivå. For å være i samsvar med dette må områder som opnar for utbygging i aktsemdområde/ omsynssoner for naturfare ha krav til reguleringsplan. I Bømlo gjeld dette område for ras- og skredfare (H310), for flaumfare (H320) og areal under marin grense. Det er i for liten grad sett plankrav på bakgrunn av at uavklart naturfare. Det må knytast eit generelt plankrav til omsynssonene H310 og H320 og areal under marin grense når desse overlappar nye/framtidige byggeområde og LNF område med spreidd utbygging. Det er **motsegn** til planen grunna uavklart naturfare. For at grunnlaget for motsegna skal falle vekk, må det knytast krav om reguleringsplan for dei uavklarte områda. Eventuelt kan reell fare avklarast. For å unngå unødvendig mange planprosessar er det ei akseptabel løysing å gi unnatak frå det generelle plankravet på konkrete vilkår når skadepotensialet er lite, eller faren på ein enkel og eintydig måte kan avskrivast. Til dømes kan det gjevast unntak frå plankrav i H310 og H320 for tiltak i tryggleiksklassane S1 og F1, jf. TEK17 §§ 7-2 og 7-3, samt eit utval av bokstavane a-n i pbl § 20-1. Under marin grense kan det til dømes gjevast unntak for plankravet dersom fare for områdeskred kan avskrivast etter steg 1-3 i tabell 3.1 (NVE rettleiar 1/2019) eller for tiltakskategori K0, K1, eller K2 i tabell 3.2 (NVE rettleiar 1/2019).	Føresegn	Sjå eigen oversikt			Sjå motsegnsoversikten

Journalpost	Innsendar	Dato	Samandrag av merknadar/motsegner	Tema	Siling 1	Siling 2	Siling 3	Konklusjon/løysing
461	NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)	19.04.2024	Overvatn Alle plannivå bør legge til grunn: - ei heilskapleg kartlegging av nedbørsfelta - kunnskap om kapasiteten i resipienten - at eksisterande flaumvegar og flaumdempande naturområde i størst mogleg grad blir ivaretekne - at naturbaserte overvassløysingar blir prioriterte framfor lukka løysingar NVE kan ikkje sjå at desse råda er følgd i nemneverdig grad. Dette saman med at det i liten grad er sett plankrav fører til at det blir vanskeleg å få til ei god overvasshandtering. Oppmodar om å jobbe vidare med å innhente kunnskap, og i større grad sette krav til reguleringsplan.	Vurderingstema/pl angrunnlag			Me må ta ein gjennomgang på plankrav med tanke på faresoner. Me kan i den samanheng og sjå på dette.	Det er gjort endringar i føresegnene angåande plankrav og overvatn.
461	NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)	19.04.2024	Større høgspenningslinjer skal markerast i plankartet som omsynssone. Det er linjer i regionalnettet som ikkje er markert. To leidningar mellom Sætraneset og Ekornsætre og mellom Ekornsætre og Såtebakkane.	Areal - omsynssoner				Omsynssoner er lagt inn.
462	BØMLO NÆRINGSRÅD - Byggjenæringa	18.04.2024	Byggjefelt og naustområde I arbeidet med rullering av KPA-en, har det vore nokre silingskriteria, der det mellom anna er sagt nei til nye naustområde. I tillegg legg KPA ikkje opp til nye bustadfelt, utanom eitt lite areal på Leite. Meiner dette er uheldig, då erfaringstal viser at det vert bygd flest bustader i byggjefelt som byggjenæringa utviklar. Å berre legge til rette for bygging av mindre bustader i sentrumskjernar, vil ikkje vere berekraftig med omsyn til økonomi for fleire av målgruppene som treng mindre bustader. Dette kjem me attende til i høyringssvaret vårt til kapittel 3.1.1. Det er mykje godkjent byggjeland på Bømlo, men det burde vore gjennomført ei kritisk vurdering på om byggjefelta som ligg inne er dei rette, i høve tilgang på veg, vatn, straum. Det er dyrt å etablere tekniske anlegg, slik at realismen i byggjefelt som ikkje har dette i nærleiken, er låg. Av same grunn bør ikkje tomter som er planert, og der tekniske anlegg meir eller mindre ligg klart, fjernast frå planen, eller leggjast utanføre byggjegrense til sjø. Peiker på at nye byggjefelt er attraktive, særleg for bømlingar som vurderer å flytte heim. Bustadområde med tilgang til naust gjer Bømlo attraktivt òg for folk utan tilknyting til staden. Nye byggjefelt er og positive for omsetninga av eldre bustader i nærleiken. Dette er viktig med tanke på ambisjonar om at eldre kan selje einebustadane sine, til ein pris som gjer at dei kan ha råd til sentrumsnære leilegheiter. Samstundes gjer det til dømes unge barnefamiliar som ikkje har råd til (eller vil) byggje nytt, rimelegare einebustader enn kva eit nybygg kostar. Gjennom godt planlagt og strukturert tilrettelegging av nye byggjefelt i KPA-en rundt lokal og kommunesenter, kan ein legge til rette for at unge overtek einebustader frå eldre, og eldre flyttar inn i einingar der det betre kan leggjast til rette for hjelpemiddel, effektive heimetenester mv. dersom slike behov skulle melde seg etter kvart. Ber om at Bømlo kommune set seg til mål å legge til rette for fleire nye naustområde og byggjefelt i og rundt lokal- og kommunesenter, der infrastruktur er lett tilgjengeleg, då dei positive synergieffektane av dette for kommunen kan vere store.	Areal - generelt				Det er gjennomført planvask som har redusert ein del gamle arealføremål. Alle innkomne arealinnspel er vurdert i prosessen, gjennom siling og konsekvensutgreiing. Det er og gjort eigne sentrumsvurderingar der arealføremåla mest sentrumsnært i kommune- og lokalsentra er gjennomgått og det er gjort endringar.
462	BØMLO NÆRINGSRÅD - Byggjenæringa	18.04.2024	LNF spreidd og teljepraksis I tillegg til utbygging av byggjefelt, vert det kvart år bygd ein god del hus i eksisterande bustadområde og i LNF-spreidd over heile øya. Større delar av inntekta til byggjefirma på Bømlo, kjem frå nettopp byggjeprosjekt i LNF-spreidd. Det er viktig for næringa at det framover òg er lov å byggje i LNF-spreidd, og fleire av innspela me kjem med i høyringssvaret er for å legge til rette for at område merka LNF-spreidd vert realistiske område å byggje i - alt frå innspel om byggjegrenser til sjø, avstand til veg, arealutnytting og bustadtypar. Peiker på at arealplanen bør ha ei tydeleg definering av teljepraksis, som sikrar at det vert opna opp for å starte teljing på ny kvart 4. år i LNF-spreidd/eksisterande bustadområde, dersom KPAen ikkje vert rullert på ny innan fire år er gått.	Føresegn	Merknad til føresegner	Merknad til føresegner		Det er gjort endringar i føresegner og retningslinjer for teljing i LNF-spreidd.
462	BØMLO NÆRINGSRÅD - Byggjenæringa	18.04.2024	Ryddigare byggjegrense til sjø I planforslaget opplever næringa byggjegrensa til sjø som uryddig. Den sirklar stort sett rundt eksisterande bustader i felt, slik at det fort er 2 – 3 byggjegrenser kring eksisterande bygg. Dette gjer at målet med å få opp ei byggjegrense til sjø, som til dømes at det er rom å føre opp eit hus til på heimegarden i LNF-spreidd, ikkje vert mogleg å realisere i praksis. For naustområde, risikerer fleire med nausttomter der dei ikkje har ført opp naust, at dei må i gang med reguleringsplan for sitt naust dersom KPA vert godkjent slik den ligg i høyringsforslaget. Gjerne er området tett på utbygd, med berre ein eller to ubygde tomter att. Dette vil gje eit stort meirarbeid og ein ekstrakostnad som ikkje vil gje noko ekstra verdi for nokon i dei tilfella dette gjeld. Ber om at byggjegrense til sjø vert ei samanhengande linje, og ikkje vere avgrensa til eksisterande felt/bustadområde/LNF-spreidd. I eksisterande og nye naustområde bør byggjegrense til sjø leggjast til 3 m ut frå kystkonturen.	Byggjegrense	Merknad til byggjegrense	Merknad til byggjegrense		Byggjegrensa er gjennomgått, men metodikken er ikkje endra i særleg grad. Alle merknadar til konkrete areal er vurdert spesielt. Byggjegrense ut i sjø vart gitt som eit grunnlag for motsegn
462	BØMLO NÆRINGSRÅD - Byggjenæringa	18.04.2024	Overstyring av eldre reguleringsplanar KPA-en burde overstyrt eldre reguleringsplanar der felt er ferdig, eller tett på ferdig, utbygd. Særleg eldre planar med mindre enn 35 % BYA burde fått moglegheit til maksimal utnytting til 35 %-BYA per tomt. Det same gjeld gamle sentrumsplanar, der det er krav om 25 %-BYA per tomt. For eine- og tomannsbustader er utnytting maksimalt 35 %-BYA per tomt.	Føresegn	Merknad til føresegner, og gjeldande reguleringsplanar	Merknad til føresegner, og gjeldande reguleringsplanar		Det er gjort endringar i føresegnene om kva reguleringsplanar som overstyrer KPA og kva som blir overstyrt. Det er og endringar i føresegnene om utnyttingsgrad.

Journalpost	Innsendar	Dato	Samandrag av merknadar/motsegner	Tema	Siling 1	Siling 2	Siling 3	Konklusjon/løysing
462	BØMLO NÆRINGSRÅD - Byggjenæringa	18.04.2024	2.2.1 Rekkefølgjekrav (pbl. § 11-9, nr.4), punkt 1 Slik det står no, må alt av teknisk anlegg vere ferdigstilt før ein kan starte å byggje hus. Her vil det vere fornuftig å byte ut «igangsettingsløyve» med «ferdigattest».	Føresegn	Merknad til føresegner	Merknad til føresegner		Føresegnene til rekkjefølgekrav er endra og gjort meir generelle.
462	BØMLO NÆRINGSRÅD - Byggjenæringa	18.04.2024	2.3.1 Felles føresegner for byggjegrenser (pbl. § 11-9 nr.5, jf. pbl. § 1-8), punkt 1 I plan og bygningslova er det rom for å ha t.d. takutstikk over byggjegrensa eller utkraga balkong. I føresegnene til KPA-en til Bømlo kommune er det no avgrensa til å vere innafor bygningsgrensa. Føreslår at ein held seg til plan- og bygningslova der ikkje anna er regulert, og då følgjande omskriving av føresegna: 1. Nye bygningar og tilbygg skal byggjast innafor byggjegrense i tråd med plan- og bygningslova, viss ikkje anna er definert i reguleringsplanen. Denne byggjegrensa gjeld også for utstikkande bygningsdelar, og overbygg, om ikkje anna er definert i reguleringsplan.	Føresegn	Merknad til føresegner	Merknad til føresegner		Føresegna er justert, til å omtale at bygg skal være innanfor
462	BØMLO NÆRINGSRÅD - Byggjenæringa	18.04.2024	2.3.2 Byggjegrenser til sjø (pbl. § 11-9 nr.5, jf. pbl. § 1-8), punkt 1 Slik føresegna er skrive no, kan dette tolkast som ei avgrensing for framtidige reguleringsplanar. Foreslår difor følgjande omskriving, for å vere trygg på at dette ikkje vert eit hinder framover. 1. Byggjegrense mot sjø i plankartet til kommuneplanen sin arealdel eller gjeldande og framtidige reguleringsplanar, gjeld framfor byggeforbodet i 100-metersbeltet mot sjø, jf. pbl. § 1-8.	Føresegn	Merknad til føresegner	Merknad til føresegner		Dette blir ikkje spesifisert i føresegnene. Byggjegrenser i nye reguleringsplanar vil, uavhengig av KPA, gjelde framfor 100-metersbeltet. Nyare plan gjeld foran gammal med mindre anna er angitt, så framtidige reguleringsplanar vil gjelde foran KPA, sjølv om det ikkje er spesifisert i KPA. Ved utarbeiding av ny reguleringsplan som strider med eventuell byggjegrense i KPA, så må dette omtalast og grunngis spesifikt i reguleringsplanprosessen, men etter vedtak så gjeld reguleringsplanen og byggjegrenser sett i denne.
462	BØMLO NÆRINGSRÅD - Byggjenæringa	18.04.2024	2.3.2 Byggjegrenser til sjø (pbl. § 11-9 nr.5, jf. pbl. § 1-8), punkt 2 I høve punktet om utfylling i sjø og etablering av kai, inntil 3 meter utanfor byggjegrensa, dersom byggjegrensa i kommuneplankartet er lagt i kystkonturen og arealføremålet går lengre ut i sjø enn byggjegrensa. Slik dei les dette, betyr det at naust/ fritidsbustader i 25-metersbeltet maks kan vere 3 meter ut frå kystkonturen. Det er derimot ikkje alltid det er fornuftig å utvikle ei tomt slik. Her følgjer to dømer: 1) Det kan vere tilfelle der det er veldig bratt terreng, og då vil det vere meir hensiktsmessig å fylle ut lenger enn 3 meter, for å sleppe ei enorm skjering i bakkant av tomta. 2) Der det er langgrunt burde det vere mogeleg å fylle ut, slik at ein får minimum 1,5 meter djupne ved fjære sjø. For å unngå dispensasjonssøknader i saker der andre avstandar vert søkt om, for å hindre til dømes større naturinngrep, tilrår me at kommunen legg inn ein setning om at «Kommunen kan godkjenne andre byggegrenser der dette er fornuftig i høve terreng.».	Føresegn	Merknad til føresegner	Merknad til føresegner		Punktet er tatt ut etter motsegn frå Statsforvaltaren
462	BØMLO NÆRINGSRÅD - Byggjenæringa	18.04.2024	2.3.4 Byggjegrense mot veg, VA-anlegg høgspent (pbl. § 11-9 nr.5), punkt 2 Slik som føresegna står no er kravet uklårt, då det ikkje er presisert om kravet frå asfaltkant eller regulert kant. I reguleringsplanar er det normalt å regulere byggjegrenser 5 meter frå asfaltkant, uavhengig om det er fortau eller ikkje, og garasje 2 meter frå asfaltkant. Foreslår difor ei formulering om 7 meter frå senterlinja, og at «kommunal vegnorm» vert sletta. 2. Byggjegrensa langs kommunevegar er 7 meter frå senterlinja om ikkje anna er fastsett i reguleringsplan, kommunal vegnorm eller om kommunestyret i enkeltvedtak fastset ei mindre byggjegrense.	Føresegn	Merknad til føresegner	Merknad til føresegner		Føresegna er endra til 15 meter frå midtlinje. Mindre byggjegrensa kan vurderast i konkrete område gjennom plan eller anna enkeltvedtak, eller dersom vegnorma til kommunen gir noko anna.
462	BØMLO NÆRINGSRÅD - Byggjenæringa	18.04.2024	2.4.1 Senterstruktur og lokalisering av handel og besøksintensive verksemder (pbl. § 11-9 nr. 5), punkt 3 Det er uklårt kva som ligg i begrepet «konsentrert småhusbygg», og det er ikkje noko i TEK17 som har denne benemninga. Det som er definert i TEK17 er småhus, og der er definisjonen «enebolig, to- til firemannsbolig, rekkehus, kjedehus og terrassehus til og med tre etasjer, jamfør NS 3457- 3:2013». Fortetting vil skje automatisk i sentrum, grunna høge tomteprisar. Ein må ha flest mogleg bustader på ei tomt, for at byggjeprosjekta skal bli lønnsame for utbyggjar og attraktive for kjøpar. I sentrumsområde er det òg gjerne slik at det ikkje berre er snakk om å utnytte ledige tomter, men at ein kjøper opp eldre bygg for å rive og byggje nytt. Kjøper ein eit eldre hus i sentrum for å rive og byggje nytt, vil det gjerne vere for lite areal til å byggje 6-mannsbustad og sikre tilstrekkeleg med parkering, men ein 4-mannsbustad vil kunne gå. Oppfattar at målet med føresegna er høgre utnyttingsgrad av tomter og fortetting i sentrum. Det vil då vere klokt å opne opp for til dømes 4-mannsbustader. Føreslår difor at ein nyttar terminologien i plan- og bygningslova, og endrar føresegna til følgjande: 3. Innanfor sentrumskjernen for kommunesenteret på Svortland skal det ikkje byggjast eine- eller tomannsbustader, såframt anna ikkje er godkjent i eigen reguleringsplan. Alternativt kan det vere ein idé å gjere ein sjekk med omkringliggjande kommunar (til dømes Stord, Sveio, Haugesund), og sjå korleis dei har løyst tilsvarande i sine føresegner.	Føresegn	Merknad til føresegner	Merknad til føresegner		Føresegnene til sentrumsområda er endra. Dei er er no meir generelle og omtaler høg utnytting, heller enn å sei spesifikt noko om bustadtyper.
462	BØMLO NÆRINGSRÅD - Byggjenæringa	18.04.2024	2.4.1 Senterstruktur og lokalisering av handel og besøksintensive verksemder (pbl. § 11-9 nr. 5), punkt 4 Me ber om at begrepet «konsentrert småhusbygg» vert definert annleis, gjerne same definisjon som i TEK17. Aller helst bør punktet fjernast. Årsaka til det, er at kommunen og andre interessentar ofte snakkar om at det bør byggjast fleire og rimelegare bustader i kommunen vår. Då bør det vere lov å byggje til dømes ein firmannsbustad på Gåsland, Totland, Våge mv. Rimelegare bustader er berre mogleg å få til gjennom fleire einingar på same tomt, samt at tomta er rimeleg. Då må ein litt ut i periferien, og ikkje inn i sentrum.	Føresegn	Merknad til føresegner	Merknad til føresegner		Føresegna er tatt ut

Journalpost	Innsendar	Dato	Samandrag av merknadar/motsegner	Tema	Siling 1	Siling 2	Siling 3	Konklusjon/løysing
462	BØMLO NÆRINGSRÅD - Byggjenæringa	18.04.2024	2.4.1 Senterstruktur og lokalisering av handel og besøksintensive verksemder (pbl. § 11-9 nr. 5), punkt 6 Det vil vere attraktivt med bustadfelt som ligg til sjø eller vassdrag, og ikkje minst vil det vere attraktivt med bustadfelt med allmenn tilgang til strandsona. Samstundes er det slik at det i nokre tilfelle vil vere store kostnader i å sikre allmenn tilgang til areal som ligg til sjø i form av strandpromenade, offentleg tilgjengeleg kai og/eller parkar/friområde, og fellesanlegg. Høge kostnader med å legge til rette for offentlege anlegg til sjø, vil gjerne vere samanfallande med større inngripen/nedbygging av naturen. For å ikkje legge hindringar for attraktive bustadfelt til sjø eller vassdrag, foreslås følgjande omskriving av føresegna. 6. Ved regulering i kommunesenteret eller lokalsentra som ligg til sjø eller vassdrag bør det sikrast allmenn tilgang til strandsona i form av strandpromenade, offentleg tilgjengeleg kai og/eller parkar/friområde, og fellesanlegg, forutsett at det ikkje gjer for store inngripen i natur og/eller er økonomisk forsvarleg å gjennomføre. Det bør dessutan presiserast at der terrengforhold tilseier det, kan strandpromenade flyttast vekk frå sjø og vassdrag og leggjast til meir høveleg plassering som gjev minst mogleg avtrykk på naturen.	Føresegn	Merknad til føresegner	Merknad til føresegner		Føresegna er noko justert
462	BØMLO NÆRINGSRÅD - Byggjenæringa	18.04.2024	2.4.3 Kvalitet, utforming og landskap (pbl. § 11-9 nr. 5, 6, 7, 8), punkt 14 Kommuneplanen stoppar i dag stort sett 3 meter frå kystkonturen, og då kan ein ikkje lage til eit småbåtanlegg som går 15+ meter ut i sjøen. Slike anlegg bør utviklast organisk der folk ønskjer å bu, ref. pkt. 2.4.1, heller enn nokre stader kommunen peikar ut i planen. Me ber difor om at kommunen tek inn i føresegnene eit punkt om at kommunen kan godkjenne fellesareal i sjø, for områder som vert utvikla undervegs i ein planperiode, og der det er naturleg å leggje opp til slike anlegg, men som går utanfor gjeldande kommuneplan.	Føresegn	Merknad til føresegner	Merknad til føresegner		Det er ikkje mogleg å åpne for dette generelt. Eventuelle avvik kan vurderast gjennom reguleringsplan.
462	BØMLO NÆRINGSRÅD - Byggjenæringa	18.04.2024	2.4.4 Uteopphaldsareal i bustadområde (pbl. § 11-9 nr.5) Slik tabellen er no, ekskluderer dette moglegheita for å byggje til dømes to 4-mannsbustader. Foreslår difor å stryke ordet «over» i rad to i tabellen slik at teksten for raden er "Område for konsentrert busetnad (rekkehus/4mannsbustad), samt sentrumsområde og lokalsenter".	Føresegn	Merknad til føresegner	Merknad til føresegner		Det er gjort endringar i tabellen som løyser problemet med at den ikkje hadde krav til 4-mannsbustadar.
462	BØMLO NÆRINGSRÅD - Byggjenæringa	18.04.2024	2.4.4 Uteopphaldsareal i bustadområde (pbl. § 11-9 nr.5), punkt 2 Dersom ein regulerer areal tilknytta eit eksisterande, eldre byggjefelt, kor det ikkje er lagt opp til areal for leik og rekreasjon, kan ein tolke føresegna som at ein må lage til areal for leik og rekreasjon for det samla området. I desse tilfella risikerer ein at ein ikkje får lønnsemd i utvidingar, då ein må lage til store område. Me foreslår difor følgjande omskriving: I område utan eigna og sikra areal for leik og rekreasjon, skal det i nye reguleringsplanar, avsetjast og sikrast nødvendig areal til dette føremålet, dimensjonert til talet på nye bustader som skal førast opp.	Føresegn	Merknad til føresegner	Merknad til føresegner		Nokre justeringar er gjort, men ingen praktisk endring av dette.
462	BØMLO NÆRINGSRÅD - Byggjenæringa	18.04.2024	2.4.7 Parkering (pbl. §11-9, nr. 5) Grunna utilfredsstillande løysingar frå mobilitet til/frå jobb og kvardagslogistikk elles, fører det til at mange må køyre til/frå jobb. KPA-en bør difor ikkje leggje maks grense på parkeringsplassar til kontor. Skal ein ha maks grense bør den endrast til 2 på parkering, mtp. kontorfellesskap til dømes.	Føresegn	Merknad til føresegner	Merknad til føresegner		Parkeringskrava er endra, og er ikkje spesifisert for arbeidsplassar i KPA. Skal fastsettast i reguleringsplan
462	BØMLO NÆRINGSRÅD - Byggjenæringa	18.04.2024	2.6.2 Bruk av dyrka mark - matjord (pbl. § 11-9, nr. 6 og 8), punkt 2 Det er ikkje alltid det er hensiktsmessig/mogeleg å flytte all matjord før ein set i gang anna arbeid. Foreslår difor å endre føresegna som følgjer: 2. All matjord skal takast vare på, og flyttast til anna eigna stad for gjenbruk.	Føresegn	Merknad til føresegner	Merknad til føresegner		Denne føresegna er tatt ut. Når og korleis matjord blir handtert skal dokumenterast gjennom matjordplan.
462	BØMLO NÆRINGSRÅD - Byggjenæringa	18.04.2024	3.1.1 Bustadområde (pbl. § 11-10 nr. 1 og 2), punkt 2 Det vil vere i kommunen si interesse at det vert utvikla bustadprosjekt som blant anna førstegangsetablerarar har råd til. Tomteprisar i sentrum er ofte høge, og unge som ønskjer å flytte heim og kjøpe rimeleg bustad, vil gjerne bu i mindre einingar kort veg frå sentrum, heller enn å kjøpe dyrare leilegheiter i sentrum. Det bør òg vere mogleg å byggje 4- og 6-mannsbustader (ikkje berre 2-mannsbustader), og det bør vere rom for å byggje fleirdelte bustader utanfor kommune- og lokalsenter. Me foreslår difor å ta vekk heile pkt. 2.	Føresegn	Merknad til føresegner	Merknad til føresegner		Det er gjort endringar i føresegnene om plankrav, og punktet er tatt ut
462	BØMLO NÆRINGSRÅD - Byggjenæringa	18.04.2024	3.1.2 Fritidsbustader (pbl. § 11-10 nr. 1 og 2), punkt 2 og 7 For pkt. to bør det presiserast at areal for uthus mv. er i tillegg til arealet for fritidsbustaden på eigedomen. 2. Det kan tillatast maksimalt 1 fritidseining per tomt. Samla bruksareal for kvar fritidseining skal ikkje overstige 110 m2 BRA. Det kan i tillegg byggjast eitt frittståande uthus på inntil 20m2 BRA per tomt. Foreslår difor følgjande omskriving av pkt. sju: 7. Det kan i tillegg byggjast ei frittståande grillhytte/bod/uthus på inntil 15m2 BRA per tomt. Denne bør liggje i bakkant av fritidsbustaden, eller anna eigna plassering i høve tomt og naboar. Ei bod kan plasserast under balkong såframt storleiken ikkje overstig kravet om 15m2 BRA. Maksimal mønehøgd er 4 meter og gesims 3 meter over planert terreng.	Føresegn	Merknad til føresegner	Merknad til føresegner		110 m2 samla bruksareal var meint som totalen, dette er gjort tydlegare. Endringa dei ønska er ikkje gjort.

Journalpost	Innsendar	Dato	Samandrag av merknadar/motsegner	Tema	Siling 1	Siling 2	Siling 3	Konklusjon/løysing
462	BØMLO NÆRINGSRÅD - Byggjenæringa	18.04.2024	3.1.5 Næringsbygningar (pbl. § 11-10 nr. 1 og 2), punkt 3 For store flateplanerte områder som til dømes Serklau, Hovlandshagen, og Rubbestadneset er naturleg at må utnyttast til større sjøretta næringar. Men føresegna må ikkje avgrensast til at næringsareal nær sjø skal vera sjørelatert eller tilknytt sjørelatert næringsverksemd. Reiseliv til dømes er ei viktig næring for Bømlo, og det kan forventast at næringa vil auke i omfang i åra framover. Sunnhordland er sertifisert som ein berekraftig reiselivsregion, og Bømlo er sentral i Geopark Sunnhordland som nyleg fekk UNESCO-status. Bømlo består av fleire «avleggs» tettstadar tett på sjø, som til dømes Urangsvåg, Foldrøyhamn, Mælandsvåg, Alvsvåg, Lykling og Melingsvåg. Fleire av desse har ein grunnleggjande infrastruktur som veg, kaier osb. som mogleggjer enkel ombruk. Gjenbruk er kanskje først mogleg dersom ein får utvide arealet noko, jf. dagens krav til parkering, universell utforming, varelevering med meir. Gjenbruk kan gje områdeløft og næring kan gi tilskot til fellesskapet og opne opp areal som i dag er lite i bruk eller opplevast privat. I tillegg vil utvikling og transformasjon av desse historiske stadane vere både framtidsretta og berekraftig. Næring på desse nemnde områda, i nærleik til sjø, kan vere reiseliv og destinasjonsutvikling, småindustri som kan blomstre i etablerte vågar, kontorklynger med meir. Me foreslår difor følgjande formulering av punktet: 3. Næringsareal nærare sjø enn 50 meter skal vera sjørelatert, eller tilknytt sjørelatert næringsverksemd, destinasjonsutvikling, reiseliv, kontorfellesskap, småindustri eller andre næringstilbod som aukar attraktiviteten til Bømlo som stad å bu. Det er òg viktig at KPA-en tek høgd for å legge til rette for mindre utviding av arealet desse stadane, slik at gode initiativ lettast mogleg kan gå i gang med å legge til rette for dagens krav til parkering, universell utforming, varelevering med meir.	Føresegn	Merknad til føresegner	Merknad til føresegner		Punktet er endra til ei retningslinje.
462	BØMLO NÆRINGSRÅD - Byggjenæringa	18.04.2024	3.1.9 Naustområde (pbl. § 11-10 nr. 1 og 2), punkt 6 Høgdeavgrensing på naust bør ikkje låsast til 5 m. Her bør det vera rom for høgre naust, så framt ein held seg innafor maks bruksareal på 40 m2 BRA. Klarar ein å fordele 40 m2 BRA på to plan, vil til dømes naturinngripen bli mindre. I tillegg bør det tydeleggjerast kva som meinast med 5 m. Foreslår difor at ein endrar til følgjande: «Maksimal mønehøgd for naust er i utgangspunktet 5 meter målt frå ferdig golv til topp sperrespiss. Det vert opna opp for høgre mønehøgd, såframt ein held seg innanfor total BRA på 40 m2 fordelt på to etasjar, derav maksimalt 25 m2 i 1. etasje.». Dette vil gje rom for å byggje høgre naust, og samstundes gje mindre naturinngripen. Det vil i tillegg gje ein større variasjon som vil vera meir tiltalande utsjånadsmessig.	Føresegn	Merknad til føresegner	Merknad til føresegner		Føresegna er ikkje endra
462	BØMLO NÆRINGSRÅD - Byggjenæringa	18.04.2024	3.1.9 Naustområde (pbl. § 11-10 nr. 1 og 2), retningslinje b) Her er det fint om det blir tydeleggjort når andre utformingar av naust kan vurderast. Slik setninga står no, er det uvisst om andre utformingar berre kan vurderast når det er reguleringsplan til stades, eller om krav om reguleringsplan berre gjeld om naustet er felles naust. Slik dei forstår setninga, og som dei meiner er mest hensiktsmessig formulering i høve erfaringar byggjenæringa har gjort seg, er som følgjer: Nye enkeltnaust bør oppførast som frittståande einingar. Andre utformingar av naust kan vurderast gjennom - reguleringsplan dersom naustet er fellesnaust - eller det ligg føre gode arkitektoniske og landskapsmessige løysingar.	Føresegn	Merknad til føresegner	Merknad til føresegner		Retningslinja er tatt ut
462	BØMLO NÆRINGSRÅD - Byggjenæringa	18.04.2024	3.4.2.1 Felles føresegner (pbl. jf. § 11-11 nr. 1 og 2), retningslinje a) Bygging i LNF-spreidd/eksisterande bustadområde er ein viktig del av inntektsgrunnlaget til byggjenæringa på Bømlo, og det er mange som flyttar heim fordi dei kan byggje i til dømes LNFspreidd på heimegarden, nabolaget der dei vaks opp mv. Sist rullering og godkjenning av KPA var i 2013, slik at mange har blitt stoppa frå å byggje i LNFspreidd/eksisterande bustadområde i dei seinare år. Foreslår difor at det blir lagt inn ei formulering, om at dersom KPA-en ikkje er ferdig rullert kvart 4. år, så opnar ein opp for å starte teljing i område definert som LNF-spreidd eksisterande bustadområde på ny.	Føresegn	Merknad til føresegner	Merknad til føresegner		Det er gjort endringar i føresegner og retningslinjer for teljing i LNF-spreidd.
462	BØMLO NÆRINGSRÅD - Byggjenæringa	18.04.2024	3.4.2.2 LNF-spreidd bustad, fritid og næring (pbl. jf. § 11-11 nr. 1 og 2), punkt 1 Eit krav om maksimalt 25 % utnytting fører berre med seg at tomtane vert unødig store ved frådeling. Derfor bør utnyttingsgraden i LNF-spreidd bustad vera 35%. 1. Utnyttingsgrad for bustadtomt skal ikkje overstiga 35 %-BYA. Uavhengig av utnyttingsgrad skal storleik på bustadar ikkje overstige 350 m2 BRA.	Føresegn	Merknad til føresegner	Merknad til føresegner		Føresegna er ikkje endra

Journalpost	Innsendar	Dato	Samandrag av merknadar/motsegner	Tema	Siling 1	Siling 2	Siling 3	Konklusjon/løysing
463	BØMLO NÆRINGSRÅD - Havbruk og akvakulturområde	19.04.2024	<u>Auka fleksibilitet og skaleringsmoglegheiter innanfor akvakulturområde</u> Havbruksnæringa står ovanfor mange utfordringar, og det vert gjort mykje særleg innan fiskevelferd og berekraft. Slik næringa ser det, vil ein ikkje komme i mål med framtidsretta løysingar raskt nok, om akvakulturområda vert for avgrensa og kompakte slik som i dag. Skal ein lukkast med å ta nye løysingar raskt og effektivt i bruk, må ein ha auka fleksibilitet innanfor akvakulturområda framover. Spesielt oppdrettsanlegg i raude trafikklysområde (deriblant Bømlo) arbeider kontinuerleg med teknologiutvikling og løysingar som vil bidra til å løyse problema for å komme ut av det raude, og treng fleksibilitet for å teste ut og ta i bruk ny teknologi. Blir ein omkategorisert frå raudt trafikklysområde kan det og bli opna for å auke produksjonen. Dette bør takast omsyn til i KPA-en. Lukkast ein mede å lage ein arealplan med naudsynt fleksibilitet for oppdrettsnæringa, og skaleringsmoglegheiter for akvakulturområde, og nye retningslinjer opnar opp for auka produksjon, vil det legge til rette for at næringa enklare kan utvikle og utvide si verksemd. Dette vil gje positive ringverknader, både i høve arbeidsplassar og inntekt. Ber om at det i føresegnene til KPA-en, i kapittel 3.5.3 Akvakultur, vert lagt inn eit punkt som opnar for fleksibilitet i akvakulturområdet for prosjekt som har til formål å auke berekraft og fiskevelferd i havbruket, og effektive skaleringsmoglegheiter i akvakulturområda der ein får løyve til å auke produksjon.	Føresegn	Merknad til føresegner	Merknad til føresegner		Det er ikkje mogleg å åpne for endring av føremålsgrense, fleksibilitetten må være innad i arealet som er avsett.
463	BØMLO NÆRINGSRÅD - Havbruk og akvakulturområde	19.04.2024	<u>Behalde eldre område som er regulert som akvakulturområde – sjølv om dei ikkje er i bruk</u> Det er vanskeleg å vite kva som skjer i framtida, både innan teknologiutvikling eller oppdrett av andre artar og moglegheiter for å kombinere ulike artar for å skape positive synergieffektar (polykultur/integrert havbruk). Nye produksjonsmåtar og artar vil kunne krevje anna type sjøareal enn dagens merdteknologi og områder som vert utnytta, samstundes kan det hende at eldre området som er regulert som akvakulturområde kan gjerast nytte av. Oppdrettsselskapa på Bømlo er ikkje til stades over heile landet, og kan difor ikkje flytte aktiviteten på tvers av produksjonsområda. Det betyr at ein treng meir areal til produksjon og til brakkleggingsområde i same område, noko som krev meir areal i sjø. Ber om at ein ikkje fjernar område som er regulert som akvakulturområde i den førre KPAen. Areala kan til dømes brukast til uttesting av ny teknologi i mindre skala, andre artar eller integrert havbruk, eller for konsolidering med andre område, for å oppnå større areal.	Areal - AK		Det er ikkje fjerna areal frå i høyringsforlaget, med unntak i at der det har vært innspel er det gjort justeringar på avgrensingane.	Må sjåast opp mot andre merknadar og motsegner på areal.	Det er tatt ut nokre områder i samband med planvask og konkrete merknadar og motsegner. Resterande område er vidareført.
463	BØMLO NÆRINGSRÅD - Havbruk og akvakulturområde	19.04.2024	<u>Revidering av regional kystsoneplan og samordna revidering av KPA med omkringliggjande kommunar</u> Viser til rapport som havbruksutvalet la fram til fiskeri- og havministeren 28. september 2023 med forslag til eit heilskapleg forvaltningssystem for akvakultur, og at Fiskeri- og havbruksministeren har varsla ein ny havbruksmelding til Stortinget, sannsynlegvis i løpet av våren 2025. Det er viktig at Bømlo kommune er offensive og framtidsretta, og legg til rette for dei moglegheitene me må forvente kjem i forlenginga av dette. Det er difor viktig at: - Bømlo kommune arbeider for at regional kystsoneplan vert revidert basert på ny kunnskap, og sikrar at arbeidet inkluderer kompetanse og erfaring frå lokal havbruksnæring. - Bømlo kommune tek initiativ til å starte opp arbeid med samordna revidering av kommuneplanen sin arealdel, saman med kommunar i tilstøytane sjøområde.	Generelt	Merknad til framtidige prosessar, ikkje denne arealdelen.			Merknad til framtidige prosessar, ikkje denne arealdelen.
463	BØMLO NÆRINGSRÅD - Havbruk og akvakulturområde	19.04.2024	Stiller seg bak havbruksnæringa sine konkrete arealinnspel på sjø- og land.	Areal - generelt	Tas til orientering.			Tas til orientering.
465	BØMLO NÆRINGSRÅD - Senterstruktur	22.04.2024	Viser til tilflyttarstrategien og at denne mellom anna er tydeleg på at attraktive lokal- og kommunesenter er viktige for tilflytting, og det å halde på tilflyttarar. Strategien gjer difor og klåre tilrådingar om kva som skal til for å lukkast med å utvikle attraktive lokal- og kommunesenter i vår kommune, og peikar samstundes på at attraktive senter med god funksjonsblanding, vil gje gode rammevilkår for våre handel- og servicebedrifter. Høyringsvaret er basert på kunnskap og innspel frå tilflyttarstrategien, og innspel frå stadsutviklingsselskapet LÉVA Urban Design, for å sikre tilflyttarar og kompetanse til våre medlemsbedrifter, og samstundes legge tilhøva best mogleg til rette for bedrifter innan handel og service etablert i senter i vår kommune.	Generelt - Innleiiande	Tas til orientering.			Tas til orientering.

Journalpost	Innsendar	Dato	Samandrag av merknadar/motsegner	Tema	Siling 1	Siling 2	Siling 3	Konklusjon/løysing
465	BØMLO NÆRINGSRÅD - Senterstruktur	22.04.2024	Attraktive, levande senter gjennom utvikling og styrking av urbane kvalitetar Fleire av sentra er i dag bygd opp som bilbaserte logistikknutepunkt med handel- og sevice. Rår til å gå frå dette, til å vere attraktive sentrum å besøkje og opphalde seg i. Tilflyttarstrategien peikar på at om ein skal lukkast med å tiltrekkje fleire unge vaksne og kvinner, må kommunen arbeide systematisk med å utvikle og styrkje sine urbane kvalitetar. Urbane kvalitetar handlar mellom anna å skape fysisk attraktive omgjevnader for å tiltrekkje seg folkeliv. Lukkast ein med å utvikle urbane kvalitetar, vil ein då samstundes legge til rette for gode rammevilkår for næringslivet, og særleg handel- og servicenæringa, då urbane senter aukar sannsynet for at folk spontant stikk innom og handlar. Det er viktig at det kjem tydeleg fram i føresegnene i KPA-en, at funksjonar som bidrar til å utvikle urbane kvalitetar i eit senter, ikkje vert lagt i senteromland eller utanfor dette, men plassert i sentrumskjerna i lokal- og kommunesenter. Plassering geografisk nær, men utanfor sentrumskjerna, vil forringe moglegheita til å skape levande sentrum, noko me opplever i både kommunesenter og fleire lokalsenter i dag. Arbeid med å lage utandørs møteplassar, frå leikeplassar til parkanlegg, bør difor skje i sentrumskjerna i lokal- og kommunesenter, i tillegg til utvikling og etablering av handel- og service tilbod.	Føresegn	Merknad til føresegner	Merknad til føresegner		Det er gjort endringar i forhold til sentrum. Føresegnsområda er tatt ut, og det er tatt inn sentrumsføremål og meir kombinerte føremål i sentrumsområda.
465	BØMLO NÆRINGSRÅD - Senterstruktur	22.04.2024	Det bør òg snarleg startast arbeid med områdeplanar for lokal- og kommunesenter, som sikrar at valfrie, naudsynte og offentlege funksjonar har ei god funksjonsblanding i sentrumskjerna, sett opp mot utvikling av tenlege bustader i og rundt lokal- og kommunesenter. Næringslivet på Langevåg har allereie finansiert eit større arbeid med å utvikle eit kunnskapsgrunnlag og moglegheitsstudie for lokalsenteret deira, som kan brukast som innspel rett inn i ein områdeplan. Me tilrår difor at arbeid med områdeplan på Langevåg bør ha prioritet, saman med kommunesenteret der størstedelen av handel- og servicenæringa er etablert.	Anna	Merknad til framtidige prosessar, ikkje denne arealdelen.			Merknad til framtidige prosessar, ikkje denne arealdelen.
465	BØMLO NÆRINGSRÅD - Senterstruktur	22.04.2024	Kommunesenteret Ei sentrumsavgrensing for kommunesenteret som skildra i «Vedlegg. Senterstruktur i Bømlo kommune», er alt for omfattande til å kunne vidareutviklast til eit attraktiv og levande sentrum, og må dimensjonerast etter folketal. Kommunesenteret har eit svært stor sentrumsareal. Plassering av nær alle pedagogiske funksjonar på Leite, og etableringa av HSDsenteret, har vore med å spreie funksjonane i Svortland sentrum, og skapt ulike tyngdepunkt: 1. Eitt med miksa funksjonar (handel, kultur, helse, rekreasjon, trening) rundt Bømlo Storsenter, 2. eitt for transport og kommunale tenester (busstasjonen, helsestasjonen og området rundt), 3. eitt med pedagogiske funksjonar og idrett (Leite) og 4. eitt for handel og helse (HSD). Det er viktig at ein framover arbeider målretta for å utvikle eit attraktivt og levande kommunesenter, der ein kan oppleve urbane kvalitetar, fysisk attraktive miljø og folkeliv, utan å redusere kvaliteten på etablerte tyngdepunkt. Bømlo Næringsråd ber om at ein i KPA-en, inkludert «Vedlegg. Senterstruktur i Bømlo kommune», legg opp til ein fleirkjerna senterstruktur i kommunesenteret, kor ein sikrar gode gangforbindingar mellom tyngdepunkta som er etablert (1.,2.,3. og 4.), og utpeikar området rundt Bømlo Storsenter, og opp mot gamlebanken, Jernia og torget ved Gullsmio som hovudtyngdepunkt. Her finn ein størst miks av funksjonar, område med historisk verdi, samt symbolske og identitetsskapande funksjonar/bygg, som kyrkje og kulturhus, i tillegg til eit flott parkanlegg ned mot Storavatnet. Dette vil vere med å legge dei juridiske rammene som vil kunne generere ei utvikling som fører til ei meir kompakt og tettare urban setting i sentrum, som vil vere ein kvalitet for heile Bømlo kommune.	Senterstruktur	Merknad til senterstruktur	Merknad til senterstruktur	Merknad til senterstruktur	Det er gjort endringar i forhold til sentrum. Føresegnsområda er tatt ut, og det er tatt inn sentrumsføremål og meir kombinerte føremål i sentrumsområda.
469	BØMLO NÆRINGSRÅD - Lokal energiproduksjon	23.04.2024	Nett- og kraftsituasjonen til kommunen er blitt eit veksande problem. Alle andre stader i Noreg vil ein no få 5 MW kraft utan å måtte søkje, medan på Bømlo og i Sunnhordland vil ein i utgangspunktet ikkje få ja til nytt forbruk over 1 MW før løysing for betre nettkapasitet er på plass. Årsaka er at transformatorkapasiteten i distribusjonsnettet på Stord er sprengt, og løysingar for å auke kapasiteten her, enten er under utgreiing (løysing klar kanskje 2028) eller ligg langt fram i tid (løysing klar 2030-35). I tillegg er det lite tilgjengeleg kraft i ovanliggjande nett, og når auka nettkapasitet vonleg er på plass i Sunnhordland i 2028, har Sør-Noreg mest truleg gått inn i ein periode med kraftunderskot. Dette set oss i ein svært vanskeleg posisjon med tanke på næringsutvikling og det å vere attraktiv for nye etableringar.	Generelt - Innleiiande	Tas til orientering. Konkrete tilråingar i eigne linjer.			Tas til orientering.
469	BØMLO NÆRINGSRÅD - Lokal energiproduksjon	23.04.2024	Legge tilhøva til rette for tilstrekkeleg nettkapasitet for framføring av kraft I føresegnene sitt kapittel 2.4.8 Klima, energi, og tekniske anlegg, er ikkje framføring av kraft teke tilstrekkeleg omsyn til. Framføring av kablar i grunn er vesentleg dyrare enn framføring i luft. Dersom det er snakk om større avstandar, vil det drive opp kostnaden med anleggsbidrag vesentleg til den som skal ha krafta. Tilrår at punkt 7 vert endra til følgjande: «Kabel- og leidningsanlegg bør fortrinnsvis leggjast i grunnen og i størst mogleg grad samlokaliserast. For lengre strekk kan luftkabel vurderast der dette er mest effektivt i høve kost og overføringskapasitet.»	Føresegn	Merknad til føresegner	Merknad til føresegner		Føresegna er endra til ei retningslinje, i stor grad i tråd med ønska formulering

Journalpost	Innsendar	Dato	Samandrag av merknadar/motsegner	Tema	Siling 1	Siling 2	Siling 3	Konklusjon/løysing
469	BØMLO NÆRINGSRÅD - Lokal energiproduksjon	23.04.2024	<u>Inkludere moglege areal for lokal kraftproduksjon i KPA-en</u> Næringslivet på Bømlo vil trenge meir kraft i åra framover, og det betyr at me vil bli utfordra på å legge til rette for ny produksjon for å få krafta me treng. På Bømlo er problemet to-delt: 1. Det er ikkje nettkapasitet til mindre utvidingar eller etableringar i næringslivet (alt frå 1 MW og opp får nei) 2. Det er lite kraft i ovanliggjande nett, då det er eit varsla kraftunderskot i Sør-Noreg frå 2027 Det er viktig at alle som tek avgjersler kjenner godt til dei avgrensingane og dei moglegheitene som ligg i høve lokal kraftproduksjon. - Dei fleste som treng kraft treng mindre forbruk (1-5 MW). Dette utløyser ikkje større nettutbygging, og om dei gjer det, vert kostnaden for tilknyting svært høg. - Eit mindre sol- eller vindkraftanlegg i eit industriområde, vil kunne få ned prisen på kraft for bedrifter i området. Det vil derimot ikkje sikre meir kraft til næringslivet, då Statnett ikkje vil godkjenne ny tilknyting utan at det er nok kraft i ovanliggjande nett. - Ein produksjon som er spreidd og tilpassa kapasitet i eksisterande linjer kan ha eit positivt bidrag på kraftproduksjon til kommunen, og hjelpe til å holde nettleiga nede. - Eit større kraftproduserande anlegg, vil kunne utløyse nettutbygging frå Bømlo til regionalnettet. Prosjekt som gjer kraft inn på distribusjonsnettet får prioritet i sakshandsaminga hos NVE, og vil gje raskare nettutbygging til vår kommune. Bedrifter på Bømlo vil framleis måtte søke om kraft og stå i kø for få tilgang til kraft, men anleggsbidraget ei bedrift må betale for tilknyting vil bli vesentleg lågare, og nettleiga til innbyggjarane i kommunen vil bli lågare enn utan ein større kraftprodusent. Baksida er at slik energiproduksjon vil gje større naturinngripen og klimaavtrykk, areal og linjer vil bli godt synleg, noko som er tilfelle for all kjent kraftproduserande teknologi. Samstundes er det slik at det er bedrifter som treng kraft, men òg bedrifter innan til dømes berekraftig landbruk, reiseliv og fiskeri som vil oppleve negative ringverknader av arealbruk til kraftproduksjon på land eller sjø. Det er mange omsyn som skal takast, og det er svært viktig at ein har fokus på å ha minst mogleg naturinngripen og fotavtrykk, samstundes som ein peikar på kor ulik kraftproduksjon, alt frå bølgjekraft til sol, vind på land, havvind i utsette kyststrok, kjernekraft mv. skal kunne gå føre seg.	Generelt	Tas til orientering. Konkrete tilråingar i eige linje, som går på framtidige prosessar og ikkje denne rulleringa.			Tas til orientering.
469	BØMLO NÆRINGSRÅD - Lokal energiproduksjon	23.04.2024	<u>Inkludere moglege areal for lokal kraftproduksjon i KPA-en</u> Bømlo Næringsråd tilrår at Bømlo kommune rullerer KPA-en med fokus på energiproduksjon snarast råd er etter at planen som no er ute til høyring vert godkjend. Det bør vere eit mål å finne løysingar for kraftproduksjon på Bømlo, der ein oppnår gevinsten med at utbyggjar(ar) av kraftproduksjon tek større delar av kosten for etablering av naudsynt nettkapasitet til regionalnettet. Det bør òg vere eit mål å finne løysingar som har minst mogleg inngripen i natur. Når om å sjå nærare på moglegheita til å regulere areal for kraftproduksjon, alt frå sol, vind på land, havvind i utsette kyststrok, bølgjekraft, kjernekraft mv. Slik stoda er, bør kommunen i forkant, eller samstundes med dette arbeidet, oppdatere kunnskapsgrunnlaget ein har om sårbar natur, fuglar og dyreartar, samt konsekvensar med å byggje ned natur som påverkar desse. Særleg bør ein trygge kystlyngheia med klokkelyng/purpurlyng, som finnes her på Bømlo (ein av få plassar i heile verda), saman med fagerrogn og kystregnskog. Dette vil vere eit viktig verktøy i kommuneplanlegginga for å ivareta områder med stort biologisk mangfald, og hindre skadelege inngrep og aktivitet i desse områda, og samstundes gje Bømlo kommune eit godt verktøy i den framtidige arealplanlegginga. Bømlo Næringsråd meiner det er viktig at Bømlo kommune framover legg til rette for å henta ut gevinstane frå alle dei investeringane kommunen har gjort i dei ulike næringsområda, både for at eksisterande næringsliv skal kunne vekse og utvikle seg, og ikkje minst tiltrekke seg nye næringar til kommunen. Dette krev at kommunen har ein offensiv plan for større energiproduksjon i kommunen, for å få prioritet i nettutbygging, og for å redusere kostnader for næringsliv og innbyggjarar. Eit slikt arbeid vil òg gje eit viktig signal til næringslivet om at det vert jobba målretta og systematisk med å legge til rette for meir kraft og nettkapasitet til næringslivet i framtida, gjennom opne, demokratiske prosessar.	Anna	Merknad til framtidige prosessar, ikkje denne arealdelen.			Merknad til framtidige prosessar, ikkje denne arealdelen.
476	FORSVARSBYGG	23.04.2024	Ber om endra føresegn til Faresone for militær verksemd (H380_1) til følgjande ordlyd: "Det kan ikkje tillatast faste anlegg i sjø som akvakulturanlegg og liknande". **Motsegn** om føresegna ikkje blir endra.	Føresegn	Sjå eigen oversikt			Sjå motsegnsoversikten
503	BØMLO NÆRINGSRÅD - Reiseliv og destinasjonsutvikling	25.04.2024	Bømlo har eit stort potensiale til å bli ein enno meir synleg og attraktiv reiselivsdestinasjon enn i dag. Med Bømlo sin natur og historie, ligg mykje til rette for å vidareutvikle eksisterande og utvikle nye destinasjonar. Tilflyttarstrategien frå 2023 peikar i tillegg på at målretta arbeid med destinasjonsutvikling vil auke attraktiviteten til Bømlo kommune, òg som stad å bu. Arbeid med destinasjonsutvikling bør difor styrkjast på etablerte reiselivsdestinasjonar, og i lokal- og kommunesenter.	Generelt - Innleiiande	Tas til orientering.			Tas til orientering.

Journalpost	Innsendar	Dato	Samandrag av merknadar/motsegner	Tema	Siling 1	Siling 2	Siling 3	Konklusjon/løysing
503	BØMLO NÆRINGSRÅD - Reiseliv og destinasjonsutvikling	25.04.2024	<u>Næringsareal til sjø må òg vere tilrettelagt for reiseliv</u> Føresegna 3.1.5 punkt 3 må ikkje avgrensast til at næringsareal nær sjø skal vera sjørelatert eller tilknytt sjørelatert næringsverksemd. Til dømes er reiseliv ei viktig næring, som det kan forventast at vil auke i omfang i åra framover. Bømlo består av fleire «avleggs» tettstadar tett på sjøsom har grunnleggjande infrastruktur som veg, kaier osb. som mogleggjer enkel ombruk. Fellesnemnar er at dei er lite eigna for større industriverksemder som har sjøen som næringsveg, eller til næring knytt til reiseliv, kulturarbeidsplassar mv. Gjenbruk er kanskje først mogleg dersom ein får utvide arealet noko, jf. dagens krav til parkering, universell utforming, varelevering med meir. Aktuell næring kan vere reiseliv og destinasjonsutvikling, småindustri som kan blomstre i etablerte vågar, kontorklynger med meir. Gjenbruk kan gje områdeløft og næring kan gi tilskot til fellesskapet og opne opp areal som i dag er lite i bruk eller opplevast privat. I tillegg vil utvikling og transformasjon av desse historiske stadane vere både framtidsretta og berekraftig. Foreslår difor følgjande formulering av punktet: 3. Næringsareal nærare sjø enn 50 meter skal vera sjørelatert, eller tilknytt sjørelatert næringsverksemd, destinasjonsutvikling, reiseliv, kontorfellesskap, småindustri eller andre næringstilbod som aukar attraktiviteten til Bømlo som stad å bu. Det er elles viktig at KPA-en tek høgd for å legge til rette for mindre utviding av arealet desse stadane, slik at gode initiativ lettast mogleg kan gå i gang med å legge til rette for dagens krav til parkering, universell utforming, varelevering med meir.	Føresegn	Merknad til føresegner	Merknad til føresegner		Punktet er endra til ei retningslinje.
503	BØMLO NÆRINGSRÅD - Reiseliv og destinasjonsutvikling	25.04.2024	<u>Legge til rette for installasjonar i eller ved sjø, som stør opp under destinasjonsutvikling og reiseliv</u> Føresegnene til KPA-en, bør opne opp for at kommunen kan handsame søknader om mindre og/eller flyttbare installasjonar i/ved sjø knytt til reiseliv og destinasjonsutvikling lokalt, utan å måtte søke dispensasjon til fylket. Bømlo Næringsråd føreslår følgjande til følgjande overskrift og kulepunkt i føresegnene kapittel 3.1.5, på lik linje med Næring, kystfiske (KF): Næring, reiseliv 1. Føremålet gjeld næringsområde for reiseliv. Innafor føremålet er det tillate å setje opp mindre og/eller flyttbare installasjonar i/ved sjø ved reiselivsdestinasjonar, lokal- eller kommunesenter eller nærsenter til sjø. Dette kan til dømes vere enkle kaianlegg, badstu, husbåtar og andre flytande overnattingsløysingar eller mindre installasjonar i/ved sjøen, forutsett at dei er godt beskrive, og at det er teke høgd for god sikring, tilkomst ved brann mv. 2. Samla bygningsmasse på mindre og/eller flyttbare installasjonar i/ved sjø er maksimalt tillate 25 BRA, høgd over havet 3 m.	Føresegn	Merknad til føresegner	Merknad til føresegner		Det er gjort endringer i føresegner og retningslinjer, som mellom anna omtaler noko rundt hotell og bevertning.
503	BØMLO NÆRINGSRÅD - Reiseliv og destinasjonsutvikling	25.04.2024	<u>Legge til rette for innspel som stør opp under destinasjonsutvikling og reiseliv</u> Sunnhordland er sertifisert som berekraftig reisemål, og fleire innan reiseliv satsar på berekraftige opplevingar. Det er for tida både eksisterande og nye aktørar som satsar på alternative overnattingskonsept som gjer lite inngripen i naturen. Desse gjer Bømlo meir synlege som reisemål, og aukar attraktiviteten. Det blir og satsa på utvidingar på eksisterande destinasjonar, alt frå oppgraderingar av drivstoffanlegg til tilrettelegging av ladeinfrastrutkur for fritidsbåtar. Bømlo Næringsråd støttar difor opp om høyringssvara til Gullvegen Gardstun (Innspel 527), Brandasund Kultur & Fritid (innspel 458), og ber om at forslaget om tretopphyttene på Tunge som vart teken ut i grovsilinga vert teken inn i planen (tidlegare innspel gnr/bnr 8/8, revidert innspel 418).	Areal	Tas til orientering. Innspela dei støttar opp om er vurdert kvar for seg, sjå innspel 527, 458 og 418 i hovudoversikten.			Tas til orientering. Innspela dei støttar opp om er vurdert kvar for seg, sjå innspel 527, 458 og 418 i hovudoversikten.
503	BØMLO NÆRINGSRÅD - Reiseliv og destinasjonsutvikling	25.04.2024	<u>Destinasjonsutvikling som tema i KPS</u> Det er målretta arbeid med destinasjonsutvikling som legg til rette for reiselivsnæringa. Bømlo Næringsråd vil difor understreke, at det er viktig at destinasjonsutvikling vert løfta fram som eit tema i revidert KPS, med tilhøyrande tiltaksplanar. • Når ein no reviderer KPS-en, bør ein definere område kor ein satsar på destinasjonsutvikling i kommunen, som til dømes Espevær, Brandasund, Lykling, Mosterhamn, Kulleseidkanalen, Skogbu/Røyksundskanalen, Sokkamyrå/Langevåg, Urangsvåg, nærsenter, lokal- og kommunesenter. • Det er viktig at alle initiativ kring definerte reiselivsdestinasjonar vert sett i samanheng med heilskapleg utvikling av destinasjonen. På denne måten kan ein reindyrke unike opplevingar, som gjer Bømlo meir attraktiv både for turistar, tilflyttarar og andre besøkjande. • For definerte reiselivsdestinasjonar bør det føreligge ein plan som legg til rette for infrastruktur for reiselivsnæringa, slik som til dømes parkering, skilting, toalett og turistinformasjon. • Det må lagast gode sentrumsplanar for lokal- og kommunesenter. Viser elles til næringsrådet sitt innspel til senterstruktur i KPA-en ute til høyring.	Anna	Merknad til KPS med tiltaksplanar, ikkje denne arealdelen			Merknad til KPS med tiltaksplanar, ikkje denne arealdelen
526	Moster grendautval	26.04.2024	Moster Grendautval er ein paraplyorganisasjon som i prinsippet skal representere alle innbyggarane i krinsen, også lag/organisasjonar og næringsliv. Dei er eit høyringsorgan for plansaker som vedkjem krinsen. I eit forsøk på å fylle denne funksjonen, arrangerte Grendautvalet i samarbeid med Moster Amfi 17.11.20 , eit møte med eit representativt utval av næringsaktørar og representantar frå organisasjonar i krinsen. Grendautvalet har også lagt ut innspelet på FB og fått innspel.	Generelt - Innleiiande	Tas til orientering.			Tas til orientering.

Journalpost	Innsendar	Dato	Samandrag av merknadar/motsegner	Tema	Siling 1	Siling 2	Siling 3	Konklusjon/løysing
526	Moster grendautval	26.04.2024	Framtidsretta bustadbygging: Det er viktig at bygda har tilbod og tenester som gjer at ein kan leva gode liv på Moster, utan å måtte køyre til t.d. kommunesenteret for alle ting. Ikkje minst gjeld dette tilbod til born, ungdom og eldre som ikkje køyrer eigen bil. Folk på Moster bur spreidd rundt om i dei ymse grendene, og difor er det ein utfordring å få til eit levande sentrum på Teigland med levedyktige butikkar og tilbod. For å skapa meir aktivitet i sentrum, må mostringane samle seg meir. I området rundt butikkane på Teigland burde ein hatt møteplassar både for vaksne og ungdom, og leikeplass for born. Framtidig bustadbygging bør skje som fortetting av dei eksisterande bygdene som Grindheim, Totland, Skimmeland, Grønås osb. Stikkord her er aksen sentrum og ned mot den kommunale kaien. Dette for å styrkje eksisterande sentrum på Teigland, og for å knyte sentrum saman med Moster Amfi, sjøen, kyrkja og kulturskattane me har på Moster. Sjøområdet i Mosterhamn bør utviklast til eit attraktivt andlet mot sjøen. Skal ein lukkast med dette må kommunen i sterkare grad enn det som er gjort tidlegare, styra kor ein ynskjer bustadbygging, og ta eit koordineringsansvar i forhold til eksisterande LNF område. På Grinheim/Totland ligg det i eksisterande plan område med status Golfbane. Det føreligg i dag ingen planar for slik bane, og vi ber om at dette blir endra til bustadbygging/LNF område. Det er utarbeida ein masteroppgåve med mål om å sette fokus på korleis ein kan få ei heilskapeleg utvikling av Mosterhamn med vekt på å skape attraktivitet for både bebuarar og besøkande. Oppgåva peiker på at ein må fortette og legge tilrett for bustadbygging sentrumsnært.	Areal			Innspelet frå Moster grendautval på dette i førre runde blei ikkje vurdert. Moster grendautval har sendt inn på nytt no, og det blir tatt med vidare. Er i samsvar med motsegn om planvask.	Området er endra til LNF
526	Moster grendautval	26.04.2024	Skule/barnehage/idrettsanlegg og aktivitetsomområde. Espeland har utvikla seg til å bli eit aktivitetssenter i bygda, med skule, barnehage og fleire fritidsaktivitetar. Det er viktig å sikre ledige friareal i og omkring barnehage, skule og idrettsanlegg, samt sikre allmenn tilgang til sjø. Det bør og sikrast areal for framtidig utviklingsmoglegheiter for idrettslaget. Ber om at det i arealdelen i kommuneplanen blir teke høgde for å sikre slike areal. Lang avstand frå dei fleste innbyggjarane i krinsen gjer at det er mange som nyttar bil til og frå. Dermed er det eit mål å få tilrettelagt for mindre bruk av bil for å nå dette aktivitetsområdet. Moster grendautval jobbar med å få til ei universelt utforma lysløype med forankring i dette området. Grendautvalet meiner at ei slik løype vil vera eit supplement til dei eksisterande aktivitetane, og i tillegg vil ei slik løype vera eit trafikksikringtiltak.	Areal				Areala rundt skulen med meir på Espeland er redusert i planvasken, men der er framleis inne areal for vidareutvikling av skule/barnehage, samtidig som meir av arealet er sikra som naturområde.
526	Moster grendautval	26.04.2024	Grunneigarane rundt Totlandstjørna gav frå seg rettigheter til Moster vassverk for drikkevannstjelda tidleg på 70-talet. I den forbindelse blei det oppretta eit geografisk nedslagsfelt for vern av drikkevatnet. Totlandstjørna har ikkje blitt brukt som drikkevatn dei siste 25 åra. Det er heller ingen sansynlegheit for at tjørna blir bruk til dette formålet igjen. Ber om at restriksjonane blir fjerna/ endra til dagens formål, slik at områda kan nyttas utan båndlegging.	Areal - omsynssoner	Ikkje aktuelt å ta ut omsynssona for nedslagsfelt denne runden. Avgrensing av nedslagsfeltet er bestemt av topologien i området og er ikkje vilkårleg sett. Dersom denne skal tas ut må det være fordi at vatnet ikkje skal brukast til enten drikkevatn, eller reserve drikkevatn.			Totlandstjørna er framleis ein naudvasskilde. Nedslagsfeltet er oppdatert etter at BVA har utarbeida meir detaljerte/oppdaterte nedslagsfelt, men ikkje fjerna.
526	Moster grendautval	26.04.2024	Vetahaugen: Vetahaugen er ein fantastisk utsiktsplass og attraksjon i seg sjølv. Der står også krossen til minne om 900 årsjubileet for Kristenretten. Det skulle berre mangle at ikkje Vetahaugen skal vera tilgjengeleg for alle. Moster Grendautval meiner det er viktig at det blir lagt til rette for at adkomst til haugen får ein universell utforming.	Areal - føresegn	Stien til Vetahaugen er utbetra. Treng ikkje vurderast.			Stien til Vetahaugen er utbetra. Treng ikkje vurderast.
526	Moster grendautval	26.04.2024	Forlenging av strandpromenade. Moster Grendautval meiner ein bør forlenge promenaden vidare frå Jektevika, Breivika, Revsneset, Straumholen, Midtholmen og til Kaninholmen (der fyret ligg.) Breivika er offentleg badeplass og er i Friluftsrådet Vest si portefølje. Moster Grendautval meiner det vil vera ein styrke for heile strandpromenadeideen om ein får til ein forlenging av promenaden heilt ut til fyret. I eit folkehelseperspektiv vil dette utløyse heilt andre kvalitetar enn resten av promenaden. Gruveparken, turområde, Breivika, Turløypene rundt Austnes og Prestneset heng saman. Denne forlenginga bør ha same standard som resten av promenaden (universell utforming).	Areal				Er ikkje tatt inn i kommuneplanen.
526	Moster grendautval	26.04.2024	Plangrense på nordsida av Teiglandshagen og Alderspensjonat. Moster Grendautval meiner at ein bør innlemma areal nord for Teiglandshagen og Alderspensjonat i planarbeidet for å sikra område til framtidig kommunal bruk.	Plankrav				Det er gjort endringar i KPA med tanke på plankrav. Avgrensing av framtidige reguleringsplanar vert ikkje bestemt i KPA.

Journalpost	Innsendar	Dato	Samandrag av merknadar/motsegner	Tema	Siling 1	Siling 2	Siling 3	Konklusjon/løysing
526	Moster grendautval	26.04.2024	<u>Prestneset.</u> Prestneset og Austneset er eit av turområda som blir brukt mest i krinsen. Det er begrensa urørt natur igjen og det er difor viktig å ta vare på det som er. Halve Prestneshalvøya er i dag definert som industriområde. Slik vi har forstått det er dette gjort i ei tid med heilt andre planar for område enn det som er realiteten i dag. Vi meiner difor dette område må tilbakeførast til NLF område for å sikre område til bruk for ålmenta.	Areal				Arealet er redusert i samband med planvask
526	Moster grendautval	26.04.2024	<u>Kalkbrenning i Mostratunet?</u> Det er lansert ein ide om å bygge ein liten kalkovn i Mostratunet. Dette for å kunne formidle ein 1000-årig kulturarv frå Moster og Sunnhordland, samt for å produsere tradisjonskalk til Mostrakyrkja (til 2024) samt fleire av middelalderkyrkjene på Sørvestlandet som hadde mostrakalk originalt. Sentrale i eit slikt oppbyggingsarbeid er Per Storemyr (geolog) og Tore Granmo (murar), begge nestorar i det norske miljøet rundt tradisjonskalk og med særs god kontakt inn mot Riksantikvar og Fortidsminneforening. Bømlo kommune v/ kommunedirektør ++ er godt orientert om ideen, og i utg.pktet positiv til å ta opp denne kulturarven på kommunens tomt. Moster Amfi og Geopark Sunnhordland er likeeins særs positive. Skal ein rekke å produsere kalk til Mostrakyrkja i tide til 2024 må ovnen stå klar neste vår, dvs. 2022. Moster Grendautval har hatt møte med gruppa som har hatt ansvar for oppbygging og vedlikehald av Gruveparken. (14.06.21) Dei stiller seg i prinsippet positiv til tiltaket. Vi ber om at det i kommuneplanen blir teke høgde for eit slikt tiltak.	Areal	Ligg i gjeldande reguleringsplan. Den er etablert, og treng ikkje vurderast.			Ligg i gjeldande reguleringsplan. Den er etablert, og treng ikkje vurderast.
526	Moster grendautval	26.04.2024	<u>Alternativ bruk av kommunal grunn.</u> Moster båtlag sitt klubbhus er ei forfallen brakke som ligg på kommunal grunn. Båtlaget eig parkeringsplassen og er interessert i å etablere nytt hus delvis på kommunen sin grunn og delvis på båtlaget sin eigedom. Dette vil truleg vera positvt for planlagt strandpromenade.	Areal				Området er sett av til småbåthamn. Vidare utbygging vil forutsette nærmare avklaringar i ny reguleringsplan.
526	Moster grendautval	26.04.2024	<u>Gjestehavn og bobilparkering i Mosterhamn.</u> Grendautvalet har motteke innspel frå Stian Dahl og meiner innspelet er tankevekkande og konklusjonane er heilt i tråd med det dei har uttrykt ved fleire høve. Ønsker at det skal bli etablere ein skikkelig gjestehavn og bobilparkering med alle fasiliteter. Innspill på å nytte området ved fergekaien til å bygge ut et skikkelig anlegg. Dette innen kort tid vil bli en populær gjestehavn og bobilparkering langs kysten. Foreslår å forlenge eksisterende molo for å skape en lun havn i alle vindretninger. Det må legges ut flytebrygger i betong for enten longside og/ eller akterfortøyning. Eksisterende bygg må totalrenoveres og bygges opp som sanitærbygg med toaletter, dusj og vaskemaskiner. Uteområdet rundt bygget kan stenges for trafikk og bygges opp som rekreasjonsområde med benker og grill. Parkeringsplass ved fergekai benyttes som bobilparkering med uttak av strøm og vann. Båtgjester og bobilgjester benytter felles sanitæranlegg. Eksisterende kaier beholdes slik at større skip kan legge til. Gode informasjonaskilt om Mosterhamn må etableres. Slike fasiliteter finnes mange steder langs kysten og realisering av dette står i stil med det betydningsfulle, historiske og kulturelle stedet Mosterhamn faktisk er.	Areal				Det er gjennomført konsekvensutgreiing for endring av føremåla her. Areala er noko justert, men i stor grad tatt inn i kommuneplanen.
531	KYSTVERKET	26.04.2024	Informasjon om at dei kjem med motsegn innan høyringsfristen, men etter samordningsfristen til Statsforvaltaren.	Anna	Tas til orientering.			Tas til orientering.
532	BØMLO NÆRINGSRÅD - Jord- og landbruksnæringa	26.04.2024	Tida me lever i har eit høgt fokus på berekraft, og det å ta vare på naturen er viktigare enn nokon gong før. Føringar kjem frå internasjonale avtalar, frå EU, Stortinget og Regjeringa, men tiltaka må utførast lokalt. For å redusere press på sårbar natur, og unngå å byggje ned næringsareal som kan nyttast til matproduksjon, er det no eit stort fokus på å unngå å byggje ned natur, og gjenbruk og sambruk av areal. På Bømlo er me eit stykke på veg til å vere sjølvforsynt med lokalprodusert mat frå jord- og landbruket, men me er ikkje i mål. Det er difor viktig å legge til rette for vekst og utvikling i denne næringa lokalt. Alt område i kommuneplanen sin arealdel som er merka LNF, er i utgangspunktet potensielt næringsareal for ei berekraftig utvikling og vekst i jord- og landbruksnæringa i vår kommune.	Generelt - Innleiiande	Tas til orientering. Konkrete tilråingar i eigne linjer.			Tas til orientering.
532	BØMLO NÆRINGSRÅD - Jord- og landbruksnæringa	26.04.2024	<u>Trygge matjorda, dyrka og dyrkbar mark i Bømlo kommune</u> På Bømlo er prosentandelen av matjord liten, og ressursen er dermed svært sårbar for inngrep. Det er viktig at det vert teke vare på både dagens dyrka mark, og dyrkbar mark, slik at denne kan nyttast til matproduksjon i framtida. I tillegg er det moglegheiter å dra nytte av u-utnytta dyrkbar mark, òg for å utvikle konsept innan agroturisme, og kanskje legge til rette for etablering av fleire mindre gardsbruk, som kan vere attraktive for tilflyttarar, og då kanskje særleg dei som ikkje har tilknyting til kommunen frå før. Kommunen tek vern av natur og matjord på alvor i samfunnsdelen og i føresegnene i KPA-en. Viser til føresegnene i KPA-en kapittel 2.6.2, som inneheld krav til matjordplan i plan- og byggjesaker der det blir omdisponert dyrka eller dyrkbar mark. For å sikre at planen vert etterlevd, bes det om å leggje til eit punkt 3 i føresegna, kapittel 2.6.2: *Fysiske inngrep i areal for landbruk, må dokumenterast nøye i sluttfasen på kvart einskild prosjekt, for å verifisere at inngrep ikkje overskrid opphaveleg godkjend plan.*	Føresegn	Merknad til føresegner	Merknad til føresegner		Det er fastsette krav til oppfølging og ferdigattester. Føresegna er ikkje tatt inn.

Journalpost	Innsendar	Dato	Samandrag av merknadar/motsegner	Tema	Siling 1	Siling 2	Siling 3	Konklusjon/løysing
532	BØMLO NÆRINGSRÅD - Jord- og landbruksnæringa	26.04.2024	Betre planar for gjenbruk og ombruk av utbygd/bebygd areal – i staden for å bygge ned urørt natur Med bakgrunn i klimakrisa oppmodar dei om å styrka fokus på gjenbruk og sambruk av bygg og areal, utviding av eksisterande vegnett og infrastruktur for fortetting i eksisterande felt, heller enn å byggje nytt i urørt natur. • Det offentlege leiger innimellom bygg frå private aktørar. I anbodskonkurransar der kommunen leiger bygg, bør det offentlege stille krav om og/eller premiere, gjenbruk og oppgradering av eldre bygningsmasse, heller enn nybygg. Dette reduserer både inngripen i areal, og har og positive ringverknader, som å gje visuelle løft av bygningsmasse i kommunen. • Nyleg er det vedteke fleire byggjefelt nær kommunesenteret i urørt natur, samstundes som det er ei BUS-tomt utan noko planar eller aktivitet i same område. Her burde kommunen teke ei meir aktiv rolle i å styre gode initiativ inn mot ledige areal, kor store inngrep i naturen allereie er gjennomført, for å etterleve regional plan for klima. • Det går for tida føre seg debattar om energiproduksjon i kommunen av ulikt slag, og i ulik skala. Nasjonalt er det høgt trykk på å auke energiproduksjonen i Noreg, og med framskrivingar som peikar på kraftunderskot i Sør-Noreg om få år, vil nok trykket frå sentrale mynder auke.	Generelt	Tas til orientering.			Tas til orientering.
532	BØMLO NÆRINGSRÅD - Jord- og landbruksnæringa	26.04.2024	Kunnskapsgrunnlaget om sårbar natur, fuglar og dyreartar, samt konsekvensar med å byggje ned natur som påverkar desse bør oppdaterast. Særleg bør ein trygge kystlyngheia med klokkelyng/purpurlyng, som finnes her på Bømlo (ein av få plassar i heile verda), saman med fagerrogn og kystregnskog. Dette vil vere eit viktig verktøy i kommuneplanlegginga for å ivareta områder med stort biologisk mangfald, og hindre skadelege inngrep og aktivitet i desse områda, og samstundes gje eit godt verktøy i den framtidige arealplanlegginga. Samstundes må det sikrast at det vert arbeida systematisk med effektiv arealplanlegging framover med fokus på bustadutvikling og vekst i innbyggjartal, næringsutvikling og på same tid ta vare på naturverdiar og legge til rette for vekst- og utvikling i jord- og landbruksnæringa. Rår til at følgjande aktivitetar vert starta opp snarast råd er: - Bømlo kommune må prioritere å lage ei oppdatert kartlegging av det biologiske mangfaldet for heile Bømlo. - Bømlo kommune bør søkje midlar til, og gjennomføre, planvask for å ta vare på naturverdiar i kommunen, og særleg ha fokus på korleis ein kan utvikle Bømlo både for innbyggjarar og næringsliv, utan at det får for store konsekvensar for naturen, jord- og landbruksnæringa. - Bømlo kommune sin landbruksplan frå 2007 bør fornyast. Omgrepet kjerneområde for landbruk er mangelfullt og dekker på ingen måte opp alle aktive jordbruksmiljø på Bømlo. I tillegg må dei styrka krava om å ta vare på naturen, alt frå regionale planar til internasjonale avtalar, konkretiserast i denne.	Planvask	Ønske om planvask, som er dekka av merknad/motsegn frå Statsforvaltar. Elles merknad til framtidige prosessar, ikkje denne arealdelen.			Ønske om planvask, som er dekka av merknad/motsegn frå Statsforvaltar. Planvask er gjennomført. Elles merknad til framtidige prosessar, ikkje denne arealdelen.
566	Sør-Norges Fiskarlag	26.04.2024	Viser til merknad frå Sunnhordland fiskarlag til utvalde kaste-/låssettingsplassar som ikkje er registrert i det heile eller er feilregistrert i Fiskeridirektoratet sitt kartsystem.	Areal	Tas til orientering.			Tas til orientering.
566	Sør-Norges Fiskarlag	26.04.2024	Av planomtalen registrerer ein at kommunen legg opp til ein eigen delrevisjon av sjødelen av kommuneplanen med fokus på fiskeri og akvakultur. Ein føreset likevel at det blir teke omsyn til fiskeriinteressene til sjøs og forholdet mellom arealføremål på sjø og land, jf. uttale av 14.06.2021. Fiskarlaget ber om at arbeidet med rullering av sjødelen av kommuneplanen blir satt i gong så snart som mogleg.	Vurderingstema/plangrunnlag				Det er gjennomfør planvask og i sjø. Det er lagt inn nye areal til fiske etter konsekvensutgreiing av innspel.
566	Sør-Norges Fiskarlag	26.04.2024	Sør-Norges Fiskarlag stiller seg bak Fiskeridirektoratet sitt motsegn til akvakulturområdet vest av Store Brennøy, AKV16. I tillegg til gyteområde, er dette òg eit viktig fiskeområde. Visar her til sporingsdata som viser notfiske i området (desse dataene er ikkje utfyllande). Det må ikkje leggast til rette for verksemd som kan øydelegge for fiskeriaktivitet.	Areal	Dekka av motsegn frå fiskeridirektoratet.			Dekka av motsegn frå fiskeridirektoratet. Politisk vidareført
566	Sør-Norges Fiskarlag	26.04.2024	Det er positivt at kommunen kjem næringa i møte og ønsker å leggje til rette for meir hensiktsmessige prosessar knytta til næringsnaust/driftsbygg og kaiar for fiskefartøy. Ein ser likevel at det er ein del spørsmål som må avklarast når det gjeld utforming av føresegner og den praktiske gjennomføringa. Det er svært viktig at arealføremålet og ordninga er ei reell forenkling og forbetring der ein unngår flaskehalsar og unødige prosessar. Det må sikrast at det er funksjonelle rammer som sikrar reell drift. Ein visar her til Sunnhordland Fiskarlag sitt innspel med tanke på høgde i første etasje og mønehøgde. I tillegg påpeiker Sunnhordland Fiskarlag at det er viktig at det blir sikra ordning for brygge/flytekaiar. Kystfisket i området er samansett og mange er avhengig av fleire fartøy. Dette kan til dømes vere hjelpefartøy i notfiske. I tillegg er fiskeria og lovverket utforma slik at mange må ha fleire fartøy med ulike kvotesett eller utforma for einskilde fiskeri (t.d. leppefiske). Det er dermed mange som har fleire fartøy og har behov for å fortøye desse ved næringsnaust. Etablering og utvikling av næringa må ikkje bli hindra grunna manglar i føresegner og plandokument. Fiskerinæringa som haustar av overskotet av naturressursar i havet er ikkje berre avhengig av god økologisk forvaltning, men òg god arealforvalting. Fiskarlaget føreset at fiskeriinteressene blir godt ivareteke og at fiskeriinteressene blir involvert i det vidare arbeidet.	Føresegn	Sjå saman med merknad frå Sunnhordland Fiskarlag			Det er lagt inn fleire areal til næring - kystfiske etter merknadar i 1.høyring, det er og lagt inn nye område for fiske (låssetting). I føresegnene er det gjort endringar med tanke på areala til kystfiske og med tanke på plankrav.

Journalpost	Innsendar	Dato	Samandrag av merknadar/motsegner	Tema	Siling 1	Siling 2	Siling 3	Konklusjon/løysing
579	Kystverket	29.04.2024	Hamn Hamner og hamneterminalar er viktige bindeledd mellom land og hav, og for folk og næringstransporten langs kysten. Det er avgjerande at hamna/kaianlegg har høve til å utvide verksemda og ei effektiv hamneverksemd er avhengig av ein rekke faktorar, m.a. arealtilgang, tilknyting til overordna infrastruktur og kontinuerleg heilårsdrift (24/7). God og effektiv tilførselsveg til hamna må sikrast i det vidare planarbeidet, slik at hamna sin funksjon vert teke vare på og at behovet for areal til lasting, lossing og lagring, samt terminalar for ulike formål vert sikra. Kommunen må gjennom sitt arbeid med arealplanar sikre det maritime næringslivet tilgang til tilstrekkelege næringsareal med tilgjenge til sjøen. Bømlo kommune har mykje sjøretta næring med stort behov for gode hamneforhold. Kommunen har i konsekvensutgreiinga (KU) ikkje tilrådd bustader tett inntil næringsområdet ved Rubbestadneset eller ved Langevåg. Dette er i tråd med kystverket sin tilråding til oppstart i plan då hamnedrift fører til ulike typar støy gjennom døgnet. Det er viktig at areal til hamnene (både på land og i sjø) inngår i revisjon av kommuneplanen sin arealdel.	Areal - generelt	Tas til orientering.			Tas til orientering.
579	Kystverket	29.04.2024	Farleier og fersel I kommunen sin arealdel er hovud- og bileiene synt som juridiske samferdselsliner/farleistrek. Desse farleistreka indikerer skipstrafikken, men syner ikkje ei definert avgrensing av farleia. Det kan være hensiktsmessig å nytte arealformålet farlei som ein-bruksformål i delar av sjøområda. Ein-bruksformål kan nyttas i sjøareal for innsegling til trafikk- og industrihamner, i tronge farvatn og i områder med høg trafikktettleik. Viser til kap. 6.4.2 i rettleiar for planlegging i sjøområda utgitt av Kommunal og Moderniseringsdepartementet i mai 2020.	Areal				Dette er ikkje gjort. Juridiske samferdselslinjer er vidareført.
579	Kystverket	29.04.2024	Ankrings-, opplags- og riggområder Ankrings-, opplags- og riggområde er område som dekkjer både nasjonale, regionale og lokale behov for sikker ankring og er difor viktig å vareta i kommuneplansamanheng. Det er ein føresetnad at desse vert etablert og sikra som ordinære føremålsområde eller gjennom føresegner. Viser til rettleiar for planlegging i sjøområda kap. 4. Syner til Kystinfo (https://kart.kystverket.no/) for oppdatert registrering av ankringsområde og opplagsområde i Bømlo kommune sitt sjøområde.	Føresegn	Merknad til føresegner	Merknad til føresegner		Det er ikkje gjort endringar i avsette føremål til einbruk ferdsel. Mykje av areala er registrert med fleire interesser i kystinfo. Dette kan være noko å sjå nærmare på ved seinare rullering med fokus på sjøareala.
579	Kystverket	29.04.2024	Navigasjonsinnretningar Det er viktig at det i planen vert lagt til rette for naudsynt vedlikehald, nyetablering, flytting m.m. av navigasjonsinnretningar langs kysten. Fjerning eller flytting av desse kan vere aktuelt dersom dei utgjer ein risiko for tryggleiken ved at dei vert ståande. Viser til fråsegn datert 8.9.2021 til oppstart til plan, der dei hadde innspel til føresegn om å tillate nyetablering, fjerning og vedlikehald av navigasjonsinstallasjonar. Rår kommunen til å revidere føresegna.	Føresegn	Merknad til føresegner	Merknad til føresegner		Det er lagt til føresegn om navigasjonsinnrettningar, men med anna ordlyd enn forslaget frå kystverket.
579	Kystverket	29.04.2024	Næringsinteresser/areal i sjø Auka press på sjøområder har til tider ført til arealkonfliktar mellom ulike interessegrupper, irekna ulike næringsinteresser. Skipsfart, tradisjonelt fiske, akvakultur, natur/friluftsliv m.m. er døme på slike. Kystverket har tidlegare rådd kommunen å avklare korleis behova til næringar som nyttar sjøtransport skal identifiserast. Dette fordi omsynet til desse næringane kan vurderast opp mot omsynet til næringar som ønskjer å nytte farvatnet til anna enn sjøtransport. Dette er til dømes næringar som vil nytte sjøområdet til ulike former for akvakultur, leverandørindustri, kraftproduksjon, turisme, småbåthamn og næringar som ser behov for å bruke sjøen til lagring av eigne og eigenproduserte innretningar.	Vurderingstema/plangrunnlag				Det er ikkje gjort noko vurdering av dette i denne rulleringa, men dette kan være noko å sjå nærmare på ved seinare rullering med fokus på sjøareala.
579	Kystverket	29.04.2024	Akvakultur - føresegn Rår til at føresegn 3.5.1., pinkt 2 og 3.5.3., punkt 3 blir endra frå å vise til kvit sektor til å vise til "farlei og merkesystem"	Føresegn	Merknad til føresegner	Merknad til føresegner		Henvisning til kvit sektor er tatt ut frå føresegnene. Det er no vist til at tiltak skal ta omsyn til farlei og merkesystem.
579	Kystverket	29.04.2024	Akvakulturlokalitet i **Øklansvågen**: Denne ligg i ei fiskerihamn der det allereie er avgrensa manøvreringsareal. Utviding vil føre til ytterlegare avgrensing. Rår til at ein **legg inn naudsynt hamneområde i sjø** for å sikre tilstrekkeleg manøvreringsareal.	Areal - AK				Føremåla er ikkje endra. Det er lagt inn krav til planlegging der ein må sjå på manøvreringsareal og sambruk
579	Kystverket	29.04.2024	Akvakulturlokalitet **Ospøy Ø**: Området er trafikkert og det må være tilstrekkeleg areal til skipstrafikken i farleia. Utviding av området kan ikkje komma lenger ut i farvatnet mot aust enn eksisterande anlegg. Forflåte og område for arbeidsoperasjonar kan ikkje planleggjast mot farleia.	Areal - AK				Område blei redusert i samband med planvask

Journalpost	Innsendar	Dato	Samandrag av merknadar/motsegner	Tema	Siling 1	Siling 2	Siling 3	Konklusjon/løysing
579	Kystverket	29.04.2024	Akvakulturlokalitet **Aga Ø**: Området er trafikkert og ligg nær til Bømelholmflu lykt. Krava til lyssignal på akvakulturanlegg fører til at det er fleire lyskjelder som kan forstyrre navigasjonsrettleiinga. Forflåte og område for arbeidsoperasjonar kan ikkje planleggjast mot farleia. Lokaliteten kan utvidast noko i sørleg retning, men ikkje mot aust og nordaust. **Motsegn** mot føreslått utviding AKV27 og AKV34.	Areal - AK	Sjå eigen oversikt			Sjå motsegnsoversikten
579	Kystverket	29.04.2024	Akvakulturlokalitet **Klungsholmen**: Området er trafikkert og det må være tilstrekkeleg areal til skipstrafikken i farleia. Utviding mot aust er uheldig for passerande fartøy. Området kan strekast mot nordvest og reduserast i søraust. **Motsegn** mot føreslått utviding AKV94.	Areal - AK	Sjå eigen oversikt			Sjå motsegnsoversikten
579	Kystverket	29.04.2024	Akvakulturlokalitet **Lyklingeholmen N**: Det er moderat trafikk i området, mellom anna av skyssbåt. Kvit sektor frå Lyngøyosen lykt har funksjon inn Holmasundet ved eksisterande anlegg. Tilrår ikkje utviding i austleg retning då anlegget vil koma inn i kvit sektor.	Areal - AK				Område blei redusert i samband med planvask
579	Kystverket	29.04.2024	Akvakulturlokalitet **Trettholmosen**: Det er lite trafikk i område, men ein ytterlegare innsnevring vil avgrense passeringsareal for nyttetrafikk. Tolker utvidinga som ei justering til faktisk plassering av anlegget.	Areal - AK				Utvidinga er ei justering til faktisk plassering av anlegget.
579	Kystverket	29.04.2024	Opplag **Dyrøy**: Opplag i sjø av utrangerte merdar og anna utstyr er ikkje ynskjeleg. Syner til at dette og er søknadspliktig.	Areal - AK				Området er vidareført. Det tas til orientering at det er søknadspliktig
648	BØMLO NÆRINGSRÅD - Parkering	29.04.2024	Det er store ambisjonar i samfunnet om å redusere bruk av private køyretøy og gå over til meir bruk av kollektivtransport. I vår bu- og arbeidsregion i Sunnhordland er derimot ikkje kollektivtilbodet tilstrekkeleg for å få kvardagen til å gå opp for svært mange.	Generelt	Tas til orientering.			Tas til orientering.
648	BØMLO NÆRINGSRÅD - Parkering	29.04.2024	<u>Føresegn 2.4.7, parkeringskrav for forretning/detaljhandel</u> Maksimumskravet er svært lågt: forretning på 1 000 kvm med om lag 10 tilsette, kan maks ha 40 parkeringsplassar, inkludert parkeringsplass til dei 10 tilsette. Ber difor om at maksimumskrav for parkering for forretning/detaljhandel vert sett høgare. Dette vil gjere forretninga meir attraktiv å besøkje for folk i heile regionen.	Føresegn	Merknad til føresegner	Merknad til føresegner		Parkeringskrava er endra, og er ikkje spesifisert for forretning/detaljhandel i KPA. Skal fastsettast i reguleringsplan
648	BØMLO NÆRINGSRÅD - Parkering	29.04.2024	<u>Føresegn 2.4.7, parkeringskrav for kontor og industri/verkstad</u> Utilfredsstillande løysingar for mobilitet til/frå jobb og kvardagslogistikk elles, fører til at svært mange må køyre bil. Dette er ikkje teke omsyn til i maksimumskravet for kontor, industri og verkstad. Ein bør ikkje leggje maks grense på parkeringsplassar til desse arbeidsplassane, då god parkering kan vere eit konkurransefortrinn i høve å få tak i nok kompetanse til bedriftene våre. Skal ein ha maksimumskrav bør ikkje det være mindre enn 1 per tilsett. For kontor vil det sei ein parkeringsplass per 20 m2 bygning.	Føresegn	Merknad til føresegner	Merknad til føresegner		Parkeringskrava er endra, og er ikkje spesifisert for kontor og industri/verksted i KPA. Skal fastsettast i reguleringsplan
648	BØMLO NÆRINGSRÅD - Parkering	29.04.2024	<u>Føresegn 2.4.7, parkeringskrav for barnehage og skule</u> For barnehagar og skular er det ikkje lagt opp til parkering av mopedar (barn over 16 år) eller bilar (elevar vgs over 18 år). Tabellen bør utvidast med dette, for å sikre trygge og gode parkeringstilhøve òg for desse.	Føresegn	Merknad til føresegner	Merknad til føresegner		Parkeringskrava er endra, men det er ikkje spesifisert krav for skule og barnehage i KPA. Skal fastsettast i reguleringsplan
674	Vestland fylkeskommune - Avdeling for infrastruktur og veg	30.04.2024	Presiserer at omsynet til trafikktryggleik for alle trafikantgrupper må vidareførast i all detaljplanlegging og ha eit sterkt fokus. Særskilt barn og unge må oppleve at dei kan ta seg fram trygt og raskt, utan å bli køyrd. Tilretteleging for bustadetablering i sentrumsnære områder vil hjelpe.	Føresegn				Der er lagt inn i føresegna at barne- og ungdomstråkk skal leggast til grunn i planleggingа der det er aktuelt og at det skal takast omsyn til snarvegar og turstier med meir.
674	Vestland fylkeskommune - Avdeling for infrastruktur og veg	30.04.2024	Ved bruk av LNF-spreidd busetnader det viktig at det vert lagt til rette for trygge trafikale løysingar for avkøyrsler. Avkøyrsler skal vere i samsvar med gjeldande vegnormalar jf. handbok N100 «Veg og gateutforming». Det bør leggjast til grunn at ein nyttar eksisterande tilkomstar, og at tal på avkøyrsler vert avgrensa.	Føresegn				Det er lagt inn henvisning til fylket sin rammeplan for avkjøyrsler og dispensasjonar frå byggjegrenser i føresegnene i dei generelle føresegnene. Det er ikkje lagt inn noko spesifikt i føresegnene for LNF-spreidd.
674	Vestland fylkeskommune - Avdeling for infrastruktur og veg	30.04.2024	Viser til at Bømlo er godkjent som trafikksikker kommune, og at det er gjort mykje godt arbeid i samband med dette. Noko av dette arbeidet er gjort gjennom Bømlopakken. Viser til at det er fleire prosjekt som kommunen og fylkeskommunen ønska at skulle være del av Bømlopakken, og tre av disse står på reservelista til Bømlopakke 2.	Anna				Tas til orientering.

Journalpost	Innsendar	Dato	Samandrag av merknadar/motsegner	Tema	Siling 1	Siling 2	Siling 3	Konklusjon/løysing
706	Léva urban design as	01.05.2024	Viser til vedlagt mulighetsstudie utarbeida for Langevåg. Fremhever spesielt fokus på å gje plass til meir variert bustadutvikling fleire stader på Langevåg og moglegheit for fortetting i sentrum med både næringsverksemd og bustadutvikling. Ein bør her prioritere ein heilskapeleg juridisk plan for sentrum slik at det kan gjerast særlege tilpasningar som sikrar eit kompakt og attraktivt lokalsenter. Herunder fravikelser fra blant anna krav til uteoppholdsareal og parkering som i høgare grad bør samlast og skapast meir fellesløysningar for i sentrum, framfor å løyse dei på kvar sin eigedom. Vidare vil det også vere fordelaktig å få utarbeidd ein parkeringsstrategi/plan som sikrar god parkeringsdekning, men med ei betre utnyttelse av parkeringsarealene i sentrum.	Generelt				Det er gjort endringar i føresegner mellom anna for bustad og sentrumsareal. Det er gjennomført planvask, men det er framleis vidareført ledige næringsareal og bustadareal.
708	Nesse gardslag	30.04.2024	Dei peiker på at melingskrinsen er i vekst og understreker at tilgong på tomter og byggjeland i krinsen må samsvare med at folk ynskjer å busette seg her. Gode og attraktive areal til bustad er viktig.	Areal				Alle private innspel er vurdert gjennom siling eller konsekvensutgreiing. Det er og gjennomført planvask
708	Nesse gardslag	30.04.2024	Det også viktig med eit velfungerande kollektivtransporttilbod i krinsen. Det mangler kun ein liten del, bru over Karihavet, for å fullføre Ringveg vest, som vil binde område i krinsen tettare saman og opne for kollektivrute som vil vera effektiv og sikra god transport til skule, fritidsaktivitetar og handel. Ringvegen vil og fremja sykkel og gange. Ber om at arealet til bru, med brufeste i enden av Rekkje og Strandavegen ikkje blir bandlagt til andre formål enn veg og bru som kan øydeleggja for å kunne byggje brua.	Areal				Det er ikkje gjort endringar som vanskeleggjer dette, men det ligg framleis inne naustføremål på eine sida av vågen.
708	Nesse gardslag	30.04.2024	Minner og om reguleringsplan for Nesevegen og anmoder om at denne vert vidareført med rette føremål.	Areal				Føremåla er revidert etter planvasken og vegen er lagt inn som ei juridisk samferdselslinje. Reguleringsplanen er framleis gjeldande.
713	Birdlife Norge - Sunnhordlan lokallag	30.04.2024	Generell tilråding Det er viktig å verne grønt- og landbruksområde mot ytterlegare utbygging. Det betyr at etablering av nye bil og skogsvegar, byggjefelt (inkl. hytte- naust- og rorbufelt) og industriområde må unngåast. Spesielt på areal med lauvtre, eldre skog, kystlynghei, matjord og myr. Ein del av dei justerte områda (positiv tilråding med justering) tar ikkje omsyn til dette. Gjenbruk/ombruk av «gråe areal» må prioriterast høgt framfor utbygging i urørt natur. For å hindre at verdifulle areal blir bandlagde lenger enn nødvendig, føreslår me å innføre ei tidsavgrensing for arealomdisponeringar som ligg inne i KPA, men som ikkje er realiserte.	Areal - Generelt				Det er gjennomført planvask på areal som tidlegare er sett av til utbygging som ikkje er utbygd i dag. Det vil ikkje blitt gitt ei tidsavgrensing på areal som blir lagt inn, men større urealiserte areal vil måte vurderast på ny ved neste relevante rullering av kommuneplanen.
713	Birdlife Norge - Sunnhordlan lokallag	30.04.2024	Tiltak med negativ tilråing i konsekvensutgreiinga Har ikkje gjort nærare vurdering av disse, sidan dei ikkje er lagt inn i planen. Ber om at tilråinga blir teke til følgje og at disse areala ikkje blir lagt inn i planen.	Areal - Generelt				Er i hovudsak ikkje lagt inn i strid med fagleg tilråding, men det er politisk lagt inn nokre områder. Dette framgår av konsekvensutgreiingane etter 1. høyring.
713	Birdlife Norge - Sunnhordlan lokallag	30.04.2024	Tiltak med positiv tilråing med justering 4.10.10 Finnås 11–gnr/bnr7/6.12, LNF-spreidd Det bør ikkje opnast for fleire bustadar i området.	Areal				Politisk vidareført som til 1.gongshøyringa
713	Birdlife Norge - Sunnhordlan lokallag	30.04.2024	Tiltak med positiv tilråing med justering 4.1.3 Brandasund 3, gnr./bnr. 152/1 – LNF-spreidd bustad Området er i dag eit flott friluftsområde med innslag av mange forskjellige treslag, myr og kystlynghei. Området er dårleg undersøkt med tanke på fugleartar som har det som hekke- og funksjonsområde, men det er grunn til å tru at ein finn ganske mange forskjellige fugleartar i dette området, også raudlista artar.	Areal				Arealet er tatt ut
713	Birdlife Norge - Sunnhordlan lokallag	30.04.2024	Tiltak med positiv tilråing 4.6.1 Meling 1a-1b, gnr/bnr 99/2 – Bustad 1a er gjeven positiv tilråding, sjølv om utbygging i området vil medføra nedbygging av dyrka mark. Dette er del av eit lokalt viktig funksjonsområde for mange fugleartar, blant anna stare og fleire trasteartar. Tilrår ikkje utbygging av 1a.	Areal				Området er for ein eksisterande bustad, og med moglegheit for ein ny. Området er vidareført som bustad.
713	Birdlife Norge - Sunnhordlan lokallag	30.04.2024	Tiltak med positiv tilråing 4.7.7 Gilje 8a, b, gnr/bnr 113/11 mfl. – LNF spreidd, småbåtanlegg 8a legg opp til å regulera eit flott naturområde med gode kvalitetar for fuglelivet til LNF-spreidd bustad. Det må ikkje leggjast til rette for bygging av fleire bygg, anna enn i tett tilknyting til allereie eksisterande bygningsmasse. Dvs. oppføring av mindre garasje/uthus og påbygg i tilknyting til eksisterande hus kan tolererast.	Areal				Området er redusert
715	Finnås grendautval	01.05.2024	Arealplanen i Bømlo kommune må legge til rette for vekst. Utvikling av lokalsamfunna på Bømlo bør handla om summen av all utvikling gjennomført av enkeltindivid og grupper. Utviklingsarbeidet i kommunen må sjåast som målretta innsats for å utvikle det gode samfunnet for dei som bur der. Det må leggast til rette for verdiauke i lokalsentra og bygdene på Bømlo. Arealplanen i må legge til rette for å utvikla ein positiv identitet gjennom å vise at ein kan skapa noko med å bruke lokale ressursar. Utvikling som fører til levande lokalsamfunn og samstundes fører til fleire arbeidsplassar og busetjing, må vera målet. Arealplanen må difor gje rom for etablering av fleire arbeidsplassar og spreidd busetjing i kommunen.	Areal				Det er gjennomført planvask her som i resten av kommunen, det er framleis ledige tomter fleire plassar i grenda. Det er og areal til næring i grenda.
715	Finnås grendautval	01.05.2024	Arealplanen må ikkje la 100 meters byggegrensa vera til hinder for utvikling av større eller mindre lokalsenter i kommunen. Det må vera rom for utvikling også innafor denne 100 meters grensa. Den lokale identiteten til Bømlingar flest ligg i sjøkanten.	Planvask/ Byggjegrense				Det er føremål og byggjegrense som opnar for bygging i 100-metersbeltet
715	Finnås grendautval	01.05.2024	Attraktive tomter er eit viktig kriterie for dei som ikkje ønskjer å busetja seg i sentrale strøk. Mange av dei attraktive tomtene ligg ved sjøen og i LNF områder. Arealplanen til Bømlo kommune må legge til rette for og planleggja for fleire bustadtomter på Finnås slik at ein kan oppretthalda folketal i bygda.	Areal				Det er gjennomført planvask her som i resten av kommunen, det er framleis ledige tomter fleire plassar i grenda.

Journalpost	Innsendar	Dato	Samandrag av merknadar/motsegner	Tema	Siling 1	Siling 2	Siling 3	Konklusjon/løysing
715	Finnås grendautval	01.05.2024	Arealplanen må sjå positivt på private initiativ som vil skape utvikling i bygdene. Boligtomter, naust og mindre småbåthamner med tilhøyrande infrastruktur vil vera eit positivt tiltak, og kan bidra til å oppretthalde folketalet og gjere bygda og kommunen meir attraktiv som bustadkommune, som er i tråd med rammene gitt i «Senterstruktur for Bømlo». Tilgang på bustadtomter og båtplassar vil gjera Finnås og kommunen meir attraktiv. Finnås har fleire slike områder der denne kombinasjonen kan vera tilgjengeleg.	Areal				Alle private innspel er vurdert gjennom siling eller konsekvensutgreiing. Det er og gjennomført planvask
724	ATHENO AS/Invest in Sunnhordland	30.04.2024	Invest in Sunnhordland Invest in Sunnhordland er del av den regionale næringsutviklingsbedrifta Atheno AS, som har til formål å legge til rette for og tiltrekke ny næring til Sunnhordland. Invest In Sunnhordland arbeider for å utvikle næringsareal i Sunnhordland, og ser næringsområde i samanheng, på tvers av kommunane i regionen. Ein kritisk suksessfaktor for å lukkast med å tiltrekke seg nye næringar er reaksjonshastigheit. Selskap som vurderer å etablere seg på nye lokasjonar forventar «plug and play» og rask igangsetting av deira prosjekt. Ein oppdatert og vedtatt KPA vil difor vere viktig for å skape og tiltrekke nye investeringar i Bømlo kommune.	Generelt - Innleiiande	Tas til orientering.			Tas til orientering.
724	ATHENO AS/Invest in Sunnhordland	30.04.2024	Trong for næringsareal til sjø Noreg har forplikta seg til ambisiøse klimamål, og norsk næringsliv må omstille seg frå olje- og gassnæring mot bruk og produksjon av grøn energi. I tillegg har regjeringa ein ambisjon om å femdoble sjømatproduksjonen innan 2050. Nye verdikjeder må byggast og skalerast for å nå desse måla. Bømlo har kystlinje og hamner som er strategisk posisjonert for alle industriar innan «hav møter land». I kombinasjon med ein høgkompetent arbeidsstyrke og verdsleiande klynger skal Bømlo ligge godt an for nyetableringar innan nye grøne industriar. Invest in Sunnhordland-rapporten peiker spesielt på næringane: marin, energiteknologi, havvind og bioøkonomi som områder der Bømlo og Sunnhordland har spesielle forutsetningar for å ta en leiande posisjon. Felles for disse næringane er at det er trong for nye næringsareal tilknytt sjø for å tiltrekke seg etableringar og skape nye arbeidsplassar. Denne type næringsareal er mangelvare i Vestland fylke, i Sunnhordland og i Bømlo kommune. Bømlo kommune har vore gode på å legge til rette for næringsareal og infrastruktur ved sjø. Det som det er lite av på Bømlo, er djupvasskaiar. Særleg innan nye næringsområde som kan få eit større fotfeste i regionen, som til dømes flytande havvind, vil det vere eit behov for djupvasskaiar. Me registrerer at det er sendt inn eit innspel til kommuneplanen om råstoffutvinning nord for Siggjarvågen på Gnr 26; 30 Bnr 5; 1, 5. Her er det foreslått å hente ut stein, for deretter legge til rette området for djupvasskai etterpå. Området er midt mellom industriområdet på Rubbestadneset i nord og Serklau i sør, og like nordaust for industriområdet på Tømmervika og Eldøyane på Stord. Dette kan vere eit godt eigna areal for å tiltrekke ny næring sett opp mot dei andre områda i denne delen av Sunnhordlandsbassenget. Andre stader har slike kaiar blitt utvikla gjennom uttak av stein/massar, slik at det er gevinstar for næringslivet både ved å utvinne området, og deretter for etablering av næringsaktivitet etterpå. Ber Bømlo kommune revurdere å ta arealet om råstoffutvinning nord for Siggjarvågen på Gnr 26; 30 Bnr 5; 1, 5 inn i KPA-en, med omsyn på å legge til rette for fleire djupvasskaiar i eit næringsområde i Sunnhordland som vil vere eigna for operasjonar i/ved sjø.	Areal				Området er veldig bratt og bruk av området vil dermed føre til store terrenginngrep i urørt strandsone. Dette gir stor landskapsverknad. Det er noko jordbruksareal og myr i området i dag. Bruk kan og føre til konflikt med eksisterande bustadar i området med tanke på støy og støv. Området er ikkje lagt inn.
724	ATHENO AS/Invest in Sunnhordland	30.04.2024	Legge til rette for lokal kraftproduksjon Ei av dei store utfordringane i Sunnhordland når det gjeld å tiltrekke seg nye næringar, er tilgang på kraft og nett. Per i dag er det ikkje mogleg å få til næringsetableringar så raskt eksterne næringsaktørar forventer i Sunnhordland, dersom ein treng meir enn 1 MW kraft. Då vil ein måtte søkje om kraft, men vil ikkje få svar raskt nok, då løysing for å auke nettkapasiteten i Sunnhordland ikkje er på plass per i dag. Det er viktig at Bømlo kommune er offensive i arbeidet med å få etablert nok nettkapasitet og kraft til eksisterande og nytt næringsliv, og viser til Bømlo Næringsråd sitt høyringssvar om lokal energiproduksjon (innspel 469).	Anna	Dekka av innspel frå Bømlo Næringsråd.			Tas til orientering.
724	ATHENO AS/Invest in Sunnhordland	30.04.2024	Legge til rette for havbruksnæringa Det er mykje spennande som skjer innan akvakultur, som kan gje spennande arbeidsplassar og næringsetableringar i Sunnhordland framover. I regional kystsoneplan peikar ein til dømes på taredyrking som vil vere noko som kjem meir og meir, samt at næringa og forskingsmiljøa ser på moglegheiter for å kombinere ulike artar for å skape positive synergieffektar (polykultur/integrert havbruk). Nye produksjonsmåtar og artar vil kunne krevje anna type sjøareal enn dagens merdteknologi og områder som vert utnytta, samstundes kan det hende at eldre området som er regulert som akvakulturområde kan gjerast nytte av. Det er viktig at ein ikkje fjernar eldre område som er regulert som akvakulturområde i den førre KPA-en. At næringsareal for oppdrett i sjø er regulert og tilgjengeleg, vil gjere oss attraktive for ny næringsverksemd innan havbruket. Arealet kan til dømes brukast til uttesting av ny teknologi i mindre skala, andre artar eller integrert havbruk, eller for konsolidering med andre område, for å oppnå større areal.	Areal				Akvakulturområda er noko redusert i planvasken og etter motsegner. Elles er dei vidareført.
724	ATHENO AS/Invest in Sunnhordland	30.04.2024	Auke attraktiviteten til Bømlo for auka tilgang på kompetanse Bedrifter som er på leit etter stad å etablere seg, er på leit etter areal, infrastruktur og kompetanse. Det er difor viktig at Bømlo kommune legg tilhøva til rette for å bli ein enno meir attraktiv stad å bu, slik at fleire vel å flytte til Bømlo og til Sunnhordland. Arbeidet gjort i høve tilflyttarstrategi er veldig bra, og det er viktig at dette vert følgt opp vidare i dei kommunale planane, både i høve bustadutvikling og senterstruktur.	Generelt				Det er gjort endringar i føresegner mellom anna for bustad og sentrumsareal. Det er gjennomført planvask, men det er framleis vidareført ledige næringsareal og bustadareal.
724	ATHENO AS/Invest in Sunnhordland	30.04.2024	Sal av eigedom til framande makter Bømlo kommune bør ikkje selje areal til statar, eller selskap i statar me ikkje har sikkerheitssamarbeid med. Dette er ei generell anbefaling frå PST.	Anna	Tas til orientering.			Tas til orientering.

Journalpost	Innsendar	Dato	Samandrag av merknadar/motsegner	Tema	Siling 1	Siling 2	Siling 3	Konklusjon/løysing
733	JORDVERN BØMLO	30.04.2024	Ser at det er teke omsyn til ny nasjonal jordvernstrategi, naturavtalen vedteken i Montreal 2022 (kjend som Global-Kunming-Montreal - rammeverket for naturmangfald) og FNs berekraftsmål vedteken i 2015. Det er viktig at desse overordna nasjonale måla også er styrande i sluttføringa av ny KPA. Nemner følgjande som viktig i lys av FNs berekraftsmål og naturavtalen: 1. Visa stor varsemd med etablering av nye bustadfelt, fritidsbustad og industriområder tett inntil landbruksarealer som nyttast til beiter, slåttmark, kulturlandskap og anna sårbar natur. 2. Prioritere gjenbruk/ombruk av bustad, fritidsbustad og næringsarealer, framfor utbygging i urørt natur og landbruksområder. 3. Sikre grønt- og landbruksområde mot vidare utbygging. 4. Unngå nedbygging av matjord utan at tilsvarande areal blir erstatta. 5. Foreslår tidsavgrensing på arealomdisponeringar i KPA som ikkje er realiserte, slik at areal ikkje vert bandlagde for lang framtid. Dette er ein kjend praksis i fleire av våre naboland. Areala kunne heller vore nytta til matproduksjon.	Planvask/ føresegn				Det er gjennomført planvask som reduserer konflikten med jordvern. Det er også gjort endringar i føresegnene til mellom anna matjordsplan.
746	Goddo grendalag	01.05.2024	Det er bra at ein har trekt fram nærsenterfunksjonane i vedlegg om senterstruktur. Det blir viktig at ein i det vidare arbeidet med arealdelen, men også kommuneplanen sin samfunnsdel jobbar vidare med korleis ein kan forsterke nærsentera som generasjonsvenlege møteplassar. Dette blir spesielt viktig i ei tid der kommunen og lokalsamfunna meir enn nokon gang treng å samarbeida for at alle innbyggjarane skal ha det bra og ønske å bu her. Goddo grendalag samarbeider gjerne med kommunen for å utvikle og teste ut fellesskapsfremjande løysingar og møteplassar.	Generelt - Innleiiande	Tas til orientering.			Tas til orientering.
746	Goddo grendalag	01.05.2024	Goddo grendalag meiner det er viktig at det blir lagt til rette for fleire bustadtomter. Det er unge som ønskjer å etablere seg i området: Per i dag er det mange unge vaksne med tilknytning til området. I noverande forslag til KPA er det område som er tekne vekk (64/1). Då grendalaget hadde idémyldring med barn og unge (hausten 2022) og for vaksne (juni 2023) vart aktivitetane i området ved grendatunet og behov for bustadar trekt fram (sjå vedlegg).	Areal - Generelt				Det er gjennomført planvask her som i resten av kommunen, det er framleis ledige tomter fleire plassar i grenda.
746	Goddo grendalag	01.05.2024	Vil utvide bustadområde på Erevikneset. Per i dag er om lag halvparten av arealet som er teikna inn ikkje mogleg å nytta på grunn av høgdeforskjelar og tilgang til infrastruktur/veg. Dette vil heller ikkje påvirke friområdet i aust, men gjera dette meir tilgjengeleg. Meiner derfor at påstanden i konsekvensutgreiinga om at Erevikneset blir mindre tilgjengeleg for allmenn ferdsel er feil; ved å utvide her, vil tilgangen til «Kalvavikjo» bli enklare for fleire (vika til høgre). Området er også det som ligg lengst vekke frå sjøen, slik at det ikkje primært er strandsona som her blir påvirka. Gjennom føresegner kan ein også sikra at husa ikkje blir for dominerande i terrenget. At dette er ein utviding av allereie eksisterande bustadfelt og med nærleik til nærsenterfunksjonar og svært godt fungerande busstopp, gjer at konklusjonen i konsekvensutgreiinga er feil på fleire av punkta.	Areal				Det er gjennomført konsekvensutgreiing for ønska endring. Arealet er ikkje tatt inn i kommuneplanen.
746	Goddo grendalag	01.05.2024	Merker seg at bustadområdet i tilknytning til nytt vanntårn ikkje er teke med, fordi ein meiner det ikkje vil vera tilstrekkeleg med etterspurnad etter nye tomter til at det er aktuelt å regulere her, samt at ein meiner det er for dyrt. Ettersom kommuneplanen sin arealdel har ein lang tidshorisont, meiner grendalaget det kan vera klokt å ha ei opning for bustadformål i området knytt til vanntårnet. Med utbygging av vanntårnet blir det i liten grad nye inngrep som vil vera naudsynt her, samt at det gjer det langt billigare å tilretteleggja med infrastruktur.	Areal				Det er gjennomført konsekvensutgreiing for ønska endring. Arealet er ikkje tatt inn i kommuneplanen.
746	Goddo grendalag	01.05.2024	Feil plassering av formål i Erevik - Formålsgrensene må flyttast slik at dei er i samsvar med verkelegheita. Ein ser her at vegen og reguleringsområda er feilplassert, lik hamnar nausta i småbåtområda, vegen i ballbingen ++.	Areal				Det er gjort endringar for naustområdet etter gjennomført konserkvensutgreiing.
746	Goddo grendalag	01.05.2024	Ønsker ikkje plankrav til nausta innerst i Erevik. Nausttomtene er allereie planert og det vil ikkje vera behov for infrastrukturelle inngrep. Området vil også vera egna for å vidareutvikle med fellesskapsløysingar som gir moglegheit for tilgang til sjø og friluftsliv.	Plankrav				Det er gjort endringar i KPA med tanke på plankrav. Det er no ikkje vist i plankartet, og det vil bli konkret vurdert behov for reguleringsplan ved utbygging. Naustområdet i Erevik er stort, med mykje ubygd areal, sjølv om ein del av dette er planert. og med begrensa parkeringsareal. Føreslått endring vil ha liten praktisk betydning for dette arealet.
746	Goddo grendalag	01.05.2024	Grendeutvalet vil avslutningsvis presisera at Goddo som grend har ein svært stor oppveksande generasjon der ein stor del av desse uttrykker at dei ønsker å busetje seg på Goddo i framtida. Det er viktig at kommunen er med på å legge til rette for dette. Og gjennom å avslå dei bustadfelta som er sentrert rundt grendatunet gjer det vanskelegare for denne generasjonen å komma tilbake til Goddo og kanskje også Bømlo. Merkar seg, og er einige i, at Goddo har viktige område for friluftsliv og for folkehelse i Bømlo. For å vedlikehalde og vidareutvikla desse områda er framleis busetnad og utvikling av området viktig. Grendautvalet bidreg gjerne i prosess for vidare utvikling av området for å fremje løysingar som er bra for dei ungdommane som ønskjer å flytte tilbake hit, andre tilflyttarar, og også andre som ønskjer å nytte seg av naturen og dei andre kvalitetane i nærmiljøet her på Goddo.	Areal				Tas til orientering.
804	Mattilsynet	30.04.2024	Meiner det kan være gunstig å inkludere ei opplisting av vasskjeldene som har fått sikringssone i planomtalen. Angir elles at omsynet til drikkevatn og plantehelse er tilstrekkeleg teke vare på i planen.	Planomtale				Opplisting er ikkje tatt inn i planomtalen

Journalpost	Innsendar	Dato	Samandrag av merknadar/motsegner	Tema	Siling 1	Siling 2	Siling 3	Konklusjon/løysing
806	Direktoratet for mineralforvaltning	30.04.2024	Planomtale: DMF saknar at det går fram av planomtala korleis kommunen skal sørge for lokal forvaltning av mineralressursane i kommunen, og at det er gjort ei vurdering om kommunen har tilgang til naudsynte mineralske ressursar for realisering av planlagt utvikling og utbygging.	Planomtale				Det er gjort endringar i planforslaget angåande massehandtering
806	Direktoratet for mineralforvaltning	30.04.2024	Saknar vurdering av behov for uttak også i sjø.	Planvask				Alle areala i sjø er tatt ut i samband med planvasken.
806	Direktoratet for mineralforvaltning	30.04.2024	Viser til føresgen 3.1.6 og at denne ikkje legg konkrete føringar om kva som kan tillatast innafør føremålet eller kva detaljregulering i områda skal ivareta. Kommunen kan ta inn retningsliner om at uttak på meir enn 10 000 m3 krev driftskonsesjon frå DMF før uttaket kan starte, og at for uttak over 500 m3 gjeld meldeplikt.	Føresegn	Merknad til føresegner	Merknad til føresegner		Føresegna er endra og det er lagt til retningslinjer om konsesjon og meldeplikt
806	Direktoratet for mineralforvaltning	30.04.2024	"Konsekvensutgreiingar og ROS-analyse - arealendringar" under punkt 4.4.12: Det er ikkje omtala at området røyrer ved natursteinsførekomsten Juskevik. Etablering av føreslått formål kan gjere ressursar i førekomsten utilgjengeleg for framtida ved at den blir bygd ned. Dette bør komme fram av utgreiinga.	Areal				Området er uansett ikkje tatt inn i planen, me har derfor ikkje prioritert å endre dette.
806	Direktoratet for mineralforvaltning	30.04.2024	"Konsekvensutgreiingar og ROS-analyse - arealendringar" under punkt 4.7.9: Metallførekomsten er omtalt, men ikkje i vurderinga av konsekvens. Etablering av føreslått formål kan gjere ressursar i førekomsten utilgjengeleg for framtida ved at den blir bygd ned. Dette bør komme fram av utgreiinga.	Areal				Området er uansett ikkje tatt inn i planen, me har derfor ikkje prioritert å endre dette.
806	Direktoratet for mineralforvaltning	30.04.2024	"Konsekvensutgreiingar og ROS-analyse - arealendringar" under punkt 4.10.8: Det er ikkje omtala at området røyrer ved konsesjonsområdet til Haugesundgangen (innspel 9h) eller nærleiken til klebersteinsførekomsten Urdo (innspel 9c og 9e) og registrerte førekomstar av gull (innspel 9h og 9g). Etablering av føreslått formål kan gjere ressursar i førekomsten utilgjengeleg for framtida ved at den blir bygd ned. Dette bør komme fram av utgreiinga. Det er og fleire gruveopningar i nærleiken (spesielt gjeld dette innspel 9d og 9f), som heller ikkje er omtalt. Dette kan være relevant ettersom det blir tilrettelagd for meir ferdsel i området.	Areal				Gjennomført ny/revidert KU etter justert innspel frå grunneigar. Omtale av mineralressurane er lagt inn.
806	Direktoratet for mineralforvaltning	30.04.2024	"Konsekvensutgreiingar og ROS-analyse - arealendringar" under punkt 4.10.9: Det er ikkje omtala at området røyrer ved klebersteinførekomsten Urdo. Etablering av føreslått formål kan gjere ressursar i førekomsten utilgjengeleg for framtida ved at den blir bygd ned. Dette bør komme fram av utgreiinga.	Areal				Konsekvensutgreiinga for området er ikkje endra.

Journalpost	Innsendar	Dato	Samandrag av merknadar/motsegner	Tema	Siling 1	Siling 2	Siling 3	Konklusjon/løysing
806	Direktoratet for mineralforvaltning	30.04.2024	"Konsekvensutgreiingar og ROS-analyse - arealendringar" under punkt 4.10.14: Det er ikkje omtala at området røyrer ved koparførekomsten Hidle (innspel 16b). Etablering av føreslått formål kan gjere ressursar i førekomsten utilgjengeleg for framtida ved at den blir bygd ned. Dette bør komme fram av utgreiinga.	Areal				Området er uansett ikkje tatt inn i planen, me har derfor ikkje prioritert å endre dette.
807	FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV HORDALAND	02.05.2024	Omtaler at dei har sendt inn den 02.mai og at dei regner med at det er greitt da fristen var sett til 01. mai som er offentleg fridag. Dei angir og at dei ikkje fekk med seg at den var på høyring før 23.april og sett spørsmål om det var då den var lagt ut på høyring då høyringssida anga at den sist var endra denne datoen.	Prosess/spørsmål				Merknaden blir vurdert sjølv om fristen var sett til 01.mai. Planen var lagt ut på nettsida i desember (og annonsert i Bømlo-nytt i januar), men det blei gjort endringer, hovudsakeleg på strukturen på sida samt noko tekst, i etterkant.
807	FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV HORDALAND	02.05.2024	Ser planomtalen har eit tydelig fokus på strandsona. Strandsona er imidlertid bare ett av mange viktige tema i dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging kapittel 5. Fleire av dei andre temaene fra kapittel 5 fortjener meir omtale og grundigare vurderingar. Det er viktig med faglig, gode vurderinger også knyttet til andre natur- og friluftslivsverdier enn strandsona.	Vurderingstema				Strandsona er omtalt ekstra då det var ein av fokusområda i rulleringa av KPA. Det er elles gjennomført konsekvensutgreiingar og planvask der ein og har sett på natur- og friluftsverdiar utanom strandsona.
807	FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV HORDALAND	02.05.2024	Ingen av reguleringsplanane er føreslått oppheva av omsyn til naturverdiar. Ein planvask bør også ta omsyn til at det i dag blir stilt heilt andre krav både til utredning av naturverdier, men også til hvilke naturtyper (f.eks. myr og kystlynghei) som bør bli tatt vare på, enn tidlegare. Det bør vurderas om det er planar som berører raudlista naturtype/artar eller andre naturkvaliteter som i dag blir vurdert som viktige og/eller sårbare som og bør opphevast.	Vurderingstema - planvask			Sjåast saman med motsegn frå Statsforvaltar	Det er gjennomfør vidare planvask etter 1. høyring
807	FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV HORDALAND	02.05.2024	Skulle gjerne sett at lokale planar for naturmangfald og friluftsliv, var del av plangrunnlaget som er oppsummert nederst på side 8 i planomtalen – til dømes kommunedelplan for naturmangfald eller plan for friluftslivets ferdselsårer. Sidan dette ikkje er nemnt som en del av grunnlaget, bør disse temaene/verdiene vurderes ekstra grundig i planarbeidet – da det trolig mangler eit samlet kunnskapsgrunnlag om disse temaene.	Vurderingstema/plangrunnlag				Det er gjennomfør vidare planvask etter 1. høyring, der mellom anna konflikter med naturtyper er vurdert
807	FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV HORDALAND	02.05.2024	Det er viktig at dei siste prognosene for havnivåstigning tas med inn i det videre arbeidet med kommuneplanen (https://www.miljodirektoratet.no/publikasjoner/2024/april-2024/sea-level-rise-and-extremes-in-norway/). Dette er prognosar fram mot år 2100, havet vil fortsette å stige og etter dette. Kommunen må nøye vurdere havnivåstigning som eit viktig tema i det videre arbeidet. Havnivåstigning vil endre landet vårt fremover – spesielt på Vestlandets ytre kyststrøk.	Vurderingstema				Føresegnene er endra
807	FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV HORDALAND	02.05.2024	Nemner også at følgjande tema er viktige å ha med i planen: - dispensasjoner (at arealbruk i størst mulig grad skal avklares gjennom planprosesser, og ikke gjennom dispensasjoner), - bevaring av kantvegetasjon langs vassdrag (jf. eksempelvis vannressursloven), - kommunens mulighet til å sette av viktige natur- og friluftslivsområder som omsynssoner i KPA, - det å sette av tilstrekkelig med grøntområder i nærheten av skoler og barnehager i KPA, samt - det å ha en plan for deponering av masser	Planvask/ føresegn				Føresegnene er endra, mellom anne med tanke på kantvegetasjon og massehandtering. Det er gjennomført planvask.
813	Fiskeridirektoratet	29.04.2024	Føresegn 3.5.2 punkt 2: Rår til at døma blir supplert med "kablar,røyr, flytebrygger, kaiar, plassering av anlegg, fortøyningsinnretningar og dumping", jamfør Fiskeridirektoratet sin planrettleiing: "Fiskeplassar i arealplanar".	Føresegn	Merknad til føresegner	Merknad til føresegner		Tiltak i konflikt med føremålet vil være i strid med planen og er sikra godt nok utan at dette blir spesifisert i føresegnene. Føresegna med opplistinga er derfor tatt ut.
813	Fiskeridirektoratet	29.04.2024	Arealføremålet FE/FI mangler føresegn. Rår til følgjande føresegn: "I områdea er det ikkje tillate med tiltak som hindrar eller er til ulempe for fiske, under dette kablar, røyr, flytebryggjer, kaiar, plassering av anlegg, fortøyingsinrettingar og dumping"	Føresegn	Merknad til føresegner	Merknad til føresegner		Det er lagt inn føresegn som viser til føresegnene til føremåla som er kombinerte - Ferdsel og fiske
813	Fiskeridirektoratet	29.04.2024	Føresegn 3.5.3 punkt 1: Rår til å bytte ut "oppdrett" med "akvakultur. Den siste setninga om merking av anlegg kan utgå då det er sikra gjennom anna regelverk.	Føresegn	Merknad til føresegner	Merknad til føresegner		Føresegna er endra
813	Fiskeridirektoratet	29.04.2024	Føresegn 3.5.3 punkt 3: Første setning omhandler ikkje akvakulturføremålet og dei to første setningane er dekka av føresegn 3.5.1 punkt 2 og bør tas ut frå 3.5.3 punkt 3. Dette gjer det også tydelegare at fortøyingar ikkje kan gå inn i føremåla for fiske (FI) eller ferdsel/fiske (FE/FI).	Føresegn	Merknad til føresegner	Merknad til føresegner		Føresegna er endra

Journalpost	Innsendar	Dato	Samandrag av merknadar/motsegner	Tema	Siling 1	Siling 2	Siling 3	Konklusjon/løysing
813	Fiskeridirektoratet	29.04.2024	Føresegn 3.5.3 punkt 4: Rår ifrå at det generelt vert opna for kablar og leidningar for vatn, avlaup og straum i areala avsett til akvakultur. Dette kan verte til vesentleg ulempe for akvakulturverksemd. Dei vil ikkje motsette seg ei opning for det som er knytta til akvakulturanlegga sjølv.	Føresegn	Merknad til føresegner	Merknad til føresegner		Er spesifisert at det kan tillatast dersom det ikkje er til hinder for bruken av området.
822	Vestland Fylkeskommune	08.05.2024	Vedtak Meiner at konsekvensutgreiinga og kunnskapsgrunnlaget er grundig, men at kunnskapen i ulik grad er følgt opp i planframlegget.	Anna				Det er mellom anna gjennomført planvask etter 1.høyring
822	Vestland Fylkeskommune	08.05.2024	Vedtak Er kritisk til at ein i føresegna opnar for tiltak ut over byggegrensa.	Føresegn	Merknad til føresegner	Merknad til føresegner		Føresegna er endra, men opner framleis for nokre unntak
822	Vestland Fylkeskommune	08.05.2024	Vedtak Eldre reguleringsplanar bør og vurderast i lys av klimaendringar, då dette i mindre grad er vurdert i disse	Planvask				Det er gjennomfør vidare planvask etter 1. høyring
822	Vestland Fylkeskommune	08.05.2024	Vedtak Rår til at at ein legg til ei føresegn om at ein skal vurdere naturbaserte løysingar, jf. retningslinje 16 i regional klimaplan. Samt at ein identifiserer naturområde med potensiale for restaurering, jf. retningslinje 20 i regional klimaplan.	Føresegn	Merknad til føresegner	Merknad til føresegner		Det er gjort endringar i føresegnene for overvatn
822	Vestland Fylkeskommune	08.05.2024	Vedtak Rår til å ha eit særleg fokus på å prioritere utviklinga av attraktive sentrumsområde i framtida	Anna				Merknad til framtidige prosessar, ikkje denne arealdelen.
822	Vestland Fylkeskommune	08.05.2024	Vedtak Oppmodar til å ta omsyn til innspela til vassforvaltning som vil gje eit betre styringsverktøy.	Føresegn				Det er gjort endringar i føresegnene for vassforvaltning
822	Vestland Fylkeskommune	08.05.2024	Vedtak Område for råstoffutvinning i sjøområde er utan eigne føresegner og omtale i planomtalen. På bakgrunn i innrapportering og fagleg vurdering blir det råd til at disse områda blir tatt ut av planen	Areal				Areala er tatt ut i samband med planvask.
822	Vestland Fylkeskommune - Kulturminnefagleg fråsegn	08.05.2024	Arealinnspel 4.6.5, Meling 5b: Areal endra frå LNF til LNF-spredt ved freda kulturminne. Det er også potensiale for funn i området. Arealet må avgrensast mot sørvest til eksisterande bygningar. **Motsegn** mot føreslått avgrensing.	Areal - LNF spreidd	Sjå eigen oversikt			Sjå motsegnsoversikten
822	Vestland Fylkeskommune - Kulturminnefagleg fråsegn	08.05.2024	Aralinnspel 4.10.8, Finnås 9e: Nytt fritids- og turistføremål nær klebersteinsbrotet. Det er ikkje rom for meir utbygging som visuelt stenger for den kulturhistoriske tilknytinga mellom klebersteinbrotet og stranda som utskipingsområde for kleberstein. **Motsegn** til nytt føremål FTU21. Rår og til at LNF-spreidd området mellom klebersteinbrotet og stranda blir endra til LNF og ei omsynssone (H570) kring kulturminnelokaliteten og den noko lunde opne korridoren ned til stranda.	Areal	Sjå eigen oversikt			Sjå motsegnsoversikten
822	Vestland Fylkeskommune - Kulturminnefagleg fråsegn	08.05.2024	Arealinnspel 4.10.14,Finnås 16a: Det er motsegn til delar av arealet endra frå LNF til kombinert byggje- og anleggsføremål, og manglande omsynssone (H570) rundt kulturminnet nordaust av innspel Finnås 16a. **Motsegn** til føremål for utbygging og manglande omsynssone rundt kulturminne. Rår til at også større delar av kulturlandskapet utanfor omsynssona blir bevart som LNF-område, særleg nord mot kanalen.	Areal	Sjå eigen oversikt			Sjå motsegnsoversikten
822	Vestland Fylkeskommune - Kulturminnefagleg fråsegn	08.05.2024	Arealinnspel 4.11.2, Langevåg 2a: Det er nytt areal avsett til næring som utviding av eksisterande anlegg. For å unngå at dei gjenværande kulturminnelokalitetane blir skjemma er det naudsynt med ein lanskapsbuffer på 15-20 meter i nord mot bukta i Eidesvatnet. **Motsegn** mot føreslått avgrensing av utviding av Eidesvik Settefisk sitt område.	Areal - Næring	Sjå eigen oversikt			Sjå motsegnsoversikten
822	Vestland Fylkeskommune - Kulturminnefagleg fråsegn	08.05.2024	Arealinnspel 4.11.5, Langevåg 5a: Det er nytt areal avsett til næring som utviding av eksisterande område for fiskerihamn. Utvidinga vil øydelegge landskap som i dag er bevart i omsynssone (H570) knytta til vern av den topografiske samanhengen til 26 automatisk freda kulturminner (steinalderbuplassar). Det er og stort potensiale for at det er fleire uregistrerte kulturminner i området. Dette utgjer eit samanhengande landskap som på ein unik måte viser korleis steinalderbuplassar har lege plassert i ulike tidsepokar. Det er derfor viktig at den landskapsmessige tilknytinga til dagens strandlinje ikkje blik avstengt eller brote opp. Som eit av få område i verda der kystbuplassar frå steinalderen framleis kan erfarast i eit urørt landskap, har ein også eit internasjonalt ansvar for å bevare dette. Peiker og på at bevaring av gjenværande kulturminne var ein forutsetting, når det blei gitt løyve til fjerning av 11 kulturminner i 2015, for utbygging av gjeldande areal for fiskerihamna. **Motsegn** mot føreslått utviding av fiskerihamna.	Areal - Næring	Sjå eigen oversikt			Sjå motsegnsoversikten
822	Vestland Fylkeskommune - Kulturminnefagleg fråsegn	08.05.2024	Ved arealinnspel 4.11.8, Langevåg 8: Det ligg 5 automatisk freda kulturminner frå steinaldaren knytt til gamal reguleringsplan frå 1991 som ikkje er regulert inn som verna område. Arealføremålet (kombinert byggje- og anleggsføremål) er i konflikt med tre av desse kulturminnene. For å bevare kulturminna sin topografiske samanheng til stranda, kan ikkje arealet for kombinert byggje- og anleggsføremål strekke seg lengre nordaust enn til ein tredjedel av parsellen under gbnr 53/3. **Motsegn** til avgrensing av arealføremål.	Areal - Kombinert føremål	Sjå eigen oversikt			Sjå motsegnsoversikten

Journalpost	Innsendar	Dato	Samandrag av merknadar/motsegner	Tema	Siling 1	Siling 2	Siling 3	Konklusjon/løysing
822	Vestland Fylkeskommune - Kulturminnefagleg fråsegn	08.05.2024	Føresegn 3.4.1: Føresegnene sikrer ikkje tilstrekkeleg kulturminneinteressene i LNF-områda. Føremålet opnar for ulike typer tiltak, og fleire av disse kan være untatt søknadsplikt, men er likevel regulert av mellom anna kulturminnelova. Fellesføresegn 2.6.4 kjem inn på noko av dette, men det må presiserast for LNF-områda. Ber om følgjande presisering: " Det skal dokumenterast at nye tiltak ikkje kan skade eller utilbørleg skjemme automatisk freda kulturminne. Tiltak i LNF-område som er egna til å skade automatisk freda kulturminne i strid med §3 i kulturminnelova må avklarast med regional kulturmiljømynde." **Motsegn** om føresegna ikkje blir endra.	Føresegn	Sjå eigen oversikt			Sjå motsegnsoversikten
822	Vestland Fylkeskommune - Kulturminnefagleg fråsegn	08.05.2024	Føresegn 3.4.2.1: Det er motsegn til bruken av LNF-spreidd slik planen legg opp til. Kulturminneinteressene skal vere avklart i forkant av arealbruk. Dersom tilhøvet til anna lovverk ikkje er avklart er det i utgangspunktet ikkje høve til å nytte LNF-spreidd, og det må alternativt stilles krav til reguleringsplan. Lovverket opnar likevel for avtale om kulturminnefaglig registrering av områda etter avtale under føresetnad om at dette er presisert i føresegnene. Fellesføresegn 2.6.4 kjem inn på noko av dette, men det må presiserast for LNF-speidd. Ber om følgjande presisering: " Det skal dokumenterast at nye tiltak ikkje kan skade eller utilbørleg skjemme automatisk freda kulturminne. I dei einskilde LNF-areala der spreidd utbygging er tillate, skal kommunen gjere avtale med regional kulturminnemynde om kulturminnefagleg avklaring i høve til kulturminnelova §9 av det aktuelle arealet avsett til LNF-spreidd, før oppstart av kommunen si handsaming av tiltak" **Motsegn** om føresegna ikkje blir endra.	Føresegn	Sjå eigen oversikt			Sjå motsegnsoversikten
822	Vestland Fylkeskommune - Kulturminnefagleg fråsegn	08.05.2024	Vestland fylkeskommune viser til at tilhøvet til automatisk freda kulturminne kan avklarast allereie på kommuneplannivå, men berre for arealføremålet «bebyggelse og anlegg». Normalt blir tilhøvet først avklart gjennom handsaming av reguleringsplanar eller byggesak (jf. kml. §§ 8.1 og 8.4). Ettersom regional kulturmiljømynde ikkje har gjennomført arkeologiske registreringar i alle areala omfatta av kommuneplanen, må dei ta atterhald om arealbruk i kommuneplanen sin arealdel inntil tiltaka er avklart i høve til kulturminnelova (jf. kml. §§ 3, 9 og 11). Dette er knytt til pbl. § 11-9, 8. om «forhold som skal avklarast i videre reguleringsarbeid».	Føresegn				Føresegner og retningslinjer for kulturminne og kulturmiljø er endra.
822	Vestland Fylkeskommune - Kulturminnefagleg fråsegn	08.05.2024	Vestland fylkeskommune meiner at arbeidet med definering av omsynssoner etter pbl. §11-8, (c), kartfesta med rutenettskravur i samsvar med SOSI-kode H570, er ufullstendig for bevaring av kulturmiljø knytt til automatisk freda kulturminne. Planen må sikre at opplevinga av einskilde kulturminne og det samla kulturmiljøet blir teke vare på og styrka i dette planarbeidet. Saman med dei automatisk freda kulturminne som er lagt inn i arealplanen, er det viktig at kommunen legg inn omsynssone H570 kring desse kulturminna som gir vern til det nærliggjande kulturmiljøet og lokalitetane sin opphavlege topografiske samanheng. I område der det ligg fleire automatisk freda kulturminne er det også viktig at desse blir liggjande innanfor ei samanhengande omsynssone H570.	Areal - omsynssoner				Me har ikkje prioritert å gjere dette i denne rulleringa. Vil kunne være aktuelt i seinare rullering av KPA eller kulturminneplan.
822	Vestland Fylkeskommune - Kulturminnefagleg fråsegn	08.05.2024	Rubbestadneset (9): Hamn Vestland fylkeskommune gjer merksam på at utlegging av areal til hamn og tilhøyrande anlegg i dette området, må sjåast i samanheng med løysinga av motsegn knytt til automatisk freda kulturminne i framlagt reguleringsplan for næringsområdet Brubakken Nord. Motsegna gjeld nedbygging av nærområda til to steinalderbuplassar id. 273563 og 273564. Vidare utbygging i høve til arealføremål hamn framlagt i kommuneplanen, vil kunne føre til tilsvarande nedbygging på nordaustsida av kulturminnelokalitetane. Dei må difor ta atterhald til arealføremålet ettersom det kan korne i konflikt med kulturminneinteressene i dette området, samt at terrenget mellom steinalderbuplassane og sjøen har stort potensiale for ytterlegare funn av fleire lokalitetar.	Areal				Arealet er vidareført. Utbygging vil krevje reguleringsplan og forholdet til kulturminne vil måte avklarast i reguleringsplanprosessen.
822	Vestland Fylkeskommune - Kulturminnefagleg fråsegn	08.05.2024	Vestland fylkeskommune gjer merksam på at endringa av arealføremål frå LNF til kombinert byggje- og anleggsføremål i eit stort område på Rubbestadneset omfatta av gnr. 83, bnr. 2, 475, 479, 613, let til å ikkje vere konsekvensutgreidd. Her ligg det tre lokalitetar med automatisk freda kulturminne id. 117145, 117146 og 127388, som framleis må ligge bevart i arealføremål som ikkje inneber tiltak. Vi rår samstundes til å legge desse lokalitetane inn i ei samlande omsynssone H570.	Areal				Dette var ein feil og føremålet er retta tilbake til LNF.
822	Vestland Fylkeskommune - Kulturminnefagleg fråsegn	08.05.2024	Brandasund, gnr. 155, bnr. 2: Del av arealføremål for bustader med to automatisk freda kulturminne id. 96160 og 96161, som er knytt til eit strekk med dyrka mark som går nord mot ein tredje kulturminnelokalitet id. 96162. Ut frå fleire omsyn vil det vere fornuftig at dette området blir omgjort til arealføremål for LNF som samanhengande sluttar om alle tre kulturminelokalitetane. Desse tre lokalitetane bør også samlast i ei omsynssone H570.	Areal / planvask				Det er gjort planvask i området
822	Vestland Fylkeskommune - Kulturminnefagleg fråsegn	08.05.2024	Svortland, gnr. 93, bnr. 28: Del av arealføremål for bustader som ligg i reguleringsplan for Laurhammer/Steinsbø bustadfelt, R-69. Ein stor del av denne parsellen består av bandlagt areal knytt til ei automatisk freda gravrøys id. 72845. Forutan områda av parsellen som er utbygd til vegareal, bør arealføremålet på gbnr. 93/28 endrast til LNF som ikkje inneber tiltak.	Areal / planvask				Det er gjort planvask i området
822	Vestland Fylkeskommune - Kulturminnefagleg fråsegn	08.05.2024	Svortland, gnr. 94, bnr. 4: Del av arealføremål for bustader aust og sør for den automatisk freda mellomalderkyrkjegarden id. 134496, bør endrast til LNF for å bevare det vesle som er attende av det opne landskapet kring kyrkjegarden. Dette vil også vere i samsvar med kommuneplanen si føresegn 4.3.2, pkt. 4.	Areal / planvask				Det er gjort planvask i området
822	Vestland Fylkeskommune - Kulturminnefagleg fråsegn	08.05.2024	Svortland, gnr. 97, bnr. 4: Del av arealføremål for bustader kor det ligg to automatisk freda gravrøyser id. 45767, og 96557. Desse er samla i ei kringliggande omsynssone H570 som etter hovudregelen bør vere arealføremål som ikkje inneber tiltak. I tillegg til å endre arealføremålet i omsynssona til LNF, kan omsynssona gjerne innskrenkast i sørvest til å tangere bytegrensene mot gnr. 97, bnr. 74 og 67.	Areal / planvask				Er ikkje endra. Kulturminneinteressene må avklarast gjennom reguleringsplan.

Journalpost	Innsendar	Dato	Samandrag av merknadar/motsegner	Tema	Siling 1	Siling 2	Siling 3	Konklusjon/løysing
822	Vestland Fylkeskommune - Kulturminnefagleg fråsegn	08.05.2024	Langevåg, gnr. 52, bnr. 1, 2, 3 og 6: Del av arealføremål for fritidsbusetnad som ikkje er utbygd bør attendeførast til LNF. Terrengmessig heng dette området saman med det bevarte steinalderlandskapet i omsynssone H570 og KULA-området like mot aust og nord, og har tilsvarande stort potensiale for funn av uregistrerte steinalderbuplassar.	Areal / planvask				Det er gjort planvask i området
822	Vestland Fylkeskommune - Kulturminnefagleg fråsegn	08.05.2024	Arealinnspel 4.1.4 Brandasund 4, gbnr 154/3. Arealinnspelet ligg innafor KULA-området K418 Fitjarøyane. Lyngheilandskap, maktsete og handel i leia, som er eit kulturmiljø og landskap av nasjonal interesse. Fitjarøyene er mellom anna sårbare for nye bygningsstrukturar på visuelt framståande stader i landskapet både på land og sjø. Ei utbygging i tråd med innspelet vil medføre ein del terrenginngrep som har negative konsekvensar for opplevinga av landskapet, særleg på den nordre delen av innspelet. Vestland fylkeskommune rår til at innspelsområdet blir redusert i nord, omtrent ved eller rett sør for grensa til naboeigedomen gbnr. 154/7, slik at unngår inngrep i den nordre delen av landskapet.	Areal				Føremålet er ikkje endra. Detaljer for utbygging, deriblant vidare terrengtilpassing, må avklarast gjennom reguleringsplan.
822	Vestland Fylkeskommune - Kulturminnefagleg fråsegn	08.05.2024	Arealinnspel 4.10.8 Finnås 9a og 9f, gbnr. 135/1,3. Arealinnspel 9a, som er føreslått regulert til hamn, ligg like ved to omsynssoner for bevaring av kulturmiljø. Rett nordaust for innspelet har gardstunet Urdo omsynssone H570_71, og like søraust for innspelet ligg eit verneverdig sjøbruksmiljø med omsynssone H570_27. Vestland fylkeskommune vurderer at opparbeiding av hamn kan få negative konsekvensar for kulturlandskapet rundt, særleg kring omsynssona H570_71, og rår til at arealinnspel 9a blir teken ut av planframlegget. Dersom arealinnspelet likevel blir teke med i planframlegget, bør det utarbeidast ein reguleringsplan i tett samarbeid med kommunal faginstans med ansvar for kulturminnemiljø. Arealinnspel 9f ligg dels tilgrensande til og dels innafor omsynssone for bevaring av kulturmiljø, H570_7. Den delen av arealinnspel 9f som ligg i den nordaustre delen av omsynssona er føreslått som LNF-område, medan den delen av arealinnspel 9f som ligg tilgrensande til og sør for omsynssona er føreslått som arealføremål bustad. Det skal utarbeidast ein reguleringsplan for den delen av innspel 9f som har bustadføremål. Då området er tilgrensande til ei omsynssone for bevaring av kulturmiljø, er det viktig at kommunal kulturstyresmakt blir involvert i arbeidet med reguleringsplanen, og at reguleringsplanensikrarat omsynet til kulturmiljø og kulturminneinteresser blir ivareteke.	Areal og plankrav				Arealet er vidareført. Det er generelt gjort endringar for føresegner til plankrav Kommunal faginstans for kulturminne blir involvert i planarbeid der dette er relevant
822	Vestland Fylkeskommune - Kulturminnefagleg fråsegn	08.05.2024	Arealinnspel 4.10.4 Finnås 4, gbnr. 5/27. Området til innspelet blir i dag nytta til småskala kystfiske. Arealinnspelet ligg innafor omsynssone for bevaring av kulturmiljø - verneverdig sjøbruksmiljø; H570_21 Kuleseid. Dette er den største av fleire omsynssoner H570 som gjeld kulturmiljø ved og nær Kuleseidkanalen. Kulturmiljø langs og nær Kuleseidkanalen har høg verneverdi og er av regional interesse. Det er særs viktig at det for arealinnspelet blir sett høge krav til utforming og tilpassing, jamfør føresegn og retningsliner som gjeld kulturminne og kulturmiljø i kommuneplanen sin arealdel; punkt 2.6.4 og punkt 4.2.3.	Føresegn	Merknad til føresegner	Merknad til føresegner		Føresegner og retningslinjer for kulturminne og kulturmiljø er endra.
822	Vestland Fylkeskommune - Kulturminnefagleg fråsegn	08.05.2024	Arealinnspel 4.10.6 Finnås, 6b - 6c og 7, gbnr. 122/3 0g 122/22, 39. Innspela ligg innafor omsynssone H570_21 Kuleseid. Innspela 6b og 6b er ei utviding av eksisterande naustføremål. Innspel 7 er allereie utbygd med naust og brygger, og innspelet overlappar så vidt med midtre kanal i Kuleseidkanalen. Det skal utarbeidast reguleringsplan for innspela 6b og 6c. Vestland fylkeskommune vil tilrå at kommunal faginstans med ansvar for kulturmiljø blir involvert i dette, og at reguleringsplanen sikrarat omsynet til kulturmiljøet og kulturminneinteressene blir ivareteke. Det er her særs viktig at det blir sett høge krav til utforming og tilpassing, og at materialbruk og detaljering blir følgd nøye opp.	Plankrav				Kommunal faginstans for kulturminne blir involvert i planarbeid der dette er relevant
822	Vestland Fylkeskommune - Kulturminnefagleg fråsegn	08.05.2024	Arealinnspel 4.10.14 Finnås 16a, 16d oa 16e, abnr 4/8, 35 mfl. Arealinnspela ligg dels innanfor og dels tilgrensande til omsynssone H570_21 Kuleseid. For arealinnspel 16d skal det utarbeidast ein reguleringsplan. Vestland fylkeskommune rår til at arealinnspel 16d blir teken ut av planen, då ei småbåthamn like ved innseglinga til Kuleseidkanalen og tilgrensande til omsynssona vil ha negative visuelle konsekvensar for kulturmiljøet. Det er i konsekvensutgreiinga tilrådd at det blir utarbeidd reguleringsplan også for arealinnspel 16a, men det er vanskeleg å sjå ut frå plankartet om dette (visast med føresegnsområde #1) er lagt inn eller ikkje. Vestland fylkeskommune ber om at det blir utarbeidd reguleringsplanar for arealinnspela 16a og 16e. For alle reguleringsplanar i området - også for arealinnspel 16 dersom den utgår av planen - vil fylkeskommunen tilrå at kommunal faginstans med ansvar for kulturmiljø blir involvert, og at reguleringsplanane sikrar at kulturmiljøet og kulturminneinteressene blir teken omsyn til og ivareteke.	Areal og plankrav				Arealet er vidareført. Det er generelt gjort endringar for føresegner til plankrav Kommunal faginstans for kulturminne blir involvert i planarbeid der dette er relevant
822	Vestland Fylkeskommune - Kulturminnefagleg fråsegn	08.05.2024	I plankartet ligg området KBA 102 inne som eit område med vidareføring av arealføremålet kombinert bygg og anlegg. Sidan området gjeld gullgruvene på Lykling, vurderer Vestland fylkeskommune at det er uheldig at området i plankartet ligg inne med dette føremålet, og i tillegg at det ikkje er vist ei eller fleire omsynssoner for bevaring av kulturmiljøet, som er av vesentleg regional og nasjonal interesse. Då gullgruvene på Lykling er ein av 62 lokalitetar i Geopark Sunnhordland, som i 2023 fekk Unesco geopark-status, er området også av regional interesse. Den gjeldande reguleringsplanen for området (plan-ID 4613_R-59, plannamn Gullgruveområde) vart vedteken 12.09.1994, med føremål å «ta vare på kultur- og naturkvalitetar i området», vidareutvikle området som opplevingsområde kulturhistorie og friluftsliv/ leggje til rette for slik verksemd, og «unngå utbygging av bruk av området som er i konflikt med kulturminneinteresser». I kva grad den gjeldande reguleringsplanen frå 1994 i tilstrekkeleg grad sikrar kulturmiljøet i dag, har Vestland fylkeskommune ikkje vurdert særskilt i samband med handsaminga av kommuneplanen, men ber om at arealføremålet i plankartet til kommunekartet ikkje blir lagt inn med arealføremål kombinert bygg og anlegg, men med eit arealføremål som er meir presis i høve til den gjeldande reguleringsplanen. Ber vidare om at det i planen blir vurdert å legge inn omsynssoner for bevaring av kulturmiljø også her, og gjerne at dette blir sett i samanheng med kartfestinga av omsynssone H570_7 lenger sør.	Areal / planvask	Det er regueringsplan som framleis skal gjelde i område. Digitalisert føremål er uheldig og bør sjåast på.			Føremåla er detaljert gjennom planvasken, og det er lagt inn omsynssoner i samsvar med reguleringsplan R-59

Journalpost	Innsendar	Dato	Samandrag av merknadar/motsegner	Tema	Siling 1	Siling 2	Siling 3	Konklusjon/løysing
822	Vestland Fylkeskommune - Kulturminnefagleg fråsegn	08.05.2024	Kommuneplanen sin arealdel er supplert og konkretisert mellom anna gjennom Kommunedelplan for kulturminne 2021-2032. Medan det i kulturminneplanen er lista opp 94 omsynssoner H570 for bevaring av kulturmiljø (sju av dei gjeld omsynssoner rundt automatisk freda kulturminne, og to av dei gjeld omsynssoner rundt vedtaksfreda kulturminne), er det i plankartet til kommuneplanen sin arealdel lagt inn 87 omsynssoner H570 (også der er nokre rundt automatisk freda eller vedtaksfreda kulturminne). Ei av omsynssonene, H570_1, omfattar KULA-området Søre Bømlo - Hespriholmen: Steinalderlandskap med grønsteinproduksjon. Denne er lagt inn med omsynssone etter at kulturminneplanen vart vedteken. I tillegg er det i plankartet lagt inn ei omsynssone H550 for bevaring av landskap, for KULA-området Fitjarøyane: Lyngheilandskap, maktsete og handel i leia. Vestland fylkeskommune har ikkje kontrollert alle omsynssonene H570 i plankartet, men ser at 35 av dei manglar ei kort skildring utover «verdifulle kulturlandskap» eller «verneverdige sjøbruksmiljø», og reknar med at dette omfattar nesten alle dei 37 omsynssonene som låg inne i gjeldande kommuneplan før kulturminneplanen vart vedteken, sidan det gjeld for omsynsonene H570_2 - 34 og for H570_87 og den nye H570_1. Ser elles at omsynssonene H570_1 og H570_87 i plankartet gjeld for andre kulturmiljø enn det som er oppført i kulturminneplanen, og at det i føresegn og retningsliner blir vist også til ei omsynssone nummer 88, som dei ikkje kan sjå at er inkludert i plankartet. Vestland fylkeskommune ber om at det i plankartet blir lagt inn ei kort skildring for dei omsynssonene som mang lar dette, og at kommunen kontrollerer at både tal på og nummerering av omsynssoner i plankartet er riktig.	Areal - omsynssoner				Omsynssonene er oppdatert. Nærmare omtale av kulturminnnene ligg i kulturminneplanen og er ikkje lagt inn i omtalen i plankartet.
822	Vestland Fylkeskommune - Kulturminnefagleg fråsegn	08.05.2024	Under punkt 4.2.3 Omsynssone bevaring kulturmiljø og landskap er det lagt inn ni retningsliner, kor ein av dei viser til føresegna under punkt 2.6.4, og to av dei nemnar dei to KULA-områda i kommunen. I dei to sistnemnde retningslinene står det: «b) H570_e1r Kulturhistorisk landskap (KULA): Søre Bømlo - Hespriholmane, steinalderlandskap - omsyn kulturmiljø. c) H550_e1r kulturhistorisk landskap (KULA): Fitjarøyane - Lyngheilandskap, maktsete og handel- omsyn landskap». Vestland fylkeskommune rår til at det for desse to omsynssonene som omfattar kulturmiljø og landskap av nasjonal interesse blir lagt inn generelle føresegner og retningsliner som formulerer målsetninga for forvaltinga av områda og rammene for bruken av dei, slik det er tilrådd frå nasjonalt hald. Ser at det i eit av føresegna under punkt 2.6.4 står at «Område med natur- og kulturverdiar som vert vurdert som verdfulle kulturlandskap, skal ivaretakast og forvaltast slik at kvalitetane i landskapet vert styrka (…)», men vurderer at det for KULAområda bør vere betre spesifisert både når det gjeld generelle føresegn og retningsliner.	Føresegn	Merknad til føresegner	Merknad til føresegner		Føresegner og retningslinjer for kulturminne og kulturmiljø er endra
822	Vestland Fylkeskommune - Kulturminnefagleg fråsegn	08.05.2024	Vestland fylkeskommune rår til at det for einskilde større omsynssoner og for omsynssoner som gjeld samansette kulturmiljø blir spesifisert tydelegare kva som skal ivaretakast og korleis, og at det og blir differensiert meir innanfor dei ulike delane av desse omsynssonene. Eit døme på omsynssoner kor vi rår til at kommunen jobbar vidare med retningslinene, er omsynssonene ved og nær Kuleseidkanalen, mellom anna H570_21. Vestland fylkeskommune rår elles til at kommunen gjer ei vurdering av kva for omsynssoner som det er naudsynt å presisere eller differensiere retningslinene for. Vi vil understreke at det er viktig at dette arbeidet gjerast i samråd med kommunal faginstans med ansvar for kulturmiljø.	Føresegn	Merknad til føresegner	Merknad til føresegner		Retningslinjene er endra
822	Vestland Fylkeskommune	08.05.2024	<u>Berekraft</u> Det er positivt at kommunen er konkret i bruken av strategiar i samfunnsdelen inn KPA-arbeidet og dette blir til dømes synleg gjennom arbeidet med senterstruktur og strandsone. Fylkesdirektøren vil i denne samanhengen minne om dei tre dimensjonane økologisk, sosial og økonomisk berekraft, og at desse står i eit innbyrdes forhold.	Generelt	Tas til orientering.			Tas til orientering.
822	Vestland Fylkeskommune	08.05.2024	<u>Regionale føringar</u> Ønskjer at planomtalen i større grad viser forholdet mellom dei regionale planane i høve eigne vurderingar tilpassa kommunen. Tenkjer då særleg på korleis dei regionale planane gjev føringar og retningslinjer som er tatt med i planen og planarbeidet. Gjelder følgjande regionale planar: - Regional transportplan 2022-2033 for Vestland (RTP) - Regional plan for klima 2022-2035 - Regional vassforvaltningsplan 2022-2027 for Vestland vassregion	Planomtale				Planomtalen er noko endra, men det er ikkje sagt mykje om dei regionale planane. Det er kort vist til ny regional plan for areal og mobilitet, som har vært på høyring i 2026.
822	Vestland Fylkeskommune	08.05.2024	<u>Konsekvensutgreiing</u> Samla sett vurderer fylkeskommunen at arbeidet med ROS-analyse og konsekvensutgreiing er grundig. Det er også gode kunnskapsgrunnlag for temaa som Bømlo har valt særleg fokus på i arbeidet. Fylkesdirektøren vil likevel peike på bruken av kunnskap frå konsekvensutgreiinga. Det er noko varierande i kva grad resultat frå KU er lagt til grunn for dei ulike fagtemaa planen handsamar. Konsekvensutgreiinga syner m.a. at planframlegget vil ha ein negativ samla konsekvens for naturmangfald. Vidare er det lagt opp til omdisponering av fulldyrka mark. Fylkesdirektøren vurderer at dette i for liten grad får følger i planarbeidet, der kommunen burde gje meir restriktive føringar for arealbruk, t.d. gjennom føresegner.	Føresegn og planvask	Merknad til føresegner	Merknad til føresegner		Konfliktnivået er kraftig redusert gjennom gjennomført planvask. Det er og gjort justeringar i føresegnene
822	Vestland Fylkeskommune	08.05.2024	<u>Gjennomgang av godkjente reguleringsplanar</u> Vurderer at kommunen har gjort eit godt arbeid med reguleringsplanar, som i stor grad sikrar føreseie og oppdatert kvalitet i styring av utviklinga.	Planvask				Det er gjennomført vidare planvask etter 1. høyring
822	Vestland Fylkeskommune	08.05.2024	<u>Folkehelse</u> Kommunen skal fremje folkehelse innan dei oppgåver og med dei verkemidla kommunen er tillagt. Dette har kommunen fått til på ein god måte i kommuneplanens arealdel. Prinsippet om universell utforming skal takast i vare gjennom krav til tilgjenge. Kommunen har inkludert føresegner på universell utforming, men temaet kunne vore lagt større vekt på i planomtalen.	Planomtale				Det er gjort endringar i føresegner og planomtale

Journalpost	Innsendar	Dato	Samandrag av merknadar/motsegner	Tema	Siling 1	Siling 2	Siling 3	Konklusjon/løysing
822	Vestland Fylkeskommune	08.05.2024	Senterstruktur og -avgrensing Vurderer at planframlegget stettar forventningane og intensjonane i den vedtekne regionale politikken for senter og sentrumsutvikling. Framtidig kommunedelplan eller områdeplan for sentera vil vere ei føremon, slik også kommunen stadfester i kommuneplanen sin samfunnsdel, i vedlagd rapport om senterstruktur og føresegner.	Senterstruktur	Tas til orientering.			Tas til orientering.
822	Vestland Fylkeskommune	08.05.2024	Bustadreserve og arealforvalting Oppsummert gjev planframlegget eit betre grunnlag for vidare planlegging og utvikling i kommunen enn gjeldande plan. Kommunen peikar på at det vil vere trong for rullering av fleire tema under/etter KPA er rullert. Her peiker ein mellom anna på overordna bustadstrategi og senterstruktur, med undertema som stor bustadreserve, omsyn til eldrebølge, og meir konkret områdeplanar for sentera. Dette ser fylkeskommunen fram til som positivt.	Generelt	Tas til orientering.			Tas til orientering.
822	Vestland Fylkeskommune	08.05.2024	Mobilitet og kollektiv Vil oppmode kommunen til eit særleg fokus på prioritere utviklinga av attraktive sentrumsområde i framtida, og i minst mogleg grad legge til rette for spreidd utbygging i LNF-områda (landbruks- , natur og friluftsområda). Vi registrerer at kommunen vektlegg å utnytte eksisterande infrastruktur før det vert etablert nye område. Dette er viktig for å nå dei prinsippa og mål om ein berekraftig utvikling som er sett i kommuneplanens samfunnsdel.	Generelt	Tas til orientering.			Tas til orientering.
822	Vestland Fylkeskommune	08.05.2024	Klima - Innleiiande Fleire nye utbyggingsområde fører til nedbygging av myr. Arealrekneskapet syner at ny arealbruk vil føre til nedbygging av 14 dekar myr, som fylkeskommunen meiner bør reduserast. Det er mellom anna lagt inn eit næringsområde i Svortland på myr der det også er registrert funksjonsområde for fugleartar, og som difor ikkje er tilrådd. Kan ikkje sjå at det er gjort alternativvurderingar av lokalitetane kommunen legg til rette for å bygge ned, jf. KU-forskriften. Dette bør skje på kommuneplannivå. I dei områda der det er negativ eller stor negativ konsekvens knytt til myr, må ein synleggjere kva alternativ som er vurdert, og kvifor dei ikkje er relevante eller realistiske.	Areal				Det er gjennomført planvask etter 1. høyring, og gjennomført revidering av nokre konsekvensutgreiingar.
822	Vestland Fylkeskommune	08.05.2024	Klima - Innleiiande Omsyn til eit klima i endring er ikkje inkludert i vurderinga av eldre reguleringsplanar. Oppmodar kommunen om å vurdere korleis klimaendringane kan påverke reguleringsplanane ein har valt å vidareføre, til dømes med fokus på transportmønster, krav til materialval, utnyttingsgrad, utbyggingsmønster og samla klimarisikoen.	Vurderingstema				Det er gjennomfør vidare planvask etter 1. høyring
822	Vestland Fylkeskommune	08.05.2024	Klima - Innleiiande Oppmodar om at føresegn 2.4.8 nr. 8 blir presisert, slik at den tydeleg krev ei vurdering av klimaomsyn i alle reguleringsplanar.	Føresegn	Merknad til føresegner	Merknad til føresegner		Det er gjort endringar i føresegnene til vurdering av klimaomsyn ved planlegging
822	Vestland Fylkeskommune	08.05.2024	Klimatilpassing Det er positivt at føresegna set krav om at overvatn i hovudsak skal handterast lokalt og i opne løysingar. Oppmodar om at det også blir sett krav om prioritering av naturbaserte løysingar for handsaming av overvatn jf. retningslinje 16 i regional klimaplan. Naturbaserte løysingar med opne vassvegar kan bidra til å skape eit balansert forhold mellom tilpassing, natur og landskap. Dei kan vere med å skape gode nærmiljø, samtidig som ein tek i vare biologisk mangfald i bygde og fortetta område. Her er nokre døme på føresegn som kan bidra til dette: 1) I arealplanar skal terreng- og overflateutforming, grønstruktur, vegetasjon og overvasshandsaming samordnast. 2) Nedbør skal fortrinnsvis gis avløp gjennom infiltrasjon i grunnen og i opne vassvegar. 3) Reguleringsplanar skal i nødvendig utstrekning identifisere og sikre areal for overvasshandsaming (jf. pbl §20-4, 2. ledd). Vidare oppmodar dei om at det blir lagt til ei føresegn om at ein skal vurdere naturbaserte løysingar, og at ein skal grunngi viss desse blir vald vekk, i tråd med retningslinje 16 i regional plan for klima. Det er viktig at dette blir lagt inn som føresegn i overordna plan, for å sikre at det blir vidareført til reguleringsplanar.	Føresegn	Merknad til føresegner	Merknad til føresegner		Det er gjort endringar i føresegnene for overvatn
822	Vestland Fylkeskommune	08.05.2024	Naturmangfald Føresegna knytt til naturmangfald slår fast at naturtypar og leveområde for artar på land og i sjø som er synte i nasjonal database skal takast omsyn til ved all planlegging og i den enkelte byggjesak. Meiner at denne formuleringa er noko svak, og vil oppmode om at desse får sterkare formulering. Minner om at det finst naturtypar og artar som ikkje er registrert og område som ikkje er kartlagt i den nasjonale arts-databanken. Mot slutten av 2025 blir det lagt ut ny liste over truga naturtypar. Raudlista for naturtypar er eit verktøy og eit kunnskapsgrunnlag for å gjere prioriteringar, og bør få ei prioritet i føresegna.	Føresegn	Merknad til føresegner	Merknad til føresegner		Det er gjort endringar i føresegna om naturmangfald.
822	Vestland Fylkeskommune	08.05.2024	Naturmangfald Fylkeskommunen registrerer at arealplanen ikkje seier noko om restaurering av øydelagde økosystem, jf. retningslinje 20 i regional klimaplan. Retningslinja seier at naturområde med potensiale for restaurering skal identifiserast og vurderast i overordna kommunale planprosessar.	Areal/ føresegn				Det er ikkje identifisert slike område i denne rulleringa
822	Vestland Fylkeskommune	08.05.2024	Energi Under punkt 2.4.8 Klima, energi, og tekniske anlegg (pbl. § 11-9, nr. 3 og 5), punkt 9 i føresegner og retningslinjer er det lagt inn krav om at energiløysingar skal vere basert på fornybar energi. Plan- og bygningslova opnar berre for krav til fjernvarme, så denne føresegna bør ha ei bør formulering, og ikkje skal.	Føresegn	Merknad til føresegner	Merknad til føresegner		Føresegna er juster og endra til ei retningslinje
822	Vestland Fylkeskommune	08.05.2024	Strandsone Unntaka gitt for byggjegrensa i føresegn 2.3.2 punkt 2, kan slik fylkesdirektøren vurderer det, undergrave i nokon grad arbeidet ein har gjort med å sette byggegrense. Vidare kan det auke innbyggarane sine forventningar til individuelle tiltak på kostnad av naturverdiar og allmenta sine interesser i strandsona.	Føresegn	Merknad til føresegner	Merknad til føresegner		Føresegna er endra, men opner framleis for nokre unntak

Journalpost	Innsendar	Dato	Samandrag av merknadar/motsegner	Tema	Siling 1	Siling 2	Siling 3	Konklusjon/løysing
822	Vestland Fylkeskommune	08.05.2024	Vassforvalting Føresegn 2.4.8 nr. 3 gjeld mindre utslepp av sanitært avløpsvatn. Vær merksam på at dette kan bli forelda når nytt avløpsdirektiv kjem på plass. I føresegn 2.5.2 nr. 3 står det under overvatn at «miljøtilstand for vassførekomsten skal ikkje påverkast negativt». Her rår dei å legge til «Løysingar for overvatn skal ta omsyn til og fortrinnsvis forbetre det biologiske mangfaldet». Føresegn 2.6.1 nr. 2 Kantvegetasjon skal takast vare på, i samsvar med vassforskrifta § 12. Her trur me ein har meint vassressurslova § 11 som omhandlar kantvegetasjon.	Føresegn	Merknad til føresegner	Merknad til føresegner		2.4.8: Tas til orientering, er ikkje endra 2.5.2: Er endra til retningslinje med ønska tillegg. Flytta til føresegnene for VAO under tekniske anlegg 2.6.2: Lovhenvisninga er retta opp
822	Vestland Fylkeskommune	08.05.2024	Akvakultur Bømlo kommune har ikkje planlagt for nye akvakulturområde. Fylkeskommunen ser positivt på at det gjort endringar og noko utvida arealbruk for 10 av 16 godkjente lokalitetar for laks og aure. Føresegnene som er knytt til «Bruk og vern av sjø og vassdrag» er tydelege. Det er viktig at føresegnene er lett å forstå, slik at det ikkje vert rom for tolking i bruken av dei.	Generelt	Tas til orientering.			Tas til orientering.
822	Vestland Fylkeskommune	08.05.2024	Råstoffutvinning - skjelsand Plankartet viser i alt 6 område for råstoffutvinning (RU / § 11-7 nr 1) i sjøområdet. Områda er utan føresegn og omtale i planskildringa. Områda er, eller har vore, konsesjonsområde for opptak av skjelsand. Det er områda RU1, RU2, RU6, RU7, RU8 og RU9. RU1 og RU2 er utgåtte konsesjonsområde, utan rapporterte opptak av skjelsand. På området RU6 har det vore opptak av skjelsand i åra 2002, 2011-2012 og 2018-2022 (til saman 1810 m3). Området RU7 er vist slik det var før konsesjonsområdet vart innskrenka noko mot nord ved søknaden om forlenging av konsesjonen i 2015. På området RU8 er det i samband med årsrapportering av skjelsandopptak i 2023 opplyst om at området der ikkje er drivverdig. Frå området der er det i alt rapportert om opptak av 6291 m3 massar i perioden frå 1997 til 2015. Området RU9 har gått ut, og vart «erstatta» av området «Utfatet Sør» i 2015, eit område som ikkje er vist på plankartet. På området der er det så langt ikkje teke opp skjelsand, og det er krav om nærare undersøking før det ev. kan takast opp skjelsand. Oppsummert kan områda RU1, RU2, RU8 og RU9 takast ut av plankartet.	Areal				Tatt ut i samband med planvask
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	Sjølv om kommunen har fått utarbeidd eit godt og oversikteleg kunnskapsgrunnlag til arealdelen, samen med eit oppdatert kunnskapsgrunnlag for naturmangfald, saknar dei likevel at denne kunnskapen i langt større grad vert lagt til grunn for vurderingar og aktive grep i arealplanlegginga gjennom plankartet særskilt. Ein gjennomgang av eksisterande arealføremål i arealdelen av kommuneplanen gjennom ei såkalla «planvask», hadde redusert konflikt med nasjonale interesser innan jordvern, karbonrike areal, strandsone, naturmangfald og statlege planretningsliner for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging.	Generelt - Innleiiande	Tas til orientering. Konkrete merknadar er omtala i eigne punkt.			Tas til orientering.
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	Konsekvensutgreiing Viser til at det er oppgitt at føringar frå samfunnsdelen er relevante for konsekvensutgreiinga. Dette høyrer ikkje heime i ein vurdering av konsekvensar/konsekvensutgreiing, da vurderinga av konsekvens skal være tufta på anerkjende metodikkar, være objektiv og skal kunne etterprøvast. Politiske avvegingar skal ikkje være del av konsekvensutgreiinga.	Vurderingstema				Omtale av KPS er ikkje tatt inn i nye KU-er
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	Senterstruktur Anbefaler kommunen å definere alle lokalsentra og å bruke sentrumsføremål i sentrum av alle sentra for å skape større fleksibilitet og blanding av føremål der både bustad, forretning og anna kan inngå. Det bør nyttast omsynssone med krav til felles planlegging for lokalsentra der det i føresegnene er sett krav til kommunedelplan eller områdeplan. alternativt må utstrekningen definerast slik som det er gjort for Svortland og Mosterhamn.	Senterstruktur	Merknad til senterstruktur	Merknad til senterstruktur	Merknad til senterstruktur	Det er gjort endringar i forhold til sentrum. Føresegnsområda er tatt ut, og det er tatt inn sentrumsføremål med meir i sentrumsområda.
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	Gjennomgang av gjeldande reguleringsplanar og gjeldande arealbruk i arealdelen - "planvask" Det er fleire tema som er sentrale å vurdere gjeldande arealbruk etter som ikkje er vurdert ved gjennomgangen av gjeldande reguleringsplanar. Reguleringsplanane er vist med hovudføremålet eller kombinert byggje- og anleggsføremål. Det er ikkje anledning til å kombinere enkelte underføremål slik det er gjort enkelte plassar i planforslaget. Føresegn 3.1.13 er tung å lese og opnar før meir enn det som nok har vore intensjonen. Føremålet vil omfatte i alle fall 10 ulike byggjeføremål som ligg under hovudføremålet bebyggelse og anlegg. Sidan kommuneplanen gjeld framom reguleringsplan ved motstrid, vil ein i teorien kunne søkje om alt som fell innanfor hovudføremålet bebyggelse og anlegg. «Grøne» føremål i reguleringsplanane vil også i alle tilfelle gje motstrid med arealdelen, og er såleis ikkje sikra. Eit slikt grep gjev eit uklart oppsett der plankart og føresegn vert vanskeleg å lese, og verknadene kan også verte ukjende slik. Det enklaste er om kommunen går igjennom og vurdert alle utbyggingsareal i KPA på bakgrunn av nyare nasjonale og regionale føringar, og vurderer føremåla etter dette. Det er eit krav at kommunen gjer ein slik gjennomgang og revisjon av kommuneplanen.	Planvask			Må sjåast saman mot motsegna.	Det er gjennomført vidare planvask etter 1. høyring og føremåla for reguleringsplanar er meir detaljert. For alle gjenværande kombinerte føremål skal det no være gitt kva føremål som kan kombinerast i området.
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	Gjennomgang av gjeldande reguleringsplanar og gjeldande arealbruk i arealdelen - "planvask" Utbyggingsareal som kjem i konflikt med til dømes verdifullt **naturmangfald, dyrka mark, strandsoneverdiar, karbonrike areal og bustadareal som ligg usentralt til i høve senterstruktu**r, og som gjev motstrid med statlege planretningsliner, nasjonal jordvernstrategi og T-2/16, må vurderast teke ut av plankartet. Manglande gjennomgang og tilstrekkeleg omsyn til nasjonale interesse gjev grunnlag for generell **motsegn.**	Planvask	Sjå eigen oversikt			Sjå motsegnsoversikten

Journalpost	Innsendar	Dato	Samandrag av merknadar/motsegner	Tema	Siling 1	Siling 2	Siling 3	Konklusjon/løysing
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	<u>Bustadområde og bustadbehov i planperioden</u> Det er positivt at det er tatt ut noko areal til bustadbygging, med ein netto reduksjon på om lag 185 daa. I følgje SSB's folketalsframskriving (høgalternativet) kan Bømlo forvente ein om lag 340 ny innbyggjarar i planperioden (utgjer om lag 145 bustadar) og det er i dag ein reserve på om lag 2800 bustadar. Bustadreserven spegler ikkje eit reelt behov. Det er forståeleg at ein ynskjer å ha ein romsleg reserve, men dette er ein reserve som ligg veldig langt frå behovet som finst. Mange av areala er og i konflikt med nasjonale interesser som jordvern, landbruk, naturmangfald, strandsone og klima (både i forhold til karbonrike areal og samordna bustad-, areal- og transportplanlegging). Viser elles til motsegn med tanke på "planvask".	Planvask				Det er gjennomført vidare planvask etter 1. høyring
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	<u>Bustadsosiale tilhøve</u> Det er viktig å sette av tilstrekkeleg og eigna område for bustader til prioriterte målgrupper. Ved å integrera bustadsosiale omsyn i den kommunale samfunns- og arealplanleggjinga kan kommunen bidra til gode bu-tilbod for ulike vanskelegstilte grupper på bustadmarknaden og leggja til rette for at fleire kan eiga eigen bustad.	Føresegn				Føresegnene til bustadføremål er endra
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	<u>Klimagassutslepp</u> Kommunen si arealpolitikk er viktig i klimasamanheng. Samanhengen mellom klima- og energiplanlegging og samordna bustad-, areal- og transportplanlegging bør vere synleggjort i planar som handsamar klima- og energispørsmål, jf. SPR for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing pkt. 3.1 bokstav i. Det er bra at konsekvensutgreiinga og planforslaget faktisk viser til utslepp frå ny arealbruk, men både eksisterande areal som ligg inne i kommuneplanen og nytt areal som er lagt inn, vil kunne gi utslepp av klimagassar. Mykje av det eksisterande utbyggingsarealet i kommuneplanen ligg på karbonrike areal, både myr (344 daa, - 30 daa i nytt planforslag), skog på høg bonitet og dyrka mark, og mykje av arealet som er sett av til bustad i eksisterande plan ligg usentralt til og er bilbaserte. Dette kjem ikkje fram i rekneskapen. Dei venta klimagass-utsleppa til kommunen til arealbruk og utbygging er såleis betydeleg høgare enn kva som går fram av planforslaget og samla konsekvensutgreiing. Berekna utslepp vert noko teoretisk fordi alt utbyggingsareal med stort sannsyn ikkje vil verte bygd på, men ein står i reell fare for at utbygging kjem på dei mest karbonrike areala framfor areal som gjev lågast mogleg utslepp. Det er eit uheldig plangrep.	Planvask				Det er gjennomført planvask etter 1. høyring, og utbyggingsareal er redusert.
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	<u>Klimatilpassing</u> Kommunen har i planomtalen kap. 6.6.5 vist til at god arealplanlegging er eit viktig verktøy for å redusere konsekvensar av eit endra klima. Det er mykje fokus på auka nedbør, stormflo og havnivåstiging, men mindre på auka hendingar med tørke og brann. Dette bør kommunen også vise til og ta omsyn til, også i kommunen si heilskaplege ROS-analyse ved revisjon. Det er positivt at kommunen har teke inn føresegn som skal sikre klimatilpassing. Vi skulle likevel gjerne sett at kommunen var noko meir offensiv i utforming av føresegn som skal virke førebyggjande, t.d. med forbod mot lukking av vassdrag og krav om å nytte naturbaserte løysingar. Elles er kommunen si fastsetting av byggjegrense mot vassdrag eit viktig bidrag for å i større grad klare å unngå å byggje i flaumutsette område, og for å gje vatnet plass ved store nedbørsmengder. Det er likevel verd å merke seg at bygging uansett ikkje bør skje i område som er utsett for flaum, og at areal viktig i klimatilpassingsarbeidet gjennom ein planvask vert vurdert sikra. Når det gjeld kommunen si handsaming av naturfare, og som er særskilt relevant for klimatilpassing, viser vi til NVE sitt brev med motsegn. Vi legg til grunn at kommunen følgjer opp grunnlaget for motsegn, men også punktet til NVE om overvatn der ein anbefaler kommunen å innhente meir kunnskap om nedbørfelt, flaumvegar og resipientar.	Føresegn og planvask				Tørke og brann er tatt med i revidert H-ROS. Føresegner: Det er gjort endringar i føresegnene. Planvask: Det er gjennomført planvask. Avstand til vassdrag er og vurdert der. Naturfare: Sjå merknadar frå NVE
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	<u>Strandsona og byggjegrense til sjø</u> Planforslaget har ikkje i tilstrekkeleg grad revidert plansituasjonen for strandsona. Særleg gjeld dette fritidsbustad og naust med tilhøyrande småbåtanlegg, men og andre utbyggingsføremål som akvakultur og fritid og turisme. Dei påpeiker at sjølv om Bømlo ligg i sone 3 i dei statlege planretningslinjene for differensiert forvalting av strandsona så er det stadvis sterkt utbyggingspress i strandsona. Det er ekstra viktig å sikre tilgjengeleg strandsone for ålmenta og andre strandsoneverdiar i slike områder. Forslag til ny byggjegrense kjem også i enkelte områder i vesentleg konflikt med strandsoneinteresser. Statsforvaltaren finn grunnlag for generell **motsegn** til planen si handtering av strandsonevernet, jf. pbl. § 1-8 med tilhøyrande statlege planretningsliner for differensiert forvalting av strandsona langs sjø.	Planvask/ Byggjegrense	Sjå eigen oversikt			Sjå motsegnsoversikten

Journalpost	Innsendar	Dato	Samandrag av merknadar/motsegner	Tema	Siling 1	Siling 2	Siling 3	Konklusjon/løysing
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	Byggjegrense til sjø Byggjegrensa er langt på veg sett slik at den i tilstrekkeleg grad ivaretek strandsoneinteresser og -verdiar. Er likevel sterkt bekymra over formuleringa i rapport for fastsetting av byggjegrensa, at "bygjegrensa er sett med intensjon om at t.d. naudsynt utfylling, bryggjer og flytebryggjer kan leggjast ut utanfor byggjegrensa når den er sett i sjøkanten.", som og er vidareført i føresegnene. Viser elles til motsegn til føresegn 2.3.2. Har lagt merke til at byggjegrensa enkelte plassar er sett på ein måte som kjem i vesentleg konflikt med strandsoneomsyn, som gjev grunnlag for generell **motsegn**. Dei har angitt nokre døme på slike plassar.	Byggjegrense/ Føresegn	Sjå eigen oversikt			Sjå motsegnsoversikten
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	Byggjegrense til sjø Påpeiker at byggjegrense og føremål i mest mogleg grad må samsvare for å unngå dobbeltkommunikasjon. Det er gjort vurderingar av strandsonen i samanheng med byggjegrensa, men utbyggingsføremåla er ikkje endra i samsvar med denne vurdering, dette er særs uheldig og gjev grunnlag for **motsegn**.	Planvask	Sjå eigen oversikt			Sjå motsegnsoversikten
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	Fritidsbustad Viser til samfunnsdelen, samt fagnotat for fritidsbustadar og naust i strandsona, som viser til at fritidsbustadar bør trekkast lengre opp på land og ikkje ligge heilt i sjøkanten. Dette er ikkje fulgt opp ved å gå gjennom areal som er sett av i gjeldande KPA, då alle områda er vidareført. Statsforvaltaren har ikkje merkand til at **utbygde og nyleg regulerte områder blir vidareført**, men venter at alle ubygde areal sett av til fritidsbustad i den nære strandsona, inklusiv ubygde areal som ligg innimellom eksisterande bygde fritidsbustader (delvis utbygde fritidsbustadområde), vert teken ut av kommuneplanen. Manglande gjennomgang og vurdering, og som har ført til at desse areala er vidareført i forslag til ny kommuneplan, gir grunnlag for generell **motsegn**.	Planvask	Sjå eigen oversikt			Sjå motsegnsoversikten
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	Naust Planforslaget har nokre nye naustområde som utvidingar av eksisterande eller der det er bygd naust frå før. Det er berre teke inn område som er positivt tilrådd i konsekvensutgreiinga. Dei minner om at kommunen, særleg i strandsona, skal gjennomgå på nytt arealdisponeringa i kommuneplanen, også for vedtekne reguleringsplanar. Manglande gjennomgang av utbyggingsføremål i strandsona, også for naust, gjev grunnlag for generell **motsegn**.	Planvask	Sjå eigen oversikt			Sjå motsegnsoversikten
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	Byggjegrense mot vassdrag Positivt at dette er lagt inn.	Føresegn	Tas til orientering. Ikkje noko å vurdere.			Tas til orientering. Ikkje noko å vurdere.
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	Naturmangfald 365daa av nye utbyggingsføremål kjem i konflikt med registrerte naturtypar, derav 248daa med svært stor/stor verdi i NiN-kartlegging eller svært viktig i DN-håndbok 13. Dette gjeld i hovudsak endringa frå LNF til Næring ved Hovlandshagen. Dei legg til grunn at den sterkt trua naturtypen "rik open sørleg jordvassmyr" vert tatt omsyn til i framtidig reguleringsplan for området.	Areal - Føresegn	Kan vurdera å ta dette inn i føresegna.			Arealet er i stor grad tatt ut etter motsegn frå fylkeskommunen. Vidareført noko areal i sjø, men ingenting på land. Derfor ikkje aktuelt med noko presisering i føresegnene på dette
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	Naturmangfald Peiker på nokre konkrete område der det er konflikt mellom naturtypar og føremål og der omsynssone i kommuneplanen er venta at vert endra/retta. Viser til at dette er døme og at kommunen må sjå over om dette gjeld andre steder også. Finn grunnlag for generell **motsegn** til manglande gjennomgang av eksisterande utbyggingsareal med vurdering opp mor tilgjengeleg kunnskap om naturmangfald og dertil tilstrekkeleg omsyn til verdifullt naturmangfald av nasjonal interesse.	Planvask	Sjå eigen oversikt			Sjå motsegnsoversikten
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	Akvakultur/sjøområda Har ikkje vesentlege merknadar til justering av eksisterande arealføremål for å tilpasse til godkjent anleggsplassering. Endringar som gjeld utviding av anlegg som ikkje er i bruk, eller utover det arealet som det behov for i dag etter gjeldande løyve, er svært uheldig og gir grunnlag for **motsegn**. Gjeld t.d. AKV16. Eksisterande AKV15, vil også kunne kome i konflikt med andre verdiar og interesser og bør takast ut av planen. Det er ikkje tilråeleg med nye areal for akvakultur.	Areal - AK	Sjå eigen oversikt			Sjå motsegnsoversikten
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	Akvakultur/sjøområda Manglande rammer, som må liggje til grunn i kommuneplan for best mogleg å sikre omsyn til naturmangfald og miljø, gir grunnlag for **motsegn**. Det er viktig med gode og klare føresegner for berekraftig bruk av sjøareala, som sikrar at avsett areal berre kan takast i bruk til miljømessig berekraftige tiltak. Dei føreslår følgjande tekst: «Planen opnar ikkje for tiltak som kan forverre miljøtilstand i resipient/vassførekomst, og som kan redusere bestandstilstanden til vill anadrom fisk (laks og sjøaure), jf. pbl. §§11-9 nr.6, vassforskrifta §§ 4 og 12, lakse- og innlandsfiskelova §§ 1, 2 og 7, naturmangfaldslova §§ 4, 5 og 13 (jamfør kvalitetsnorm for villaks). Tiltak kan heller ikkje vere til hinder for å nå miljømåla.»	Føresegn	Sjå eigen oversikt			Sjå motsegnsoversikten
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	Akvakultur/sjøområda Det er viktig at areal for fortøyingar til akvakulturanlegga vert vist i plankartet og det bør bli brukt kombinert føremål der fortøyingar inngår med tilhøyrande føresegn.	Areal - AK				Dette er ikkje endra etter 1.høyring

Journalpost	Innsendar	Dato	Samandrag av merknadar/motsegner	Tema	Siling 1	Siling 2	Siling 3	Konklusjon/løysing
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	Akvakultur/sjøområda Finn grunnlag for **motsegn** når det gjeld vidareføring av akvakulturområde på land ved **Eidesneset/Vespestadvåge**n (AKV99). Det er kome innspel til både bustad og næring i same område, som har negativ tilråing i konsekvensutgreiinga, og dette er overførbart og til gjeldande arealføremål.	Areal - AK	Sjå eigen oversikt			Sjå motsegnsoversikten
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	Akvakultur/sjøområda Eksisterande akvakulturområde, AKV88, innanfor forslag til verneområde for «Roaldsfjorden, Vikaneset og øyar i Bømlo», **vest for Vestre Søløya** må ut av kommuneplanen. Dette området er ikkje realisert, og kjem i konflikt med viktige naturverdiar. Vidareføring gjev grunnlag for **motsegn**.	Areal - AK	Sjå eigen oversikt			Sjå motsegnsoversikten
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	Akvakultur/sjøområda AK-område aust for **Upsøya må** justerast slik at det ikkje kjem i konflikt med forslag til vernegrense for «Roaldsfjorden, Vikaneset og øyar i Bømlo». Vurderer at dette ikkje vil kome i konflikt med eksisterande AK-anlegg.	Areal - AK	Sjå eigen oversikt			Sjå motsegnsoversikten
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	Akvakultur/sjøområda Areal for råstoffutvinning innan for forslag til verneområde i same område, RU7, RU8 og RU6 må også ut av kommuneplanen av omsyn til naturverdiar slik at ein sikrar avvikling av aktivitet på sikt. Vidareføring gjev grunnlag for **motsegn**.	Areal - Råstoffutvinning	Sjå eigen oversikt			Sjå motsegnsoversikten
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	Landbruk,/LNF Kommunen må ha ein kritisk gjennomgang av planforslaget med sikte på å redusere nedbygginga av dyrka mark. Kan ikkje ta stilling til framlegget om nye byggjeområde i kommuneplanen ut frå jordverninteresser før desse vurderingane er gjort. Samla sett kan ikkje Statsforvaltaren sjå at planen er tilstrekkeleg opplyst til at kommunen kan oppfylle forvaltningsansvaret sitt for jordvernet. Planforslaget vidarefører eit nedbyggingsmønster og eit nedbyggingspotensiale for dyrka mark som er klart i strid med det innskjerpa, nasjonale jordvernmålet. Dette gjev grunnlag for **motsegn**. Peiker på områder dei har merka seg som døme som kan være aktuelle å gjere ny vurdering og prioritering av, sjå punktlise side 16-17 i oversendt brev.	Planvask	Sjå eigen oversikt			Sjå motsegnsoversikten
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	LNF spreidd bustad Peiker på at det er opna for om lag 200 nye einingar fordel på ca. 100 ulike areal for LNF-spreidd og at dette ikkje samsvarer med det faktiske behovet i planperioden, og areala må gjennomgåast. At eksisterande LNF-spreidd område er justert og tilpassa for utbygd situasjon har har dei ikkje andre merknader til enn at LNFspreidd- område skal vere reelt spreidd utbygde, elles er bustad rett føremål.	Areal			Me bør ta ein runde til for å vurdere om det er fleire spreidd områder som bør endrast til bustad.	Det er sett litt på om areal heller burde være bustad i samband med planvasken, men det er ikkje gjennomfør eigen runde på dette. Areala er redusert i samband med planvask. Det er elles gjort endringar i føresegnene angåande utbygging i LNF-spreidd.
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	LNF spreidd bustad Ser det i føresegnene er krav om at det ikkje kan verte frådelt eller utført tiltak på dyrka eller dyrkbar mark, samanhengande innmarksbeite, samanhengande skogområde av høg bonitet eller myrområde, noko som er positivt. At frådeling eller tiltak ikkje skal føre til vesentleg ulempe for landbruket, er noko vanskelegare å vurdere, og vert nokså skjønsmessig. Det same gjeld omgrepet «samanhengande», som kan slå ut uheldig. Sjølv om ikkje frådelinga/utbygginga kjem på registrerte landbruksverdiar, kan det likevel fragmentere eller grense opp mot landbruksdrift og skape konflikt. Dette er også viktig for kommunen å vurdere i eit overordna bilete. Store LNF spreidd-område, gjerne nær sentra og med stadig nye «kvotar» for bygging er også eit svært negativt signal til grunneigarar som skal oppretthalde driveplikt og vurderer generasjonsskifte.	Føresegn	Merknad til føresegner	Merknad til føresegner		Det er gjort endringar i føresegner og retningslinjer for teljing i LNF-spreidd. Areala er og redusert gjennom planvask.
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	LNF spreidd bustad Minner om at det i område for spreidd utbygging skal vere stor nok avstand mellom eksisterande og nye einingar til at landbruks-, friluftsliv- eller naturområda, vert drivverdig, funksjonelt og framtidsretta. Viser også til rettleiar til LNF-spreidd frå departementet frå mai 2020 der departementet presiserer at dersom ein skal kunne gå direkte frå kommuneplan til byggesak er føresetnaden at: «alle nødvendige overordnete avklaringer er gjort i vedtaket av arealdelen (i kommuneplanen). I byggesaken skal det kun gjenstå den detaljerte vurderingen av det omsøkte tiltaket på byggetomten, og dokumenteres at tiltaket er innenfor de rammer kommuneplanen og aktuelle sektormyndigheter har fastsatt».	Vurderingstema/plangrunnlag			Sjåast saman med motsegna frå NVE.	Det er gjennomført planvask og føresegnene til LNF-spreidd er endra.
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	LNF spreidd bustad Tal einingar skal reknast i høve bygging og ikkje frådelte tomtar. Dette er ikkje rett måte å rekne på. Frådelte tomtar må også reknast inn når søknad om frådeling kjem. Har forståing for at kvoten i fleire tilfelle vert full ved søknadar om frådeling utan at det kjem søknad om bygging, men det er likevel ikkje råd å telje på denne måten.	Føresegn	Merknad til føresegner	Merknad til føresegner		Det er gjort endringar i føresegner og retningslinjer for teljing i LNF-spreidd.

Journalpost	Innsendar	Dato	Samandrag av merknadar/motsegner	Tema	Siling 1	Siling 2	Siling 3	Konklusjon/løysing
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	Næring Har forståing for at kommunen ønskjer å satse på næringsutvikling i eksisterande områder deriblandt i Langevåg. Det nye arealet til utvidinga av Hovlandshagen kjem i konflikt med verdifull natur, jf. konsekvensutgreiinga. Arealet som vart spelt inn er redusert som følgje av dette. Meiner det er eit godt plangrep av kommunen å tydlegjere kva som er naust til kystfiske gjennom å vise desse som *næringsføremål, kystfiske* , i plankartet. Nye større areal for steinuttak/steinbrot/masseuttak/deponi i tilknyting til eksisterande verksemd på Ersland vil også leggje til rette for utvikling av næringsverksemd i eit allereie påverka område. Det er likevel viktig at utvida verksemd/eksisterande verksemd her vert i tråd med ressurspyramiden.	Areal	Tas til orientering.			Tas til orientering.
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	Fritids- og turistføremål Rår til at FTU20 vert ytlegare justert for å ikkje råke verdifull jordvassmyr (trua naturtype). Det blir og stilt spørsmål ved tilkomst til området. Viser elles til motsegn med tanke på "planvask".	Areal				Gjennomført ny/revidert KU etter justert innspel frå grunneigar. Politisk lagt inn i samsvar med innspelet på tross av fagleg tilråding.
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	Massebehandling Sakner vurdering av massar særskilt. Behovet for areal til handsaming, lagring og disponering av massar, og kva plangrep ein kan gjere for å redusere masseoverskot og sikre betre massebalanse Det bør vere føresegn om dette i kommuneplanen, og også krav om massehandteringsplan (sjå tema under om føresegn). Vurderingar av konsekvensar for klima, naturmangfald, forureining og transport er også viktige koplingar til dette tema. Vi er ikkje kjend med om kommunen har lagd til rette for godkjent stad for deponi/mellomlager, slik føresegnene 2.5.4 viser til.	Føresegn	Merknad til føresegner	Merknad til føresegner		Føresegnene om massebehandling er endra
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	Samfunnstryggleik og beredskap/ROS-analyse Det er ein del manglar i dokumentet "Konsekvensutgreiing og ROS-analyse - arealendringar". Dei saknar meir utfyllande informasjon om: - Det metodiske grunnlaget inklusive gjennomgang og grunngjeving for val av akseptkriteria - Kva kvalitetskrav og kunnskapsgrunnlag som er lagt til grunn for arbeidet med ROS-analysen inklusive t.d. skildring av prosess og medverknad - Samla referanseliste, og i tillegg er mange av referansane oppgjeve i den fortløpande teksten for generelle, medan andre er gamle misvisande. Vidare er det ei rekke andre relevante kjelder som burde vore nytta og nemt i arbeidet. Viser til kapittel 3 og 4 i DSBs rettleiar "Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging" for meir informasjon. Har notert seg at verksemdrelatert risiko og sårbarheit ikkje er vurdert, det same gjeld viljestyrte hendingar. Dersom det er vurdert til å ikkje være relevant bør det likevel verte nemnd og grunngjeve. Minner om at reell fare/sårbarheit skal være avklart på siste plannivå. Viser til føresegn 2.5.2 og kap 4.1, "Overordna konsekvensutgreiing og Ros-analyse" pkt 7.2.3., KU-light. Det er nye områder sett av til utbygging utan plankrav der dette ikkje er ivaretatt. Desse tilhøva gjev grunnlag for **motsegn**.	KU/ROS, plankrav, føresegn	Sjå eigen oversikt			Sjå motsegnsoversikten
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	Samfunnstryggleik og beredskap/ROS-analyse Viser til at Norsk klimaservicesenter har lansert ein ny rapport om havnivåstigning i april 2024, og direktoratet som samfunnsikkerhet og beredskap kjem med ny rettleiar til kommunane før sommaren 2024. Høgalternativet for Vestlandet kan fram mot 2100 ligge opp mot 2 meter. Dette må kommunane begynne å ta inn over seg i planleggingа, spesielt i arealplanleggingа.	Føresegn	Merknad til føresegner	Merknad til føresegner		Føresegnene rundt havnivå er endra
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	Føresegnene inneheld mykje som er attgjeving av lov og informasjon. Mange av desse føresegnene skulle vært retningsliner/informasjon. Det er riktig gjort mange stader i dokumentet, men det er generelt trong for ein gjennomgang av kva som skal vere føresegner, retningsliner og informasjon.	Føresegn	Merknad til føresegner	Merknad til føresegner		Føresegnene er gjennomgått i sin heilhet og det er gjort mykje endringar for å rette opp i dokumentet.
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	Føresegnene må vere tilstrekkeleg klare og konsise. Dersom planen og føresegnene ikkje er klare nok, gir det grunnlag for **motsegn**. Det er teke inn mange vurderingstema som ikkje er presise og klare kriterium. Desse må skiftast ut.	Føresegn	Sjå eigen oversikt			Sjå motsegnsoversikten
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	Føresegn 2.1.1 Tilhøve til eksisterande planar, Pkt. 1. Peikar på at føresegna er unødvendig, men kan vere opplysande som retningsline. Viser elles til motsegn med tanke på "planvask".	Føresegn	Merknad til føresegner	Merknad til føresegner		Føresegna er tatt ut
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	Føresegn 2.1.1 Tilhøve til eksisterande planar, Pkt. 2. Pbl. § 12-4 femte ledd gjeld revisjon for meir enn dei nasjonale og regionale interessene. Det er ei plikt å sjå til at det vert gjort. Ønsker å diskutere nærare kva kommunen her ønskjer å fastsette, samstundes som kommunen ikkje kan innskrenke innhaldet i lova.	Føresegn	Merknad til føresegner	Merknad til føresegner		Føresegna er tatt ut

Journalpost	Innsendar	Dato	Samandrag av merknadar/motsegner	Tema	Siling 1	Siling 2	Siling 3	Konklusjon/løysing
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	Føresegn 2.1.2 Plankrav For område med føresegnsområde # 1 og pkt. 5.2 og vedlegg 1: Det er områder som ikkje har plankrav i plankartet, og som openbart må ha det. Dette viser at område med plankrav er mangelfulle. Det er vanskeleg å sjå kva for område som har plankrav og ikkje. Metoden lar seg ikkje praktisere for medverknad til planprosessen. I alle tilfelle må det bli lagt inn plankrav for mange fleire område og som gåast igjennom i detalj. Det gjeld også for tiltak som det går fram av føresegna ikkje har plankrav. Slik det no står gjev det grunnlag for **motsegn**. For resten av pkt. 2.1.2 og pbl. § 12-1, 2. og 3. ledd: Føresegnene skal ikkje berre gi att ordlyd i lova, men må eventuelt konkretisere dette. Det byggjer for mykje på skjønn kva som går inn under lova, kva som er større anlegg, kva som har vesentlege verknader. Dette er ikkje egna som innhald og ordlyd i planføresegna. I staden må kommunen vere konkrete og klår for kva som har plankrav. Meiner at kravet om plan i utgangspunktet må vere både konkret og omfattande. Kommunen rammer så inn plankravet med nokre unntak. Plankravet må gjelde frå første eining. Retningslina **må** endrast og gjerast til føresegn.	Plankrav, Føresegn	Sjå eigen oversikt			Sjå motsegnsoversikten
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	Føresegn 2.1.3 Unntak frå plankrav Kva er «av mindre betydning for miljø og samfunn»? Andre setning er både vag og uklar, og må endrast. Fleire av døma er til føresegner i lova og er tilstrekkeleg avklara. Pkt. e om utlegging av flytebrygge kan ikkje vere eit generelt unntak frå plan. Det opnar for flytebrygge ved alle eksisterande kaier. Dette gjev grunnlag for **motsegn**. Meiner at retningsliner for unntak frå plankrav bør takast heilt ut. Denne typen retningsliner høyrar meir heime i ein form for intern sjekkliste som kommunen kan nytte i enkeltsaker, men ikkje i føresegnene til kommuneplanen. Spørsmålet om plankrav heng saman med dei interessene som konkret vil vere i den einskilde saka og forholdet til anna i området. Det er heilt konkrete vurderingar som det er vanskeleg å lage generelle reglar for.	Føresegn	Sjå eigen oversikt			Sjå motsegnsoversikten
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	Føresegn 2.1.4 Generelt om reguleringsplanarbeid Framstår som generell informasjon, som ikkje høyrar heime i føresegnene til kommuneplanen. Rår til å ta heile denne føresegna/retningslinene ut.	Føresegn	Merknad til føresegner	Merknad til føresegner		Føresegna er tatt ut
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	Føresegn 2.2.1 Rekkefølgjekrav Pkt. 2. Saknar at leikeareal med utstyr er særskild nemnd.	Føresegn	Merknad til føresegner	Merknad til føresegner		Føresegnene til rekkjefølgekrav er endra og gjort meir generelle.
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	Føresegn 2.3.1 Byggjegrenser Pkt. 2. Det er ikkje råd å gjere generelt unntak frå leidningar, kablar og røyr for teknisk infrastruktur utanfor byggjegrensa i strandsona. Det kan vere svært ulik dimensjon på slike tiltak, og slike tiltak må handsamast særskilt. Generelt unntak gjev grunnlag for **motsegn**.	Føresegn	Sjå eigen oversikt			Sjå motsegnsoversikten
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	Føresegn 2.3.2 Byggegrense til sjø, pkt 1 Viser til motsegn til sett byggjegrense.	Føresegn	Merknad til føresegner	Merknad til føresegner		Byggjegrensa er revidert etter høyringa. Punktet i føresegna er skreve om noko, men har same innhald.
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	Føresegn 2.3.2 Byggegrense til sjø, pkt 2. Unntaka lista i denne føresegna opnar for vesentleg motstrid med omsyna bak byggjegrense mot sjø etter lova, og gir grunnlag for **motsegn**. Det same gjeld for retningsline pkt. b.	Føresegn	Sjå eigen oversikt			Sjå motsegnsoversikten
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	Føresegn 2.4.1 Senterstruktur og lokalisering av handel og besøksintensive verksemder Rår kommunen til å jobbe meir med særleg pkt. 7 i det som skal vere felles føresegner. Det er uklart kva kommunen meiner med «utanfor definert senter»; dei som ikkje er definert i kart? Eller kor som helst i kommunen? Rår kommunen til å definere alle sentra i kartet for at kart og føresegn skal henge meir saman.	Føresegn	Merknad til føresegner	Merknad til føresegner		Det er gjort endringar i føresegner og plankart rundt sentrumsområda.
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	Føresegn 2.4.2 og 2.4.4 Uteopphaldsareal Må ta inn føresegn om erstatningsareal, jf. ordlyd i rikspolitisk retningsline for born i planlegging pkt. 5 d. Å ikkje gjere dette gjev grunnlag for **motsegn**. Kvalitetskrav: 2 meter breidde er uansett for smalt for eit ute-/leikeareal.	Føresegn	Sjå eigen oversikt			Sjå motsegnsoversikten
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	Føresegn 2.4.7 Parkering Fleire av retningslinene skal vere føresegner, i alle tilfelle pkt. c og delar av pkt. d. Dette må kommunen endre. Det må vere eit skal-krav, som føresegn, at parkering blir plassert bort frå sjø.	Føresegn	Merknad til føresegner	Merknad til føresegner		Det er gjort endringar i føresegner og retningslinjer for parkering.
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	Føresegn 2.4.8 Klima, energi og tekniske anlegg Pkt. 10 og 11 er unødvendige fordi dette vert regulert av anna regelverk. Kommunen kan velje å ha desse med som retningsliner, men ikkje som føresegn.	Føresegn	Merknad til føresegner	Merknad til føresegner		Er endra til retningslinje
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	Føresegn 2.5.3 Miljøkvalitet For at retningsliner for planlegging skal få juridisk verknad i planar, **må** dei takast inn i føresegnene, ikkje berre visast til. Vi ber derfor kommunen om å ta inn dei tabellane det er tale om, t.d. for støygrensene i T-1442, og kvalitetskriterium. Retningslinene har her karakter av føresegner. Unntak for pkt. c, denne er det også spørsmål om har heimel i pbl.	Føresegn	Sjå eigen oversikt			Sjå motsegnsoversikten
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	Føresegn 2.5.4 Massebehandling Saknar krav om massehandteringsplan for planar eller prosjekt med masseoverskot på over 1000 m3. Det bør verte lagt til retningsliner som mellom anna viser til at dyrka eller dyrkbar mark ikkje skal nyttast som anlegg for å ta imot overskotsmassar. Massar til bruk i bakkeplanering/utbetring av jordbruk skal vere reine og ikkje kome frå ulike kjelder.	Føresegn	Merknad til føresegner	Merknad til føresegner		Føresegna er endra og det er lagt til retningslinjer

Journalpost	Innsendar	Dato	Samandrag av merknadar/motsegner	Tema	Siling 1	Siling 2	Siling 3	Konklusjon/løysing
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	Føresegn 3.1.1 Bustader Når kommunen til å definere bustadeining til at det berre skal vere ei eining (ikkje utleigedel?). Elles blir det lett to einingar. Må definerast, m.a. for einebustader.	Føresegn	Merknad til føresegner	Merknad til føresegner		Det er gjort endringar i føresegnene. Det er no brukt bueining og ikkje bustadeining.
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	Føresegn 3.1.2 Fritidsbustader, Pkt. 2 Sjølv om det står «samla bruksareal» kan det klårgjerast at det er tale om totalt for eigedommen, og at uthus ikkje kjem i tillegg. Dette gjeld fleire stader kor emnet går att.	Føresegn	Merknad til føresegner	Merknad til føresegner		Føresegna er endra
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	Føresegn 3.1.2 Fritidsbustader Fritidsbustader som grenser til sjøkanten skal ikkje, og treng ikkje, vere eige tema, og må uansett vurderast på nytt i kartet, jf. motsegn med tanke på "planvask" og "fritidsbustad".	Føresegn	Merknad til føresegner	Merknad til føresegner		Føresegnene er slått saman. Planvask er gjennomført.
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	Føresegn 3.1.9 Naustområde Det må avklarast i planprosessen kor det skal kunne vere flytebrygger, og om områda kan gå ut i sjø. Føresegnene er for vide for dette og rammer det ikkje tilstrekkeleg inn, og gjev grunnlag for **motsegn**. Dette gjeld særleg pkt. 4, 8 og 9 (utfylling 3 meter ut frå kystkonturen og generelt tillate med flytebryggje uavhengig av byggjegrense). Ein slik praksis kjem i vesentleg konflikt med strandsoneomsyn. Siste setning i kulepunkt 6 om etablering av våtrom må takast ut fordi den opnar for annan bruk enn eit reint naust. Retningslinene må vurderast nærare. Er kritiske til m.a. rehabilitering og oppatt-bygging.	Føresegn	Sjå eigen oversikt			Sjå motsegnsoversikten
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	Føresegn 3.1.10 Småbåtanlegg Påpeiker at dette ikkje er eit eige føremål på kommuneplannivå. Høyrar til under «andre typer bebyggelse og anlegg». Plankart må også rettast etter dette.	Føresegn	Merknad til føresegner	Merknad til føresegner		Det er presisert i føresegnene at dette er under "andre typer bebyggelse og anlegg", tilsvarande som til dømes naust.
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	Føresegn 3.4.1 LNF Pkt. 2 er for vid og går utover rammene i lova for kva som er landbruk og kva som er tilleggsnæring, og med det ikkje primært LNF, men anna næring. Denne føresegna **må** ut. Siste del av føresegna er også ei retningsline.	Føresegn	Sjå eigen oversikt			Sjå motsegnsoversikten
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	Føresegn 3.4.2.1 Felles føresegn for LNF-spreidd bustad, fritidsbustad og næring Pkt. 4 tilsvarande som føresegn 2.4.8 (klima) pkt. 10 og 11. Bør ut. Retningslina: gå igjennom praksis i kommunen om frådelte tomtar og talet på einingar. Det har vore eit problem som må løysast no. Denne retningslina kan vere motstridande.	Føresegn	Merknad til føresegner	Merknad til føresegner		Punkt 4 endra til retningslinje til LNF. Det er gjort endringar i føresegner og retningslinjer for teljing i LNF-spreidd.
843	Mattilsynet	23.08.2024	Har ingen kommentar til fiskehelse/velferd.	Anna	Tas til orientering. Ikkje noko å vurdere.			Tas til orientering. Ikkje noko å vurdere.